Hvis kommunen ønsker å utvikle seg videre på de fokusområdene som Kommunekompasset vurderer, anbefaler KS-K at man i første rekke videreutvikler, forankrer og tar i bruk styringssystemet for helhetlig styring. Dette gjøres ved å etablere en arbeidsmetode for å systematisere den styringsinformasjonen som allerede finnes, med fokus på *resultat og indikatorstyring*. I tillegg bør man hente inn og systematisere brukerperspektivet, innbyggerperspektivet og medarbeiderperspektivet i langt større grad. Det anbefales at denne styringsinformasjonen settes inn i en årshjulstenkning for oppfølging, dialog, evaluering og utvikling basert på bruker-, medarbeider- og innbyggerundersøkelser kombinert med objektiv informasjon om kvalitet og økonomi, slik at kommunen får utviklet seg i et helhetlig styrings- og utviklingsperspektiv. På denne måten kan man få lagt et godt grunnlag for både å utvikle dialogen og samspeillet med innbyggerne, men også for en god prosess sammen med politikerne med planarbeid og tilbakerapportering på hvordan kommunen jobber, hva man prioriterer og hva som leveres av resultater, slik at man ikke bare ser på mengde, men også kvaliteten på de tjenestene som blir levert.

I tillegg bør man sette systematisk fokus på kommunens arbeid med demokrati, deltagelse og serviceperspektivet, da skåren på disse områdene er betydelig under landsgjennomsnittet.

Herøy kommune har et godt grunnlag for å jobbe videre med spennende utvikling siden organisasjonen fremstår som en organisasjon med meget kompetente medarbeidere, ledere og politikere. Lykke til med det videre arbeidet!

KS-Konsulent as
Postboks 1378 Vika
0114 OSLO
www.kskonsulent.no
konsulent@ks.no
24 13 26 00



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2015/1222
		Arkiv:	M42

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
29/17	Formannskapet	28.02.2017
	Kommunestyret	09.03.2017

ENDRING I FORSKRIFT SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

Tilråding:

Herøy kommunestyre godkjenner framlegget til endring av § 6.1 i forskrift for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS som ligg ved saka.

Særutskrift:

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS, Smårisevadet 20, 6065 Ulsteinvik

Vedlegg

1. Forskriftsrevisjon, e-post frå SSR 25.11.2016
2. Revisjon forskrift 2016, endringar i høve gjeldande forskrift og møtebok frå representantskapet R18/16

Uprenta vedlegg:

- Vedtak i Herøy kommunestyre 28.01.2016, K-sak 11/16 der Herøy kommunestyre godkjenner endringar i forskrift for SSR.

Bakgrunn

Representantskapet i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (SSR) ønskjer at kommunane vedtek ein endra § 6.1 som omhandlar standard på køyrevegane. Dette basert m.a. på vedtak i Hareid kommunestyre.

Saksopplysningar

Forskrifta vart ikkje godkjent i Hareid kommunestyre som meinte at forslag til ny § 6.1 om vegtilkomst var for streng. Ordlyden var slik:

§ 6.1: Køyrevegen må ha fri snuplass, kurvatur, stigningstilhøve, breidde på minst 3 meter og styrke til å tåle renovasjonsbilane (minst 8 tonn akseltrykk). I svingane må breidda vere minst 4,5 meter. Vegen må ha fri høgde på minst 4,0 meter, og veg og snuplass må vere brøyta og strødd om vinteren. Eigargar av hagar og eigedom som grensar til offentleg veg/veg der renovasjonsbilane køyrer er pliktige til å skjere vekk hekk, tre og greiner som kan vere til hinder for renovasjonsbilane. Veg som ikkje stettar desse krava kan verte utkutta frå køyreruta. Det same gjeld dersom feilparkerte bilar gjentatte gongar hindrar renovasjonsbilane i å kome fram til abonnentane. Etter vurderingar på stadane kan også køyring på/gjennom leikeplassar verte utkutta av omsyn til borna sin tryggleik. Dersom tryggleiken på staden tilseier det, kan også køyring på eller gjennom parkeringsplassar, offentlege plassar eller torg, bli nekta.

Representantskapet har i møte 17.11.2016, sak R18/16 gjort vedtak om ein litt endra tekst for § 6.1 med denne ordlyd:

§ 6.1: Køyrevegane må ha fri snuplass, kurvatur / svingbreidde, fri høgde, stigningstilhøve, vegbreidde og styrke til å tåle renovasjonsbilane som blir nytta. Vegar og snuplassar må vere brøyta og strødde om vinteren. Eigargar av hagar og eigedom som grensar til offentleg veg/veg der renovasjonsbilane køyrer, er pliktige til å skjere vekk hekk, tre og greiner som kan vere til hinder for renovasjonsbilane. Veg som ikkje stettar desse krava kan, etter varsling på førehand, verte utkutta frå køyreruta. Det same gjeld dersom feilparkerte bilar gjentatte gongar hindrar renovasjonsbilane i å kome fram til abonnentane. Etter vurderingar på stadane kan også køyring på/gjennom leikeplassar verte utkutta av omsyn til borna sin tryggleik. Dersom tryggleiken på staden tilseier det, kan også køyring på eller gjennom parkeringsplassar, offentlege plassar eller torg, bli nekta.

For Herøy kommune sin del er det i denne sakshandsaminga berre paragraf 6.1 som treng vurderast og handsamast då resten av forskriftsteksten vart godkjent i kommunestyret den 28.01.2016 i K-sak 11/16.

Vurderingar og konklusjon:

Sett frå administrasjonen si side har endringane som er forslått minimal konsekvens for Herøy kommune si renovasjonsordning. I framlegget er minstekrav til vegbreidde og høgde tekne vekk. For ein skilde veigarar kan dette vere ein fordel. Framlegget inneber også at om SSR finn at vegstandarden ikkje stettar krava i forskrifta og dermed vil slutte å køyre på ein veg, skal dette varslast om på førehand. Sidan kommunestyret allereie har godkjent ein ordlyd med litt strammare krav enn det som no vert rådd til frå SSR, bør saka vere kurant for Herøy sin del.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen særskilde, men ei godt fungerande renovasjonsordning er viktig for både folkehelse og miljø.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Ingen for kommunen og små for abonnentane.

Fosnavåg, 20.01.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge

Fra: Einar Heimdal [<mailto:einar@reinhaldsverket.no>]

Sendt: 25. november 2016 15:28

Til: Jarl Martin Møller; Jon Rune Våge; Olaus-Jon Kopperstad; Arne Runar Vik; Harald Øvereng; Verner Larsen; Kai-Rune Bjørke; Lars Hustad; Ragnhild Velsvik Berge; Oddbjørn Indregård; Kjell Martin Vikene; Asle Giske

Kopi: Arnulf Goksøy; Knut Erik Engh; Knut Erik Engh (knutengh@hotmail.com); Anders Riise; Kjetil Nasset; Dag Vaagen; George Fulford (fulford@fpadvokat.no)

Emne: SSR - Forskriftsrevisjon

Hei !

Vi har hatt ute revisjonen av forskrifta for SSR ei stund. Statusen er følgande:

- Forskrifta er vedtatt i Herøy og Ulstein
- Saka er utsett i Hareid p.g.a. § 6.1 (krav til køyreveg)
- Saka har ikkje vore oppe i kommunestyret i Sande

Med bakgrunn i nemnde § 6.1, vart saka tatt opp at i SSR sitt representantskap forrige veke(17/11-2016, sak R18/16). Der vart det vedtatt ny tekst i denne paragrafen, og dermed skulle den vere klar til å kunne gå gjennom der den ikkje er vedtatt enno. Hareid kommunestyre nemnde også i utsettingsvedtaket sitt, at dei ønskte eit teksttillegg om «oppretting av renovasjonsstasjonar på høvelege plassar til fritidsbustadar». Dette punktet er ikkje nødvendig å ta inn i forskrifta p.g.a. at det er noko som SSR jobbar kontinuerlig med å finne gode løysingar på. Vi har hatt nokre utfordringar med dette enkelte plassar, men det er ikkje av forskriftsmessig karakter.

Kommunane kan velge to måtar å ta saka opp att på:

- 1) Herøy og Ulstein kan ta kun den endra paragrafen (§ 6.1) og vedta endringa eller vedta heile forskrifta på nytt. Det kan kommunane sjølvstilt sjølve bestemme.
- 2) Hareid og Sande må ta saka opp på nytt (heile forskrifta).

Vedlagt finn de oppdatert forskrift etter vedtaket i representantskapet (inkl. eitt ark først som syner endringane). I tillegg er møteboka i representantskapet vedlagt. Denne forklarar litt om saksgangen, grunnen til endringa, etc.

Vonleg kan vi få vedtatt forskrifta i kommunestyra før jul.

Ta gjerne kontakt med underteikna dersom de lurar på noko.

Ha ei flott helg!

Med helsing
Einar Heimdal
SSR

Revisjon forskrift 2016

Endringar i forhold til gjeldande forskrift:

Mindre ordrettingar, oppdateringar og presiseringar er ikkje nemnde nedanfor (inkl. datoar og iverksettingsdato i innleiinga).

§ 2.3: Gjeld fritidseigedomar. Etter mykje støy rundt punkta om innlagt vatn, kloakk og straum, er desse no fjerna. Kravet om at huset eller hytta skal vere over 35 m² bta, er også fjerna – av same årsak som nemnt ovanfor.

§ 3,4: Kvartal er endra til betalingsperiode for å samsvare med gjeldande faktureringsperioder og mulege framtidige endringar i desse.

§ 3.5: (Ny §). Etter mal frå VØR si forskrift § 12. Dette avsnittet er tatt inn for å få forskriftsfesta eit arbeidskrevande område for selskapet.

§ 4.1: Lagt til nedgravde løysingar.

§ 4.5: Lagt til SMS og SSR sin renovasjonsapp.

§ 6.1: Lagt til køyring på eller gjennom parkeringsplassar, offentlege plassar eller torg. Dersom tryggleiken på staden tilseier det, kan det nektast å køyre der.

§§ 6.1 og 6.2: Kommune- fylkes- eller riksvegar er ordmessig erstatta med offentlege vegar og standardgodkjende køyrevegar. I tillegg har ein tatt bort krav som gjer forskrifta vanskeleg å tilpasse til lokale forhold.

§ 7.3: Oppdatert informasjon, inkl. isopor (EPS).

§ 7.4: Endringar kan gjerast i hente- og bringeordningar utan å endre forskrifta.

§ 10.2: Prisdifferensiering etter vekt og avfallstype er endra til prisar.

§ 10.6: Kommune- fylkes- og riksvegar er ordmessig erstatta med offentlege vegar og standardgodkjende køyrevegar.

§ 10.9: Pluss vektpris er fjerna + at det er føretatt litt tekstpresiseringar.

Kommunal forskrift

for

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS (SSR)

sitt arbeid i kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein

Denne forskrifta erstattar tidlegare forskrift for SSR frå 2010.

Forskrifta er vedteke med likelydande vedtak i kommunestyra:

- Hareid, x/x-2015, k-sak nr. xx/2015
- Herøy, x/x-2015, k-sak nr. xx/2015
- Sande, x/x-2015, k-sak nr. xx/2015
- Ulstein, x/x-2015, k-sak nr. x/2015

Forskrifta er vedteke med heimel i Forureiningslova av 13. mars 1981 nr. 6. med seinare endringar, og spesielt i høve til §§ 26 (kommunal tøming av slam frå slamavskiljarar, etc.), 27 (definisjonar av avfall), 30 (kommunal innsamling av forbruksavfall), 31 (handtering av spesialavfall), 33 (gjenvinning og anna handsaming av avfall), 34 (avfallsgebyr), 79 (straffeansvar for ulovleg handtering av avfall), 83 (delegasjon av myndigheit lagt til kommunen eller fylkeskommunen, inkl. interkommunale selskap) og 85 (tilhøvet til forvaltingslova).

Forskrifta er vedteke å gjelde frå 1. januar 2017.

Kapittel 1:

§ 1 FORMÅL

§ 1.1: Forskrifta har som formål å sikre ei miljømessig og økonomisk forsvarleg innsamling, transport og slutthandsaming av avfall frå hushaldningane i SSR sine eigarkommunar. I dette ligg også at ein skal arbeide for avfallsreduksjon og legge til rette for gjenvinning gjennom kjeldesortering. Forskrifta er ikkje til hinder for at SSR også kan arbeide med andre miljøtiltak i SSR sine eigarkommunar. Slike miljøtiltak skal ha samanhang med hushaldningar og deira behov, eller at kommunane vert samde om tiltak og prosjekt som i hovudsak rettar seg mot hushaldningar og kan styrast i regi av SSR.

§ 2 OMFANG AV RENOVASJONSORDNINGA

§ 2.1: Renovasjonsordninga gjeld for kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein. Alle huseigarar, festarar og leigebuarar er pliktige å vere med i den fastsette ordninga for renovasjon. Renovasjonsordninga gjeld også for fritidseigedomar. SSR har ansvaret for all innsamling av hushaldningsavfall på vegne av kommunane. Ingen andre aktørar eller privatpersonar kan samle inn slikt avfall utan skriftleg løyve frå SSR.

§ 2.2: Eigedomar som er permanent fråflytta og eigedomar utan bygg fell utanfor renovasjonsordninga. Eigarar av eigedomar og bueningar som står midlertidig tomme kan etter skriftleg søknad få inntil to års fritak for renovasjonsgebyr eller dei kan få redusert

fastgebyr for kortare perioder. For oppstart av kvilande abonnement vert det ilagt eit oppstartsgebyr.

§ 2.3: Alle fritidseigedomar med hus eller hytte på eigedomen skal omfattast av renovasjonsordninga. Fritidseigedomar må kommunikasjonsmessig vere alminneleg tilgjengelege for å inngå i ordninga. Eigarane kan velge om dei vil ha ei ordning med dunkar eller sekkeløysing. For å få ein eigedom registrert som fritidseigedom i SSR sitt system vert det kravd at eigedomen er registrert i det offentlege eigedomsregisteret / matrikkelen som ein fritidseigedom.

§ 3 ANSVAR FOR RENOVASJONGEBYR

§ 3.1: Alle husstandar skal, gjennom huseigar, betale renovasjonsgebyr. Grunnregelen er at det skal vere eit abonnement for kvart sjølvstendig kjøkken/kvar leiligheit på ein eigedom. Dette gjeld sjølv om to eller fleire husstandar nyttar same avfallsdunk. Eigar av eigedomen er ansvarleg for at dette blir gjennomført etter gjeldande forskrift.

§ 3.2: Etikettane som kvar dunk får påklistra, vert printa ut på gards- og bruksnummer. Den som til ei kvar tid er eigar av den aktuelle eigedomen er ansvarleg for dei pliktene dette fører med seg i høve til innsamlinga av avfall.

§ 3.3: Det er, kun med eitt unntak, alltid eigaren som er ansvarleg for å betale renovasjonsgebyra. Unntaket er bortfest grunn, der festaren svarar for gebyra. Særreglane i høve til dette er at ved dødsbo går gebyrkrava til bustyrar eller arving som har ansvaret for dei økonomiske krava den aktuelle eigedomen heftar for, i uskifta bu går krava til den som sit i uskifte (gjenverande ektefelle), ved konkurs går krava til oppnemnd bustyrar og ved skilsmisse vil krava gå til den som sit att med eigedomen. SSR må utan opphald få beskjed om endringar i eigedomstilhøva slik at ein kan sende krav dit dei høyrer heime. Hovudregelen er at SSR sender ut ein faktura per eigedom. Ein kan likevel ha fleire abonnement per eigedom. Det er alltid huseigar sitt ansvar at endringar i abonnement vert meldt inn til SSR.

§ 3.4: Eit abonnement er aktivt heilt til SSR tek mot skriftleg oppseiing eller skriftleg endringsmelding. Ved endringar i eigedomstilhøve blir ikkje innbetalt fastgebyr refundert før frå neste betalingsperiode. M.a.o. blir ikkje gebyr frå påstarta betalingsperiode refundert. Ved endringar i ei betalingsperiode må gamal og ny eigar ordne opp seg i mellom.

§ 3.5: Dersom det viser seg at ein eigar ikkje har meldt frå om endringar som medfører nytt gebyr eller tillegg i gebyret, kan eigaren påleggast å betale gebyr for inntil to år tilbake frå datoen for at tilhøvet vart registrert eller oppdaga. Eigar sin dokumentasjon vil i slike tilfeller bli vektlagt ved fastsetting av tidspunktet for gebyrplikt.

Kapittel 2:

§ 4 INNSAMLING OG OPPBEVARING AV HUSHALDNINGSAVFALLET

§ 4.1: For innsamling av hushaldningsavfallet skal det som hovudregel nyttast dunkar tildelt av SSR. I heilt spesielle tilfelle kan SSR gje ein abonnent løyve til å nytte sekk. I ein del tilfelle kan også SSR pålegge ein abonnent å nytte sekk i staden for dunk. Desse sekkane må, på same måte som dunkane, samlast på avtalt oppsamlingsplass før kl. 07.30 hentedagen. Sekkane må ha den fargen som gjeld for det aktuelle året. Der ordninga er på plass, kan abonnentar påleggast å nytte nedgravde løysingar i staden for dunkar eller sekkar.

§ 4.2: SSR kjøper inn, leverer ut og eig avfallsdunkane. Det er ikkje høve til å nytte andre dunkar enn SSR sine. Ved skade eller når det elles skulle vere naudsynt, vil SSR skifte ut dunkar. Kvar einskild dunk er registrert på den einskilde eigedommen og må ikkje flyttast der i frå utan etter avtale med SSR.

§ 4.3: Kvar eigedom skal ha ei forsvarleg oppbevaring av bosset. Huseigarane skal syte for reinhald av dunken, og for naudsynt sikring mot ver og vind og mot at uvedkomande misbrukar eller stel dunken. SSR eig dunkane medan huseigarane sitt ansvar er å ta godt vare på det utlånte utstyret.

§ 4.4: Det er ikkje lovleg å kaste frå seg hushaldningsavfall ved SSR sine anlegg eller kaste avfall i komprimatoranlegget (sjakta) utan løyve, jfr. § 2, første avsnitt og § 10.

§ 4.5: Hushaldningsavfallet vert henta etter oppsette ruter. Endringar vil vanlegvis bli kunngjort på SSR sine heimesider, via SMS eller via selskapet sin renovasjonsapp, og einskilde gongar også i lokalavisene. Mindre ruteendringar og endra køyremønster kan forekomme utan varsel, til dømes på grunn av vegarbeid og innstilte fergeruter.

§ 5 KRAV TIL ABONNENTAR VED INNSAMLING AV HUSHALDNINGS-AVFALL

§ 5.1: På tømmedag skal dunken plasserast ved avtalt køyreveg eller samleplass. Dunken skal sikrast slik at den ikkje veltar og avfallet flyt utover. Dunkane skal heller ikkje vere fullare enn at lokket går igjen på vanleg måte. SSR kan pålegge abonnentane å få ein større dunk ved gjentatt overfylling. Det er vidare abonnenten sitt ansvar at avfallet ikkje er fastfrose i dunken vinterstid. Abbonenten har også ansvar for opprydding av avfall som vert dratt utover av dyr og fugl ved for dårleg sikring. Eventuelt søl frå sjølve tøminga skal fjernast av renovatøren. Skarpe ting som kan skade renovatørane, må pakkast særleg godt inn før dei vert lagde i dunken. Farleg avfall må ikkje leverast inn i dunkane. Farleg avfall kan t.d. vere eksplosiver, sjølvtennande stoff eller væsker, olje og varm oske. Stein og jord må heller ikkje leggest i dunkane. For å ha krav på henting må abonnenten ha sett fram dunken innan kl. 07.30 på tømmedagen.

§ 5.2: Dunkar som ikkje er klargjort for henting har SSR høve til å sette att. Ved forureining av avfallsfraksjonar kan SSR ilegge abonnenten eit straffegebyr. I tillegg kan abonnentar få dunkar inndratt etter advarsel om at dette kan skje. Eksempel på slik forureining kan vere matavfall, papirbleier eller hageavfall i papirdunken.

§ 6 KRAV TIL KØYREVEG

§ 6.1: Køyrevegen må ha fri snuplass, kurvatur / svingbreidde, fri høgde, stigningstilhøve, vegbreidde og styrke til å tåle renovasjonsbilane som blir nytta. Vegar og snuplassar må vere brøyta og strødd om vinteren. Eigarar av hagar og eigedom som grensar til offentleg veg / veg der renovasjonsbilane køyrer, er pliktige til å skjere vekk hekk, tre og greiner som kan vere til hinder for renovasjonsbilane. Veg som ikkje stettar desse krava kan, etter varsling på førehand, verte utkutta frå køyreruta. Det same gjeld dersom feilparkerte bilar gjentatte gongar hindrar renovasjonsbilane i å kome fram til abonnentane. Etter vurderingar på stadane kan også køyring på / gjennom leikeplassar verte utkutta av omsyn til borna sin tryggleik. Dersom tryggleiken på staden tilseier det, kan også køyring på eller gjennom parkeringsplassar, offentlege plassar eller torg, bli nekta.

§ 6.2: SSR kan vedta å ilegge abonnentar eit tilleggsgebyr for henting på delvis utilgjengelege stader eller for henting utanfor offentlege vegar og standardgodkjende køyreveggar – sjølv om vegane der har vorte godkjende for køyring med SSR sine renovasjonsbilar. For å køyre der det er fartsdemparar i vegen, bør desse vere skraverte og merka med skilt. Dette avsnittet gjeld også for henting i oppsamlingsrom o.l.

§ 7 KJELDESORTERING

§ 7.1: Henteordninga i SSR omfattar henting av restavfall, papir/ papp og plastemballasje ute hos abonnentane. Bringeordninga omfattar resten av tenestene i SSR, sjå § 8, der abonnentane sjølv fraktar avfall til fastsett samleplass for dei aktuelle fraksjonane.

§ 7.2: Det er kun reint papir og papp frå hushaldningane som skal leggest i papirdunken og dette må ikkje leggest i plastsekkar eller plastnett.

§ 7.3: Kun gjennomslittige plastsekkar skal nyttast til hushaldningsplast (plastemballasje). Desse skal settast saman med den blå dunken og vil verte samla inn av selskapet. Desse gjennomslittige plastsekkane kan også nyttast til reine isoporfraksjonar (EPS) frå emballasje. Isoporsekkane må innhaldsmessig ikkje blandast med vanleg plastemballasje.

§ 7.4: Endringar i måtane ein skal kjeldesortere på vil bli kunngjort på vanleg måte, jfr. § 4, siste avsnitt. Hente- og bringeordningane kan bli endra ut i frå nye lokale, nasjonale og internasjonale retningslinjer og miljømål.

§ 8 SPESIELLE TYPER AVFALL

§ 8.1: SSR vil sørge for at spesielle tiltak innan mottak av avfall som rettar seg mot hushaldningane vert starta og oppretthalde innanfor gitte økonomiske rammer basert på sjølvkostprinsippet. Eksempel på dette kan vere greinplassar/hageavfallmottak, containerar for spesialavfall, containerar for utleige, gjenvinningsentralar, einskilde fraksjonar på lokalmottaka, glasigloar, ryddeaksjonar i kommunane og mottak av ulike fraksjonar på SSR sitt hovudanlegg. § 8 inkluderer også andre lovpålagde oppgåver for mottak av ulike avfallsfraksjonar som ein utfører anten i eigen eller privat regi.

§ 9 ANDRE BESTEMMELSER

§ 9.1: SSR sitt styre kan fastsette mindre endringar innan dette kapitlet. Desse endringane / reglane skal kunngjerast på vanleg måte (jfr. § 4, siste avsnitt).

Kapittel 3:

§ 10 GEBYR, GEBYRINKREVIING OG SANKSJONAR

§ 10.1: For tenester etter denne forskrifta skal kvar huseigar betale renovasjonsgebyr. I tillegg skal det betalast renter og inndrivingskostnader ved for sein betaling. Kvar av SSR sine eigarkommunar skal kvart år vedta likelydande gebyrvedtak etter tilråding frå representantskapet i SSR. For gebyrkrava har eigarkommunane legalpant etter pantelova § 6-1.

§ 10.2: Representantskapet fastset, etter tilråding frå styret, generelle reglar og nivå for fastgebyr og prisar. Representantskapet gjer dette kvar haust i samband med budsjetthandsaminga for påfølgande år.

§ 10.3: SSR står for innkrevinga av renovasjonsgebyr etter delegasjon frå eigarkommunane. Kommunane er fortsatt formell eigar av gebyrkrava og legalpanten, og SSR står for sjølve innkrevinga.

§ 10.4: SSR sitt representantskap kan vedta differensierte gebyr på grunnlag av avfallsmengde, avfallstypa og andre naturlege måtar å differensiere gebyra på.

§ 10.5: Styret i SSR fastset storleiken på ekstragebyret der abonnentane treng større dunkar enn dei standardiserte.

§ 10.6: Styret i SSR fastset storleiken på ekstragebyr for henting av hushaldningsavfall på vanskeleg tilgjengelige stadar og for henting utanfor offentlege vegar og standardgodkjende køyrevegar (eit såkalla ulempetillegg). Storleiken vert berekna ut i frå avstand til hovudvegar og vegstandarden.

§ 10.7: SSR sender ut gebyr til abonnentane med jamne mellomrom. Gebyrkrav blir sendt ut til huseigar på faktureringstidspunktet (som vanlegvis er tre veker før huseigaren får fakturaen i posten). Eventuelle endringar i eigedomstilhøve må vere meldt skriftleg inn til SSR i god tid før dette faktureringstidspunktet. Endringar etter dette tidspunktet kjem ikkje med på faktureringa før neste gong. Ved skifte av eigar på ein eigedom i denne perioden må i så fall gamal og ny eigar ordne opp seg i mellom. Jfr. § 3, siste avsnitt.

§ 10.8: Ved restart av kvilande abonnement skal SSR kreve inn eit gebyr for å dekke kostnadane med dette. Storleiken på dette gebyret skal ha ein samanhang med storleiken på fastgebyret og vert fastsett i SSR sitt styre.

§ 10.9: Godkjende fritidseigedomar, jfr. § 2, betaler 1/4 fastgebyr ved bruk av dunk eller sekk. Godkjende ekstrasekkar kan, ved behov, kjøpast hos SSR til den prisen styret har fastsett.

§ 10.10: Brot på paragrafar i denne forskrifta kan medføre straffegebyr. Straffegebyr, og storleiken på desse, vert fastsett i SSR sitt styre. I einskilde graverande tilfelle kan ein, på abonnenten si rekning, sørge for separat oppsamling, innkøyring og sortering av avfall som kan føre til helsemessige vanskar. Jfr. aktuelle paragrafar i forureiningslova og spesielt § 79, 2. ledd.

§ 11 LEGALPANTEN

§ 11.1: Legalpanten høyrer til i kvar av eigarkommunane på vanleg måte, og vil tre i kraft dersom selskapet ikkje klarer å kreve inn gebyra ein har til gode. Jfr. § 10, 3. avsnitt og § 12.

§ 12 KLAGER

§ 12.1: Enkeltvedtak gjort av SSR kan påklagast i henhold til forvaltingslova § 2b og § 28, 2. ledd. Klagen skal stilast til SSR.

Kapittel 4:

§ 13 ENDRINGAR I FORSKRIFTA

§ 13.1: Endringar i denne forskrifta kan kun gjerast etter likelydande kommunestyrevedtak i eigarkommunane. Endringar kan ikkje settast i verk før påfølgande årsskifte.

MØTEBOK

SAK NR R18/16

Møtedato: 17.11.2016

Sakshandsamar: Einar Heimdal

SAK R18/16: VEGPARGRAFEN I NY FORSKRIFT

Dei kommunale dispensasjonane ein har hatt til å køyre på kommunale (offentlege) vegar gjeld ikkje lenger, og det er heller ikkje kommunane som kan gi dispensasjon. Statens Vegvesen er kontrollorgan for alle offentlege vegar, og dei har gitt tydeleg uttrykk for at dispensasjonar kun blir gitt for kortare tidsrom (t.d. ein tur, ei veke, ein månad, e.l.). Vidare dispensasjonar for renovasjonsbilar, bussar, etc. blir ikkje gitt – iflg. Statens Vegvesen. Det betyr at SSR og eigarane må gjere endringar i vegparagrafen i den «halvvedtatte» forskrifta.

Med «halvvedtatt» er det meint at den justerte forskrifta er vedtatt i Ulstein og Herøy, og ikkje i Hareid og Sande. I Hareid var det nettopp vegparagrafen som gjorde at forskrifta ikkje vart vedtatt der – medan ordlyden i slamforskrifta vart godkjent i Hareid. Så kanskje ein miks av desse kan «gjere susen»?

Paragrafen skal no vere utforma på ein måte som gjer at den er lettare å tilpasse til lokale forhold og behov. Den har kanskje vore litt rigid i forhold til akseltrykk, breidde, fri høgde, etc. (absolutte krav), men dette blir no erstatta med større grad av skjønn og kva som til ei kvar tid er fornuftig.

Forslag til ny forskrift – krav til køyreveg (som er omtrent den same som den har vore sidan 2009 – med unntak av aller siste setninga):

§ 6 KRAV TIL KØYREVEG

§ 6.1: Køyrevegen må ha fri snuplass, kurvatur, stigningstilhøve, breidde på minst 3 meter og styrke til å tåle renovasjonsbilane (minst 8 tonn akseltrykk). I svingane må breidda vere minst 4,5 meter. Vegen må ha fri høgde på minst 4,0 meter, og veg og snuplass må vere brøyta og strødd om vinteren. Eigarar

av hagar og eigedom som grensar til offentleg veg/veg der renovasjonsbilane køyrer er pliktige til å skjere vekk hekk, tre og greiner som kan vere til hinder for renovasjonsbilane. Veg som ikkje stettar desse krava kan verte utkutta frå køyreruta. Det same gjeld dersom feilparkerte bilar gjentatte gongar hindrar renovasjonsbilane i å kome fram til abonnentane. Etter vurderingar på stadane kan også køyring på/gjennom leikeplassar verte utkutta av omsyn til borna sin tryggleik. Dersom tryggleiken på staden tilseier det, kan også køyring på eller gjennom parkeringsplassar, offentlege plassar eller torg, bli nekta.

§ 6.2: SSR kan vedta å ilegge abonnentar eit tilleggsgebyr for henting på delvis utilgjengelege stader eller for henting utanfor offentlege vegar og standardgodkjende køyrevegar – sjølv om vegane der har vorte godkjende for køyring med SSR sine renovasjonsbilar. For å køyre der det er fartsdempingar i vegen, bør desse vere skraverte og merka med skilt. Dette avsnittet gjeld også for henting i oppsamlingsrom o.l.

I slamforskrifta som er vedtatt i og gjeld for Hareid og Ulstein, står følgjande i paragrafen som handlar om veg:

§5 (anleggets utforming, adkomst og vegstandard)

Abonnementen skal sørge for fri adkomst til slamanlegget ved tøming. Eventuelle låseanordningar og avstengningar etc. av slamanlegget skal avtalast med og godkjennast av kommunen. Slamanlegget skal plasserast så nær veg som mogleg. Veg til slamanlegget må uansett årstid vere av ein slik standard at den gir tilfredstillande framkomst og har eventuell snuplass for avvatningsbilen. Når tømeruter blir sett opp, skal det takast mest mogleg omsyn til årstid for å sikre at tilgangen til anlegget er best mogleg. Utover dette har ikkje SSR eller den som tømmer ansvar for skade på privat veg og plass inkludert plen/heller, osv., med mindre det kan påvisast skjødesløyse. Slamanlegget vert tømd sjølv om krav til vegstandard ikkje er tilfredstillande. Dette kan medføre ein ekstra kostnad for abonnenten.

Forslag til ein meir tilpassa paragraf:

§ 6.2 blir som ovanfor.

§ 6.1 blir følgjande:

§ 6.1: Køyrevegane må ha fri snuplass, kurvatur / svingbreidde, fri høgde, stigningstilhøve, vegbreidde og styrke til å tåle renovasjonsbilane som blir nytta. Vegar og snuplassar må vere brøyta og strødde om vinteren. Eigargar av hagar og eigedom som grensar til offentleg veg/veg der renovasjonsbilane køyrer, er pliktige til å skjere vekk hekk, tre og greiner som kan vere til hinder for renovasjonsbilane. Veg som ikkje stettar desse krava kan, etter varsling på førehand, verte utkutta frå køyreruta. Det same gjeld dersom feilparkerte bilar

gjentatte gongar hindrar renovasjonsbilane i å kome fram til abonnentane. Etter vurderingar på stadane kan også køyring på/gjennom leikeplassar verte utkutta av omsyn til borna sin tryggleik. Dersom tryggleiken på staden tilseier det, kan også køyring på eller gjennom parkeringsplassar, offentlege plassar eller torg, bli nekta.

Etter vedtak i representantskapet blir saka sendt saka over til eigarkommunane for endeleg vedtak der. For Hareid og Sande er det heile forskrifta som må vedtakast, medan for Ulstein og Herøy er det kun den eine paragrafen (§ 6.1).

Styret si tilråding til vedtak:

Representantskapet vedtar endringa i § 6.1 i forslaget til ny forskrift som skrive ovanfor, og rår eigarkommunane til å gjere eit likelydande vedtak.

Vedtak, samr.:

Representantskapet vedtar endringa i § 6.1 i forslaget til ny forskrift som skrive ovanfor, og rår eigarkommunane til å gjere eit likelydande vedtak.



Bustadsosialt/flyktning/rus

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	MAYERT	Arkivsaknr:	2013/1318
		Arkiv:	F31

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
8/17	Komite for helse og omsorg	16.02.2017
30/17	Formannskapet	28.02.2017
	Kommunestyret	09.03.2017

BUSETJING AV FLYKTNINGAR I 2017

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for helse og omsorg - 16.02.2017

Herøy kommunestyre vil ta i mot og busette inntil 23 flyktningar i 2017.

Tilråding:

Herøy kommunestyre vil ta i mot og busette inntil 23 flyktningar i 2017.

Særutskrift:

- Kommunalsjef helse og omsorg
- Kommunalsjef oppvekst
- IMDI

Vedlegg:

- Oppmodingsbrev frå IMDI om busetjing av flyktningar i 2017.

Saksopplysningar:

Herøy kommune vedtok i K sak 66/15 å ta i mot og busetje 20 flyktningar pr. år i 2015 og 2016.

I 2015 busette Herøy kommune 18 flyktningar, og i 2016 har Herøy kommune busett 21 flyktningar. Vi har busett 1 flyktning meir i 2016 enn vi har vedtak på fordi vi har tatt i mot ei stor familie på slutten av året.

IMDI har kome med anmoding om busetjing for 2017, og Herøy kommune vert bedt om å ta i mot 23 flyktningar i 2017. Kommunen vert oppmoda om å gjere eit presist vedtak på kor mange vi kan ta imot.

Integreringstilskot

Det vert utbetalt Integreringstilskot i 5 år etter at ein flyktning har kome til kommunen. Beløpet er høgst 1. og 2 året. I 2016 vil Herøy kommune tilsaman motta kr. 9.917.000. Dette beløpet gjeld dei kommunen får integreringstilskot for, både dei som alt er busett, og dei vi har tatt i mot i 2016.

Dersom kommunen gjer vedtak om å busetje 23 flyktningar i 2017, og at vi klarer å busetje dei, vil Herøy kommune i 2017 motta Integreringstilskot på kr. 12.972000.

Stortinget har fastsett følgande satsar for Integreringstilskotet for 2016:

Integreringstilskudd

Bosettingsår

År 1 (2016)	kr 184 000 (voksne)*
-------------	----------------------

	kr 184 000 (barn)*
--	--------------------

	kr 234 000 (enslige voksne)
--	-----------------------------

	kr 184 000 (enslige mindreårige)
--	----------------------------------

År 2 (2015)	kr 220 000
-------------	------------

År 3 (2014)	kr 160 000
-------------	------------

År 4 (2013)	kr 83 400
-------------	-----------

År 5 (2012)	kr 70 000
-------------	-----------

Barnehagetilskudd	
-------------------	--

	kr 24 500 (engangstilskudd)
--	-----------------------------

Tilskudd ved bosetting av personer med kjente funksjonshemninger

Tilskudd 1:

kr 181 000 (engangstilskudd)

Tilskudd 2:

Inntil kr 1 111 000 i inntil 5 år

* Personer regnes som voksne fra og med det året de fyller 18 år.

Bustad

Det er ein føresetnad for å busetje flyktingar at eigedomsavdelinga klarer å framskaffe bustader. Dersom eigedomsavdelinga ikkje klarer å framskaffe kommunale bustader, må dei vende seg til private huseigarar for å framskaffe husvære. Det kan bety at eigedomsavdelinga treng ekstra ressursar for å klare å framskaffe bustader og følgje opp private huseigarar.

Barnehageavdelinga

Kommunene mottok eige barnehagetilskot på kr. 24.500 pr. barn. Dette er eit eingangstilskot for år 1. Dette er eit tilskot som går til barnehagen direkte, og er variabelt etter kor mange barn som treng barnehageplass. Om barnehagen treng meir ressursar til oppfølging, også utover 1. året, skal ekstrautgiftene til det dekkast av det ordinære tilskotet kommunen mottok så langt det let seg gjere. Leiar for dei kommunale barnehagane uttaler at det er god kapasitet til å ta imot barn frå hausten 2017, og i vinterhalvåret er det ein barnehage som har kapasitet til å ta imot fleire barn. Det har ikkje vore undersøkt med dei private barnehagane om der er ekstra kapasitet.

Flyktingtenesta

Flyktingtenesta har fått auka ressurs med 100% stilling som programrådgjevar, så i den tenesta skal det gå greitt å busetje 23 flyktingar som IMDI ber kommunen om.

NAV

Mange av flyktingane har behov for supplerande økonomisk sosialhjelp både medan dei er i Introduksjonsprogrammet og etterpå. Dette krev ekstra ressursar også på NAV, og det å ta imot 23 flyktingar til kan utløyse behov for ekstra personell ressursar.

Helsestasjon

Helsestasjonen i Herøy kommune uttaler at det er behov ekstra ressursar skal dei klare å gi lovpålagte tenester til ei så stor gruppe. Dei to siste åra har Herøy kommune tatt imot 39 flyktingar utan auke i stillingsressursen. Skal kommunen ta imot 23 flyktingar til, vert det truleg ei oppgåve som er større enn det helsestasjonen har kapasitet til. Desse skal ha oppfølging og helsetenester som til tider er svært krevjande, og i tillegg må ein i stor grad nytte tolk, noko som gjer at alle konsultasjonar og all oppfølging tar lang tid då alt som skal seiast må seiast 2 gangar.

Legesenter

Kommunelegen har gitt uttrykk for at å ta imot 23 flyktingar er mange. Det er alt stort press på legetenestene i Herøy kommune, og flyktingane er ei gruppe som

ofte har store og samansette behov for legehjelp. Angående språk så er det same situasjon som på helsestasjonen.

Skuleavdelinga – grunnskulen

Skuleavdelinga får ikkje statlege tilskot til norskopplæring av minoritetsspråklege barn, og opplyser at dei er avhengig av å få del i integreringstilskotet for å klare å yte forsvarlege tenester.

Skuleavdelinga – Internasjonalskule

Rektor på Internasjonalskule meiner det skal gå greitt å ta i mot flyktningane som IMDI oppmodar oss å ta i mot. Av praktiske grunnar har dei eit ynskje om at kommunen tar i mot flest flyktningar om våren. Dette er vanskelig å imøtekomme, då det er IMDI som tar kontakt med Herøy kommune når dei har flyktningar i mottak som er klare til busetjing.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen konkluderer med at Herøy kommune kan imøtekomme ynskje frå IMDI om å busetje 23 flyktningar i 2017. IMDI ber om at det vert gjort presise vedtak, men utfrå situasjonen i bustadmarkedet, både i kommunal sektor og med private utleigarar må ein ta atterhald om at Herøy kommune klarer å framskaffe eigna bustad.

Konsekvensar for folkehelse:

Det er positivt for flyktningane som får busetje seg i kommunen.

Konsekvensar for beredskap:

Det kan føre til ekstra utfordringar for legesenteret, men vert ikkje vurdert til å gå utover beredskapen.

Konsekvensar for drift:

Det kan føre til behov for ekstra personell.

Fosnavåg, 01.12.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Inger Marie Tofthagen
Avd.leiar

Sakshandsamar: May Gunn Ertesvåg

Herøy kommune

Ber om at brevet vert distribuert til:
Ordførar
Rådmann

Deres ref:

Vår ref.: 16-01354

Dato: 10.10.2016

Oppmoding om busetting av flyktningar 2017

Norske kommunar har dei siste åra gjort ein formidabel innsats med busetting og kvalifisering av flyktningar, og oppgåvene er framleis store i 2017.

I 2017 vil det vere behov for å busette 13 000 flyktningar i norske kommunar, kor av 1 100 er einslege mindreårige under 18 år. Om lag 40% av dei einslege mindreårige er under 15 år. Busettingsbehovet er lågare enn tidlegare plantal frå IMDi. Færre asylsøkjjarar til Noreg og færre som vert innvilga opphald, er hovudårsakene til at behovet har gått ned.

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) oppmodar kommunen om å busette 23 flyktningar i 2017.

Oppmodingstala er utarbeidd i samråd med KS.

Vi oppfordrar kommunane til å fatte presise vedtak for kor mange flyktningar kommunen skal busette, og at vedtaket ikkje inkluderer familiesameinte, eller har andre atterhald.

For meir informasjon om planlegging og busetting, sjå <http://www.imdi.no/planlegging-og-bosetting/>. Her finn du bl.a. informasjon om tilskot og økonomi, bustader til flyktningar, samt statistikk over busetting.

Ta kontakt med IMDi Midt - Norge dersom de ynskjer dialog om oppmodinga og busetting av flyktningar.

Vi ber om at tilbakemelding på oppmoding vert sendt til post@imdi.no, med kopi til nina.gran@ks.no innan 10.12.2016.

Med helsing
IMDi Midt - Norge

Rune S. Foss
regiondirektør

Tonje Irene Sandåker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Søre Sunnmøre landbrukskontor

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ANNLOB	Arkivsaknr:	2017/117
		Arkiv:	V18

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
31/17	Formannskapet	28.02.2017

STRATEGIPLAN FOR ØKONOMISK VERKEMIDDEL I JORDBRUKET 2017 - 2020

Tilråding:

Formannskapet i Herøy kommune vedtek Strategiplan for økonomiske verkemiddel i jordbruket for perioden 2017 – 2020 slik den ligg føre.

Rådmannen vert bedt om sjå på om løyving av SMIL midlar kan gjerast ved delegerte vedtak.

Særutskrift:

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, Dragsundvegen 6, 6080 Gurskøy

Vedlegg:

1. Strategiplan for økonomiske verkemiddel i jordbruket 2017 – 2020, datert 23.01.2017.
2. FOR 2016-12-16-1660: Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket.
3. FOR 2013-06-25-769: Forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord, sist endra 01.01.2016

Saksopplysningar:

Tildeling av SMIL midlar er heimla i *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket*. Strategiplanen vert revidert kvart fjerde år. Ordninga tok til i 2004 og fyrste strategiplan vart laga i 2005. Vi tek no til med den fjerde strategiperioden. Fram til 2013 vart det laga ein felles strategi for SMIL og NMSK (Nærings og miljøtilskudd i skogbruket). Strategiplanane så langt har vore felles for kommunane Herøy, Ulstein og Hareid.

Fylkesmannen løyver midlar til kommunane som vert tildelt etter budsjettert behov. Løyvingane vert fordelt til kommunane i februar/ mars kvart år. Fram til 2010 vart midlane løyvd felles for SMIL og NMSK. Det var opp til kommunen å fordele midlane mellom ordningane. Midlane vert tildelt etter søknad. I tillegg kan kommunen nytte inndregne midlar til nye tiltak.

Løyvde midlar for dei to siste strategiperiodane:

	Løyvde SMIL midlar			Tal på søknadar		
	Herøy	Ulstein	Hareid	Herøy	Ulstein	Hareid
2009	334 000	144 000	124 000	12	6	6
2010	260 000	130 000	130 000	13	8	8
2011	200 000	120 000	120 000	7	6	2
2012	150 000	120 000	120 000	15	7	7
2013	100 000	110 000	110 000	7	6	6
2014	110 000	110 000	110 000	8	6	4
2015	100 000	80 000	80 000	6	3	3
2016	80 000	80 000	80 000	3	3	2

Tilskot til drenering av jordbruksjord er ikkje del av strategiplanen. Fylkesmannen delar ut eigne pottar av SMIL-midlar til serskilde miljøtiltak og til drenering.

	Løyvde midlar til drenering			Tal på søknadar		
	Herøy	Ulstein	Hareid	Herøy	Ulstein	Hareid
2013	30 000	30 000	30 000	0	0	0
2014	30 000	30 000	30 000	2	1	3
2015	30 000	30 000	50 000	1	2	1
2016	20 000	20 000	30 000	0	4	1

Den 17.11.2016 inviterte landbrukskontoret næringsorganisasjonen i landbruket til drøftingsmøte for revidering av strategiplanen. Desse organisasjonane møtte til drøfting: Hareid, Ulstein Herøy og Sande Bonde- og småbrukarlag, Hareid og Ulstein Sau og Geit, Sunnmøre Villsaulag og Vestre Sunnmøre Bondelag. Det var semje om å ta inn eit par nye tiltak i planen. Det gjeld oppsetting av leskur for dyr på beite og lagreplassar for rundballar for å hindre avrenning. I tillegg vart det semje om å justere opp timesatsane for eige arbeid. Satsane er likeins som hos Innovasjon Norge og i nabokommunane våre. Elles gjeld dei same prioriteringane og tiltaka som var med i førre strategiplan. Tilskottssatsane vart justert litt ned grunne auken i timeprisane.

SMIL midlane vert løyvd etter søknad. Vi har no vald å sette inn ein fast søknadsfrist i planen. Tidlegare har søknadsfristen variert med ulike tidspunkt på vår/ forsumar. Framlegget i planen er at søknadsfristen vert 1. mai.

Ei anna endring er at søknader som ikkje er fullstendige med alle vedlegg, eller kjem inn etter søknadsfristen, ikkje vert handsama i fyrste runde. Har kommunen ledige midlar vert desse handsama i lag med nye søknadar ved ei ny tidelingsrunde om hausten. Ordninga med å få handsama søknaden i fyrste runde, krev og at søknaden er fullstendig utfylt, og med alle vedlegg. Tidlegare har søkjarane fått vedtaket i saka på seinhausten. Noe av årsaka er at søknadane kjem inn etter fristen og til dels er ufullstendige.

Søknadane vert handsama politisk i MTK etter prioriteringane i strategiplanen. Det hadde letta sakshandsaminga om Herøy kommune kunne endre rutine for sakshandsaming til delegerte vedtak. Det ligg lite politikk i tildelinga av midlane då prioriteringane av tiltaka er definert i strategiplanen og ramma for kven som kan søkje ligg i forskrifta. Ulstein kommune gjer delegert vedtak i desse sakene og vi har god erfaring med den måten.

Søkjarar som får tilskott har 3 år til å gjennomføre tiltaket. Det kan søkjast om forlenging på inntil 2 år. Når prosjektet er slutført vert tiltak og rekneskap godkjend. Fylkesmannen utbetalar så midlane.

Søknadar som ikkje får tildelt midlar i søknadsåret får overført søknaden til søknadsrunda neste år. Søkjarar som ikkje kjem i gong med tiltaket seinast innan 5 år får trekt løyvinga attende. Kommunen får behalde midlane og dei vert fordelt på nye søkjarar året etter.

Vurdering og konklusjon:

Endringa med å føye til to nye tiltak meiner vi er med på å styrke ordninga. Tiltaka er bygging av leskur for dyr på beite og lagerplass for rundballar for å hindre avrenning.

Vidare vert det foreslått å sette søknadsfristen til 1. mai kvart år. Det vil gjere ordninga enklare for søkjarane. Vi meiner og det vil opne for at vi kan handsame søknadane i to bolkar i staden for ein.

Strategiplanen for SMIL midlar 2017 – 2020 er i samsvar med *Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket*. Vi vil oppmode kommunane om å halde fram med ein felles strategiplan for då vi har god erfaring med den ordninga. Det betyr at kommunane må gjere likelydande vedtak slik at ein får samanfallande bruk av midlane i Herøy, Ulstein og Hareid.

Vi ber vidare Formannskapet om å vurdere og endra vedtakspraksisen frå politisk til delegert vedtak for tildeling av midlane. Det ligg lite politikk i tildelinga då strategiplanen og forskrifta legg premissane for tildelingane.

Fosnavåg, 25.01.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef

Sakshandsamar: Oddvar Gjerde

STRATEGIPLAN FOR ØKONOMISKE VERKEMIDDEL I JORDBRUKET 2017 – 2020.

FOR KOMMUNANE FOR HERØY, ULSTEIN OG HAREID.



Tilskot til særskilde miljøtiltak (SMIL), tradisjonelle tiltak.

Tilskot til særskilde miljøtiltak (SMIL), drenering av tidlegare grøfta dyrka jord.

Framlegg til Strategiplan 2017-2020 dagsett 23.01.2017

Oddvar Gjerde
Sakshandsamar.

Vedteke av:

- Herøy Formannskap den
- Ulstein Formannskap den
- Hareid kommunestyre den

INNHALD	SIDE
1. Å Bakgrunn	2
2. Å Organisering av arbeidet	2
3. Å Status og utfordringar for 2017-2020	3
4. Å Målsetjing ved bruken SMIL-midlane	3
5. Å Behov for SMIL-midlar i perioden	3-4
6. Å Generelle vilkår	4
7. Å Prioritering og aktuelle tiltak innanfor jordbruk	4-5
8. Å Tilskotssatsar	5-6
9. Å Søknadsfristar og handsaming	6

"

1. Bakgrunn

Kommunane overtok frå og med 01.01.2014 ei rekkje nye oppgåver innanfor landbruksforvaltninga.

Bakgrunnen var Stortingsmelding nr. 19 (2000-2002) «Nye oppgåver for lokaldemokratiet på regionalt nivå.» Dette vart gjort for å styrke det lokale sjølvstyret, vitalisere lokaldemokratiet, gje kommunane betre høve til å sjå landbrukspolitikken i samanheng med andre samfunnsoppgåver og samtidig bidra til betre målretting og effektivisering av den statlege verkemiddelbruken.

Forvaltning av dei økonomiske verkemidla til miljøtiltak i jord- og skogbruket var ei av desse oppgåvene som vart overført til kommunane.

Vi fekk tre nye forskrifter:

Forskrift om tilskot til særskilde miljøtiltak i jordbruket (SMIL). Fastsett av Landbruksdepartementet 4. februar 2004 med heimel i jordlova. Denne Forskrifta var sist endra i FOR-2016-12-16-1660 frå og med 01.01.2017.

Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK). Fastsett av Landbruksdepartementet 4. februar 2004.

Forskrift om tilskot til skogbruksplanlegging med miljøregistreringar. Fastsett av Landbruksdepartementet 4. februar 2004.

I 2013 vart det innført tilskot til drenering av tidlegare grøfta dyrka jord. Forskrift om tilskot til dyrka jord, fastsett av Landbruksdepartementet den 25.06.2013.

Denne ordninga skal gå inn som ein del av SMIL-ordninga, men tilskot til drenering har eit sentralt vedteke regelverk med eige søknadsskjema og tilskotsramme. Ordninga vert difor ikkje ein del av Strategiplanen. Kommunane har ikkje høve til å utøve eigne lokale vurderingar og prioriteringar som i SMIL og NMSK. Forskrifta vart sist endra FOR-2015-12-18-1746 frå og med 01.01.2016.

Den første Strategiplanen for økonomiske verkemiddel i landbruket var gjeldande for åra 2005-2008. Den 4. Strategiplanen vert gjeldande for dei fire åra 2017-2020.

Tilskot i skogbruket (NMSK og skogbruksplanlegging med miljøregistreringar) har no eigen Strategiplan og har ikkje vore med i planen sidan 2013.

2. Organisering av arbeidet

I samband med utarbeiding av ny Strategiplan for 2017-2020 vart faglaga invitert til drøftingsmøte den 17.11.2016 om revidering av Strategiplanen for bruken av SMIL-midlane for denne perioden.

Representantar for desse faglaga deltok på møtet:

- ✓ Å Vestre Sunnmøre Bondelag.
- ✓ Å Hareid, Ulstein, Herøy og Sande Bonde- og Småbrukarlag.
- ✓ Å Sunnmøre Villsaulag.
- ✓ Å Hareid og Ulstein Sau og Geit.

Det var semje om å byggje på hovudlinjene for gjeldande Strategiplan. Ein var samde om å vurdere å ta inn i Strategiplanen:

- ✓ Å Skur for dyr på beite .
- ✓ Å Sikker lagerplass for rundballar.

Vidare var det semje om å vurdere å auke timesatsen på eige og leigd arbeid til kr. 350 pr. time, med tillegg for bruk av motorsag og eigen timesats for bruk av traktor med førar. Nokre av tilskotsprosentane vert av den grunn litt reduserte. Deltakarane frå faglaga ønskte at SMIL-ordninga skal betre marknadsførast overfor potensielle søkjarar.

3. Status og utfordringar for 2017-2020

Med unntak av nokre få store bruk, så er dei fleste bruka i kommunane Herøy, Ulstein og Hareid middels og små. Tal aktive bruk (søker om produksjonstilskot i jordbruket) var i 2016 til saman for desse kommunane 117 bruk, fordelt med 62 bruk i Herøy, 35 i Ulstein og 20 i Hareid.

Sidan 2000 talet har det vore stor strukturrasjonalisering der det i hovudsak har gått ut over tal bruk med mjølkeproduksjon og rein kjøttproduksjon på storfe. Endringa i tal mjølkeproduksjonsbruk har vore størst i Hareid og Herøy. Siste åra har tal bruk i drift vore stabilt og den driftsforma som har auka er bruk med utgangarsau. Det ligg godt til rette for auke i tal bruk med storfe og då særleg ammekuproduksjon då det i dag er stor import av storfekjøtt frå utlandet.

Det er om lag 560 landbrukseigedomar (over 5 daa jordbruksareal og 25 daa skog) i desse tre kommunane, derav om lag 300 landbrukseigedomar i Herøy kommune, 140 landbrukseigedomar i Ulstein kommune og 120 landbrukseigedomar i Hareid kommune.

Også i desse kommunane har det vorte færre dyr på beite i utmarka og tungvint innmarksareal til slått og beite har gått ut av aktiv drift. Dette gjer at både innmark og utmark gror att og småskog og einer tek over desse areala. Det er viktig å få fram att kystlandskapet og kystlynghei og for å kunne ta vare på gamle tradisjonar for stell av kultur- og fjellandskapet i kommunane våre. Attgroing langs vegane våre tar vekk utsikta og er særleg merkbar der det før var ope landskap.

SMIL-ordningane innanfor tradisjonell bruk er derfor viktig for å motverke denne endringa. Det trengst fleire dyr både på innmarks- og utmarksbeite for å hindre den stadig aukande attgroinga i vårt vakre kyst-, fjell- og fjordlandskap.

Det er og ei utfordring å nå ut til gardbrukarane/ næringsdrivande med informasjon om ordningane. Her vil Landbrukskontoret prøve å ha ei meir aktiv rolle.

4. Målsetjing ved bruken av SMIL-midlane

- ✓ Å Motverke attgroing, kulturminne og tap av biologisk mangfald som er knytt til Landbruket. Fremje aktiv beitebruk både på innmarksbeite og i utmark. Gjere det lettare å halde dei små bruka i aktiv drift og få areal ut av bruk i drift att.
- ✓ Å Motverke forfall av eldre verneverdige bygningar som kan reknast som kulturminne.
- ✓ Å Tiltak som fremjar organisert beitebruk.
- ✓ Å Betre mulegheitene for ferdsel og opplevingar i kulturlandskapet.
- ✓ Å Bidra til å redusere forureininga frå jordbruket.

5. Behov for SMIL-midlar i perioden

Kommunane får kvart år tildelt ei ramme frå Fylkesmannen. Tildelinga har delvis vorte tildelt etter innmelding av behov og historisk brukte SMIL-midlar i kommunane.

I løyvbrev frå Fylkesmannen datert 03.02.2016 fekk Herøy kommune i 2016 tildelt kr. 80.000. i tradisjonelle SMIL-midlar, Ulstein kommune kr. 80.000. og Hareid kommune kr. 80.000.

For å få handlingsprogrammet meir oversiktleg har ein endra namn på dei forskjellige prioriteringslistene frå **tabell** nr 6-13 til **Handlingsplan** 1-8 og i tillegg endra **tittel** på tabellane/handlingsplanane. Ein har teke vekk begrepet «strakstiltak» og delt inn i følgjande handlingsplanar:

- 1) Større tiltak
- 2) Mindre tiltak
- 3) Små tiltak
- 4) Fartsreducerande tiltak, fartshumpar
- 5) Langsiktige tiltak
- 6) Åtferdsendrande tiltak
- 7) Planleggingstiltak
- 8) Andre mindre tiltak

I tillegg har ein konkretisert prioriteringsrekkefølge under handlingsplan 1-4 med nummer 1, 2... ->. Dei andre handlingsplanane er utan prioriteringsrekkefølge (som før).

I planen har ein teke ut dei tiltaka som er utført, beholdt resterande tiltak og teke inn nye tiltak blant dei innkomne forslaga. Nye tiltak er merka «nye».

Liste over innkomne forslag med arbeidsgruppa sine vurderingar er vedlagt.

I handlingsplan 5, 6 og 8 er det ikkje gjort endringar.

I handlingsplan 7 er eitt utført tiltak fjerna av lista, Moltustranda FV 10.

I handlingsplan 4 er fire nye tiltak teke inn i plan og prioritert. Alle omhandlar fartshumpar.

I handlingsplan 1, 2 og 3 er utførte tiltak teke ut av planen, resterande tiltak er gjenverande og nye tiltak er tekne inn. Tiltaka har fått foreslått prioritet.

Totalt er det kome inn 16 nye tiltak i handlingsplanane.

Grunnlag for prioritering:

Prioriteringane er gjort ut frå kor aktuelt tiltaket er i høve satsingsområda. Satsingsområda er:

- Fysisk sikring av barn sin skuleveg.
- Byggje nye gang- og sykkelveg
- Betre løysingar på spesielt ulukkesbelasta område langs vegnettet.
- Åtferdsendrande tiltak og haldningskampanjar

I prioriteringa er det også lagt vekt på kor langt tiltaket er kome reguleringsmessig, kor viktig tiltaket er for kor mange personar, og kor vidt tiltaket er prioritert i overordna økonomiske planar.

Vurdering og konklusjon:

Ein vurderer det slik at endringane i handlingsprogrammet vil vere med å fremje viktige tiltak i trafikktryggingsarbeidet i heile kommunen. Målet om å tilrettelegge for trygg ferdsel for mjuke trafikantar vil bli styrka ved utføring av prioriterte tiltak.

Ein foreslår at tiltaka vert gjennomført etter prioriteringsrekkefølga i handlingsplanen i så stor grad som mogeleg og at ein søker om tilskot til gjennomføring av tiltaka gjennom dei søknadsordningar som finnast.

Planprogrammet foreslår ein vert vedteke utan endringar, sjølv om tidsplanen for høyring og vedtak vert noko forskyvd.

Nytt handlingsprogram vert lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring i 6 veker i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14.

Fosnavåg, 30.01.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Tanja Rafteseth

INNSPEL TIL REVIDERING AV TRAFIKKTRYGGINGSPLAN VINTER 2016/2017.

1. Komite for oppvekst
 - a) Strekning Leine-Voldsund bør prioriterast, særleg med tanke på bygging av ny bru til Remøy. **Imøtekomen. Prioritet 3 i handlingsplan 1, større tiltak.**
 - b) Strekning Herøy kulturhus-Sirlihaugen bør prioriterast og det bør jobbast med handlingssskapande arbeid hjå trafikantane i området. **Imøtekomen. Prioritet 1 i handlingsplan 2, mindre tiltak.**
 - c) Området Teige-Nerlandsøy skule og kryss Teigevegen-Nerlandsøy skule bør prioriterast. **Imøtekomen. Prioritet 5 i handlingsplan 1, større tiltak.**

2. Daniel Kopperstad
Oppfordrer til å etablere fartshumpar frå Toftestøvegen 17 og fram mot vegskilje Toftestøda/Vikane. Høg fart, små barn. **Imøtekomen. Prioritet 2 i handlingsplan 4, fartshumpar.**

3. Aleksander Zahl Tarberg
 - a) Ynskjer ny gang og sykkelveg FV 18 Leine-Voldsund som prioritet 1 i TT-plan. **Prioritet 3 i handlingsplan 1, større tiltak.**
 - b) Ynskjer utbetring av Nærøykrysset FV 18 som prioritet nr 2 i TT-plan. **Prioritet 4 i handlingsplan 2, mindre tiltak.**

4. Even Fugledal
Søkjer om 1 til 2 fartshumpar ved eigedom 34 og 36 i Kalveneset, Tjørnvåg. **Ikkje imøtekomen. Ikkje blant topp 4 på prioritet. Lista har kun med fire tiltak for perioden ut 2018.**

5. Statens vegvesen
 - a) Oppmoder til involvering/medverknad ut over minstekravet.
 - b) I Herøy kommune er det ikkje riksvegar, jfr. Pkt 4 i planprogrammet. **Til vitande**

6. Marit Pauline Kvalsvik
Ynskjer gang- og sykkelveg Frøystad-Torvik, heilt fram til nytt resortsenter. Delar bør samordnast med legging av ny vass- og kraftleidning no i september. **Delvis imøtekomen. Er nytt tiltak inn i plan. Prioritet 4 i handlingsplan 1, større tiltak, men berre fram til hurtigruteterminalen.**

7. Styret i Frøystad grendalag v/Vidar Hungnes
 - a) Ynskjer midlertidige tiltak på Frøystadtoppen; Skilte overgang, evt midlertidige trafikklys eller "safewalk". Doble gule heiltrekte linjer mellom krysset og til 60-sone skilt slik at forbikøyring vert forbode i begge retningar. Lengre 60-sone. **Ikkje imøtekomen. Bygging av undergang pågår.**
 - b) Midlertidige tiltak overgang Koppen; skiltmerking overgang, midlertidig trafikklys,

“safewalk”, reduksjon til 60 km/t. **Ikkje imøtekomen. Må evt søkjast Statens vegvesen.**

c) Overgang Røyra til busslomme; Ynskjer lys og overgangsfelt.

Delvis imøtekomen. Belysning busslomme inn på prioritet 4 i handlingsplan 3, små tiltak.

Overgangsfelt må evt søkjast om til Statens vegvesen.

d) Ynskjer gangveg Frøystad-Torvik

Imøtekomen. Prioritet 4 i handlingsplan 1, større tiltak.

e) Frøystadkrysset; Foreslår full stopp frå Røyra og forbikøyring forbode frå overgangen på Frøystadtoppen forbi krysset. **Delvis imøtekomen. Prioritet 2 i handlingsplan 2, mindre tiltak.**

8. Magnus Gamst, Frøystad

Eigedomene deira har blitt skada fleire gonger. Ynskjer fartsreducerande tiltak frå Frøystadvåg og opp til krysset. **Imøtekomen. Prioritet 2 i handlingsplan 2, mindre tiltak.**

9. Christian Holm, Teige

Ynskjer 5-6 fartshumpar på strekninga krysset/Geila over elvebrua og 3-400 meter mot nord. 50-sone. Nybygging. **Ikkje imøtekomen. Ikkje blant topp 4 på prioritet. Lista har kun med fire tiltak for perioden ut 2018.**

10. Idar Dahl, Tjørnvåg

Ynskjer fartshumpar i Postvegen i Tjørnvåg. **Ikkje imøtekomen. Ikkje blant topp 4 på prioritet. Lista har kun med fire tiltak for perioden ut 2018.**

11. Ida Myklebust, Hjelmsetvegen.

Ynskjer fartshump(-ar) på strekninga Hjelmsetvegen 38-42. Var hump her før. **Imøtekomen. Prioritet 1 i handlingsplan 4, fartshumpar.**

12. Philipp Kessler-Myking

Ynskjer bom i krysset Grusholvegen/Lisjebøvegen. Langt oppe. **Imøtekomen. Prioritet 1 i handlingsplan 2, mindre tiltak.**

13. Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Framlagt planprogram gir godt grunnlag for vidare arbeid med trafikktrygging:

-Tilrettelegging for barn og unge, funksjonshemming, eldre og mjuke trafikantar. Fokus på skulevegar og område med fritidsleik. Barnetrakk og lokaliseing av stiar, råser, akebakkar og leikeplassar er lagt som grunnlag for planen. **Til vitande.**

14. Møre og Romsdal fylkeskommune

Ingen merknader. **Til vitande.**

15. Bebuarar i Valvegen

Ynskjer fartshumpar i Valvegen. Høg fart, mange born. **Ikkje imøtekomen. Ikkje blant topp 4 på prioritet. Lista har kun med fire tiltak for perioden ut 2018.**

16. Storneset Grannelag

Ynskjer fartshumpar og gjerde ved gangvegen til undergangen ved fylkesvegen. **Imøtekomen.**

Fartshumpar inn på prioritet 3 i handlingsplan 4, fartshumpar. Gjerde inn på prioritet 2 i handlingsplan 3, små tiltak.

17. FAU Bergsøy skule

a) Ynskjer to veglys frå trappa til Bergsøy skule Borga og svingen til Smålegane for å gjere belysninga i området betre. **Imøtekomen. Belysning inn på prioritet 1 i handlingsplan 2, mindre tiltak ilag med fotgjengarovergang og fortau.**

b) Ynskjer gjennomkøyring forbode i skuleområdet i tidsperioda 08:00-09:00. **Ikkje imøtekome. Vurderer at eit tidsavgrensa gjennomkøyringsforbod vil bli vanskeleg å handheve. I tillegg til at det vil kunne skape fleire kaotiske situasjonar med mykje snuing, rygging. Dronefilm frå 08:00-08:30 viser fin flyt i bevegelsesmønsteret både for bilar og mjuke trafikantar. Haldningsskapande arbeid for t.d. bruk av refleks i mørketida sjåast på som viktig. Her er fartsreducerande tiltak frå før.**

18. Fleire henv.

Ynskjer oppheva gangfelt ved rådhuset. **Ikkje lagt inn som tiltak i plan. Vil bli vurdert i samband med omregulering av parkeringsplassen foran Valaker.**

19. Per Morten Bjørlykke

a) Ynskjer fartsreducerande tiltak på Flusundvegen. Er 30-sone, men mange køyrer i 60-70. **Ikkje imøtekomen. Ikkje blant topp 4 på prioritet. Lista har kun med fire tiltak for perioden ut 2018.**

b) Vannscooterar køyrer fort og tek ikkje omsyn. **Vurderer dette til ikkje å kome inn under trafikktryggingssplanen.**

20. Planleggarane/Utviklingsavdelinga

a) Bergsøy: Belysning av overgangsfelt langs FV654. **Imøtekomen. Prioritet 6, 8, 9 og 10 i handlingsplan 3, små tiltak.**

b) Bergsøy: Gangveg langs FV654. Frå avkøyrsløp til Verket til og med busslomma. **Imøtekomen. Prioritet 5 i handlingsplan 3, små tiltak.**

c) Tjørnvåg: Belysning overgang ved Coop. **Imøtekomen. Prioritet 7 i handlingsplan 3, små tiltak.**

d) Leikong: Belysning overgang Leikanger kyrkje. **Ikkje imøtekomen. Må evt søkjast statens vegvesen. Her har vore snakk om å fjerne heile overgangen.**

e) Moltu: Fjerne parkeringsplass ved Moltu skule (Då må lærarane kunne parkere ved Coop) **Ikkje imøtekomen. Må evt inngåast avtalar om anna parkering og vere noko skulen sjølv fremmar forslag om.**

f) Moltu: Fortau langs FV10 frå Nygjerdevegen til Myrabakken. **Imøtekomen. Prioritet 7 i handlingsplan 1, større tiltak.**

g) Gangareal ved Meny. Uoversiktleg og sperra av glaskontainerar og reklameskilt. **Kun ryddejobb. Dette er noko kommunen må drøfte med Meny-leiinga.**

21. Utviklingsavdelinga

a) Fotgjengarfelt over FV654 frå Lisjebøvegen til Busslomma på oppsida av FV. Mange elevar

- frå vg nyttar denne. **Ikkje inn som tiltak i plan. Må evt søkjast Statens vegvesen.**
- b) Fotgjengarfelt over FV654 frå Nedre Berge til gangveg på motsett side. **Ikkje inn som tiltak i plan. Må evt søkjast Statens vegvesen.**
- c) Sævik: Gangveg frå Sævik Nedre til Sævik ved FV 18 bør stengast for bilar med bom. Er nytta av skulebarn. **Ikkje imøtekomen. Må evt. vurderast i eiga sak.**
- d) Lisjebøvegen: Ynskjer oppheva overgangsfelt i skuleområdet i Lisjebøvegen for å synleggjere overgangane som er nytta av skuleborna. **Ikkje imøtekomen. Her er fartshumpar på begge sider av overgangsfelta. Dette er vurdert tilfredstillande.**
- e) Sikre at dei flislagde områda kring Valaker-leikeplassen vert bilfrie. **Må vurderast i samband med omregulering frå parkering til park/leik.**
- f) Nerlandsøy: Sikre skulevegen frå Teige/Teigelia til skulen. **Delvis imøtekomen. Prioritet 5 i handlingsplan 1, større tiltak.**

22. Eldrerådet

- a) Ynskjer representant i arbeidsgruppa for TT-plan. **Ikkje imøtekomen. Lik behandling som andre råd/utval.**
- b) Ber om at TT-plan vert sendt til høyring til eldrerådet før politisk handsaming. **Ikkje imøtekomen. Følgjer vanleg prosedyre i pbl for høyring.**
- c) Ynskjer tilsendt alle vedlegg som er vist til i saksutgreiinga. **Imøtekomen. Vedlegg som er vist til i saksutgreiinga vert lagt ved saka. Brev/innspel er normalt ikkje vedlagt. Desse finnast på Herøy kommune si postliste.**

23. Trond Aasen

- a) Ynskjer fartshump rett ved innkøyrsla til ambulansestasjonen/Ørnhaugkrysset (frå Marine Harvest), slik at bilane må bremse før krysset. **Ikkje imøtekomen. Ikkje blant topp 4 på prioritet. Lista har kun med fire tiltak for perioden ut 2018.**
- b) Ynskjer skilt med skulebarn kryssar veg. **Ikkje imøtekomen. Må evt søkjast konkret om og handsamast i eiga sak, jfr handlingsplan 8 linje 3.**
- c) Stiller spørsmål om behov for overgangsfelt same stad. **Ikkje imøtekomen. Må evt søkjast konkret om og handsamast i eiga sak.**

24. Foreldre i Sævika

Ynskjer busskur ved Remøy bedehus for skuleelevar til Einedalen. **Imøtekomen. Prioritet 3 i handlingsplan 3, små tiltak.**

25. Frøystad grendalag

Ynskjer to fartshumpar mellom bedehuset og gnr 20/54 i enden av Grønfjellsvegen. **Imøtekomen. Prioritet 4 i handlingsplan 4, fartshumpar.**

26. Maritim Teknisk Komitè

- a) Ved tinnellen i Sævikane manglar det lys ved busskuret. **Imøtekomen i retning Einedalen. Ikkje i retning Runde. Prioritet 3 i handlingsplan 3, små tiltak.**
- b) Belysning fotgjengarovergangar: YX, Coop Tjøråvåg, Smedvik. **Delvis imøtekomen. Belysning YX inn på prioritet 6 og belysning Coop Tjøråvåg inn på prioritet 7 i handlingsplan 3, små tiltak.**

Smedvik er ikkje prioritert.

c) Veglys langs FV654 kryss Myrvåg Herøy legesenter – Tunellen. Ikkje prioritert tiltak.

d) Megakrysset (Coop Extra) betre belysning. Imøtekomen. Inn på prioritet 6 i handlingsplan 3, små tiltak.

e) Belysing ved fotgjengarovergang FV654 ved Auto Marine. Imøtekomen. Prioritet 8 i handlingsplan 3, små tiltak.

27. Jarleif Igesund m/fl

Ynskjer muligheit for å krysse FV17 Mjølstadnesvegen frå gangvegen til Monsholmen. Ikkje imøtekomen. Må evt søkjast og vurderast av Statens vegvesen.

28. Maritim Teknisk komitè /Idar Tarberg

Ber om utviding av 50-sone på FV10 frå Tarberg mot Løset på Moltu. Ikkje imøtekomen. Må evt søkjast og vurderast av Statens vegvesen.

29. Hilde Marie Brungot

Ynskjer opning i autovernet på FV654 i Lilleneset, Tjørnvåg. Ikkje imøtekomen. Må evt søkjast og vurderast av Statens vegvesen.

30. Idar Tarberg

Ynskjer 2-3 fartshumper på Tarbergvegen. Ikkje imøtekomen. Ikkje blant topp 4 på prioritet. Lista har kun med fire tiltak for perioden ut 2018.

31. Julia/Fred, anleggsavdelinga

Fortau opp til trafo på Heid. Her er fortau eit stykke. Det er planlagt fortau lenger oppe. Då vert her ein flaskehals utan fortau på om lag 180 meter. Imøtekomen. Prioritet 6 i handlingsplan 2, mindre tiltak.

32. Elisabeth Mansfield, vegvesenet (sak 2016/1108)

Kopperstad/Teigevegen: FV 21 Teigevegen har 50-sone. Er det aktuelt med fartshumper her må disse inn i TT-plan. 30-sone skilt ikkje tilstrekkeleg. Ikkje imøtekomen. Ikkje blant topp 4 på prioritet. Lista har kun med fire tiltak for perioden ut 2018.

KOMMUNEDELPLAN TRAFIKKTRYGGING 2015-2018



HERØY KOMMUNE

Vedteken i kommunestyremøte 17.12.2014,

K-sak 169/14

Handlingsprogram revidert 2017

Kommunestyremøte 15.02.2017

K-sak 20/17

November 2014



Innhald

1. Innleiing – bakgrunn	3
Vedtak og organisering av arbeidet	3
Arbeidsform, deltaking og medverknad.....	3
2. Evaluering av gjeldande trafikktryggingsplan 2009- 2012.	8
3. Ulykkessituasjonen i Møre og Romsdal og Herøy kommune.....	8
Trafikkmønster	8
4. Kva kostar trafikkulykkene?	9
5. Trafikkulukke og personskadeulukker i Herøy kommune	9
6. Trafikktryggingsarbeidet i kommunen.....	17
7. Oversikt over ynskte tiltak (innspel)	19
8. Visjon og mål for trafikktryggingsarbeidet i Herøy kommune.....	19
9. Mål for trafikktryggingsarbeidet i Herøy kommune	19
10. Satsingsområde	21
11. Verkemiddel i trafikktryggingsarbeidet.....	22
Ansvars- og kostnadsfordeling.....	22
12. Handlingsprogram	24
13. Trafikktryggingstiltak for menneske med nedsett funksjonsevne.....	43
14. Finansiering, oppfølging og rapportering	44
15. Nyttige lenkar	45
16. Vedlegg	45



1. Innleiing – bakgrunn

Stortinget vedtok i februar 1996 ein interpellasjon der dei bad regjeringa om å stimulere fleire kommunar til å utarbeide handlingsplanar for trafikktrygging. Frå og med år 2002 har ein slik plan vore ein føresetnad for å få statleg støtte til planlegging og gjennomføring av tiltak for sikring av barn sin skuleveg på fylkesvegar og kommunale vegar. Herøy kommune nyttar Vegdirektoratet sin rettleiar (Handbok 209) som eit utgangspunkt for denne planen.

Vedtak og organisering av arbeidet

Den fyrste trafikktryggingsplanen til Herøy kommune blei vedtatt i kommunestyret i K-sak 121/02, 19.12.2002. Planen var gjeldande i perioden 2001-4. Då kommunedelplanen skal rullerast kvart 4. år vart planen rullert i 2008. Her blei ny trafikktryggingsplan vedteken (i K-sak 109/08), og omfatta perioden 2009-2012. Denne trafikktryggingsplanen skal gjelde for perioden 2013-2016.

Under arbeidet med denne trafikktryggingsplanen er det oppnemnd ei arbeidsgruppe bestående av følgjande representantar:

- Ein planleggar
- Ein representant frå Anleggs – og driftsavdelinga
- Barnerepresentanten
- Ein politisk representant

I forbindelse med denne trafikktryggingsplanen blei det gjennomført ei «*Barnetrakkregistrering*» i 2012. Her blei det undersøkt kvar barn og unge ferdast i trafikken og kvar dei føler det er trygt og utrygt. Både på veg til og frå skulen, til fritidsaktivitetar, leik m.m. Denne forma for kartlegging er å sjå på som ei utvida form for medverknad frå barn og unge i planlegging av trafikktryggingstiltak. I denne prosessen har spesielt borna blitt utfordra til å kome med sine innspel gjennom aktiv deltaking. Metodane som er blitt brukt er teikningar på kart og presentasjon av historier munnleg til kommunen. Resultatet av arbeidet er utforma som delrapport 1 til denne kommunedelplanen.

Arbeidsform, deltaking og medverknad

Vedtak om oppstart av rullering av trafikktryggingsplanen vart kunngjort tidlig vår 2012. Forslag til planprogram vart etter lova lagt ut for offentleg ettersyn/ høyring i 6 veker. Arbeidet har vore kunngjort i Vestlandsnytt 30. mars 2012. Det kom inn 4 innspel til trafikktryggingsplanen i løpet av denne perioden. Planprogram for arbeidet med KDP trafikktrygging blei stadfesta i Maritimt og teknisk komite, MTK-sak 34/12 i møtet 12.06.2012. Planprogrammet legg viktige føringar for planprosessen og det vidare arbeidet med ny trafikktryggingsplan.

Samfunnstryggleik (ROS):

Det er gjennomført ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) i kommunedelplanen for å vurdere potensielle uønska hendingar og konsekvensar av desse i høve samfunnstryggleik. Det er nytta sjekklister frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal i dette planarbeidet.



Konsekvensutgreiing(KU):

I samband med utarbeiding av kommunedelplan trafikktrygging ser ein ikkje at det utløyser krav om konsekvensutgreiing. Planen i seg sjølv vil ikkje utløyse krav om KU etter Forskrift om konsekvensutgreiing § 2,3 og 4. Krav om konsekvensutgreiing tilknytt tiltak til m.a eksisterande veg, som i denne Trafikktryggingsplanen, fell kravet om KU bort. I tiltak der nye veglinjer vert diskutert og planlagd, vil krav om konsekvensutgreiing bli teke opp til vurdering. Planarbeidet vil vidare fylgje reglane for handsaming og prosess for kommunedelplanar i plan- og bygningslova.

Sentrale aktørar i trafikktryggingsarbeidet

Dette er sentrale aktørar i trafikktryggingsarbeidet:

- Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Fylkestrafikktryggingsutval – FTU
- Samferdsutvalet
- Fylkesmannen
- Statens vegvesen
- Politiet
- Kommunestyret og politiske utval
- Rådmannen
- Utviklingsavdelinga
- Anleggs- og driftsavdelinga
- Servicetorget
- Folkehelsekoordinator
Trygg Trafikk
- Oppvekst – barnehagar og skular



Barnehagane i Herøy er flinke til å nytte refleks (Foto: Herøy kommune).



Innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar

Den einskilde innbyggjar står sentralt i arbeidet med trafikktrygging. Som trafikant spelar innbyggjarane ei viktig rolle i kva åtfærd som blir vist i trafikken, både som køyrande og gåande/syklande. Ved å overhalde trafikkreglar og viser respekt for andre trafikantar, gjer ein viktig innsats i å betre den generelle trafikktryggleiken i kommunen.

Næringslivet spelar også ei viktig rolle i arbeidet med å betre trafikktryggleiken, blant anna ved å gjennomføre fysiske tiltak på eigedomen, gjennomføre tiltak i høve åtfærd og haldningar på sin arbeidsplassar. Her kan fleire verksemdar oppmode sine tilsette om bruk av alternativ transport til/frå arbeidsplassen der dette er mogleg. På denne måten kan næringslivet stimulere til færre bilar i trafikken og samstundes legge til rette for at fleire av arbeidstakarane får betre folkehelse. Her er det viktig at verksemdar legg til rette forhold som gir rom for alternativ transport. Vidare kan den einskilde verksemd gjere fysiske tiltak på sine eigedomar som betrar trafikktryggleiken, då spesielt retta mot oppmerking av parkeringsareal, belysning, gode snutilhøve, skilting, inngjerding, og skilje areal for gåande/syklande og køyrande.

Lag og organisasjonar spelar også ei viktig rolle, då desse kan fremje tiltak i høve åtfærd og haldningar om «god trafikktryggleik» blant sine medlemmer. Dei organisasjonane som rår over fast eigedom, kan gjere tiltak på eigedomane som fremjar trafikktrygging i høve sine egne medlemmer og andre trafikantar.

Andre viktige aktørar

- Bilorganisasjonane
- Forsikringsbransjen
- Trafikkskulane
- Forsikringsinstitusjonane
- Transportnæringa
- Media
- Redningstenesta
- Spesielle interesseorganisasjonar

Sentrale planar og dokument

Nasjonal transportsplan(NTP)

Dette er ein strategisk plan for utvikling av den samla statlege infrastruktur for veg-, jernbane-, luft- og sjøtransport. NTP er eit viktig dokument i leddet for samarbeid mellom stat, fylke og kommunar i satsing på samferdsel. Regjeringa vil vidareføre nullvisjonen for trafikktryggleik, som inneberer at transportmidla og transportsystemet må formast på ein slik måte at dei fremmar riktig åtfærd, og i størst mogleg grad hindrar at menneskelege feilhandlingar får fatale konsekvensar. Vidare må trafikantane påverkast til ein sikker åtfærd.

Støtte til trafikktryggingstiltak vert brukt som eit aktivt verkemiddel for å betre trafikktryggleiken og er ei fylkeskommunal ordning.



Fylkesplanar og regionale planar

For fylkesvegnettet har fylkeskommunen ulike ordningar for tiltak, her under også trafikktryggingstiltak. For det «nye» fylkesvegnettet er det fullt ut eit fylkeskommunalt ansvar, når tiltak er kome inn på investeringsprogrammet kan kommunen søkje om å forskotere. Når det gjeld dei «gamle» fylkesvegane har ein to ordningar for deling av kostnadane med kommunen:

Mindre tiltak som gjeld forsterking og utbetring av fylkesveg (dvs, tiltak på vegområdet). Dette er investeringsmidlar, og det er i økonomiplanen for 2013-2016 satt av i underkant av 3 millionar i 2014 og 2015, i tillegg til om lag 4 mill, kr i 2013. Ordninga rettar seg mot kommunane. Statens vegvesen handterer søknadsprosessen. Vedtaksmynde er Samferdselsutvalet i.

Tiltak som gjeld trafikktryggingstiltak både på fylkesvegar og kommunale vegar (stort sett har dette vore bygging av gang- og sykkelveg langs («gamal») fylkesveg og ulike trafikksikringstiltak på kommuneveg). Dette er driftsmidlar, og det er i økonomiplanen for 2013-2016 satt av 10 millionar i 2013, 2014 og 2015. Ordninga rettar seg mot kommunane. Statens vegvesen handterer søknadsprosessen. Vedtaksmynde er Fylkestrafikktryggingutvalet for mindre tiltak og Samferdselsutvalet for større tiltak.

I tillegg har fylkeskommunen ei ordning for TS-tiltak i regi av frivillige lag, organisasjonar, FAU, skular osv. Dette er ei ordning som retter seg mot mindre tiltak, øvre grense for tilskot er 30 000 kroner. Dette er driftsmidlar, det er tidlegare år satt av 100 000 kroner. Søknadane vert handtert av fylkesadministrasjonen og vedtaksmynde er FTU. Fylkeskommunen delar også ut refleksar og refleksvestar til skular, barnehagar og liknande på førespurnad.

Kommunale planar

Trafikktryggingarbeidet er sektorovergripande, og må derfor samordnast med den øvrige kommunale planlegginga, t.d når det gjeld målsettingar. Det inneber også at tiltak som krev økonomiske ressursar frå kommunen si side må innarbeidast i årlege budsjett og økonomiplan.

Gjennomføring av trafikktryggingstiltak på kommune- og fylkesvegar oppnår ofte tilskot frå dei fylkeskommunale stønadsordningane til trafikktryggingstiltak. Ei av ordningane føreset at kommunen sjølv dekkjer 50 % av kostnadane, og det er soleis avgjerande at det vert sett av midlar til dette i dei årlege budsjetta. Her er det mogleg, gjennom søknad, å få aktivert midlar dersom kommunen dekkjer sin del av finansieringa. Tidlegare trafikktryggingplan tok utgangspunkt i ein årleg kommunal innsats på ca 500.000 kroner. I budsjett for 2013 er det avsett kr 2.000.000 til trafikktrygging.

Formannskapet har gjennom vedtak av «Planprioriteringar 2013» bestemt at det skal satsast på fleire gang- og sykkelvegar i kommunen. Planleggingsarbeidet er her starta opp for fleire vegstrekningar, med bakgrunn i eit førebuande kartleggingsarbeid.



«Barnetrakkregistreringar 2012»

I samband med planarbeidet er det gjennomført Barnetrakkregistreringar på alle skulane i kommunen. Registreringane er gjort av elevane i 4. og 6. klasse ved barneskulane og 9. klasse ved ungdomsskulane. Barn og ungdom er ekspertar på fysisk miljø. Det er ingen som kjenner kratt og sti, bakgårdar og grønne areal betre enn dei som bruker desse. Barn opplever, ser og bruker uterom på kreative og unike måtar. Resultat av dette arbeidet følgjer som delrapport til denne planen.



Bilete av Barnetrakkregistreringar på skulane i 2012 (Foto: Herøy kommune)

Lovgrunnlag og kommunens ansvar for trafikktrygging

Kommunen har eit stort ansvar for trafikktryggingsarbeidet både som vegmynde og gjennom sitt ansvar for arealplanlegging. Trafikktrygging inngår også i kommunen sitt ansvar som eigar av skular og barnehagar, transportør og som arbeidsgivar. Dette ansvaret strekk seg til både det politiske nivå og alle administrative avdelingar i kommunen som driv forvaltning og nyttar seg av transport i tenesta. Særskilt viktige områder er tiltak for fotgjengarar og syklistar i utforming av eit trygt lokalmiljø. Kommunen sitt ansvar når det gjeld trafikktryggingsarbeid er heimla i følgjande lover, forskrifter og stortingsmeldingar:

- Forskrift om miljøretta helsevern
- Veglova
- Lov om helseteneste i kommunen
- Plan- og bygningsloven
- Opplæringsloven
- Kunnskapsløftet – læreplanar



- Skuleskyss for grunnskulen
- Rammeplan for barnehagar
- HMS-forskrifta

2. Evaluering av gjeldande trafikktryggingsplan 2009-2012.

Evaluering av førre trafikktryggingsplan går fram av «Delrapport 2 – Status trafikktrygging i dag». I denne planen er det mykje arbeid som er blitt gjennomført, men også mange tiltak som enno ikkje har blitt prioritert og gjennomført. Ein foreslår å vidareføre nokre av desse.

3. Ulykkessituasjonen i Møre og Romsdal og Herøy kommune

Trafikkmønster

Fylkesveg 654 går som ein hovudåre gjennom kommunen frå Dragsund i søraust til Fosnavåg sentrum i nordvest. Frå FV 654 går det ein fylkesveg via Moltustranda mot Sande kommune, til Torvik/ Bø, til Leine/ Remøy/ Runde og frå Fosnavåg via Nerlandsøy til Kvalsvik. Fylkesveg 61 tek av frå FV 654 i Myrvåg og går mot sør gjennom Leikong mot Sande kommune. Frå Leikong går det ein fylkesveg til Jøsok/ Voldnes.

Tabell 5. Registrerte køyrety i Herøy kommune

Køyrety i Herøy kommune pr. 31/12 2011			
<i>Type køyrety</i>		<i>Type køyrety</i>	
Personbilar	4543	Traktor	314
Buss	25	Motorredsk.	8
Kombibilar	56	Moped	302
Varebilar	668	Motorsykkel	196
Lastebilar	110	Belte M. sykkel	6
SUM BILAR	5402	Tilh.	1725

Tabell 1: Registrerte køyrety i Herøy kommune pr. 2010

Dersom vi ser på denne oversikta av registrerte køyrety i Herøy kommune i 2011, kan vi sjå at Herøy kommune hadde 7953 køyrety i 2011, inkludert registrerte tilhengarar. Berre køyrety åleine utgjorde i kommunen 6228. Dette er ei stor auke frå tidligare, for eksempel 1998 då det var 5386 køyrety i kommunen. Til tross for at det er fleire køyrety enn før har ulukkestatla gått ned.



4. Kva kostar trafikkulykkene?

Den som vert ramma av ei trafikkulykke, kan i tillegg til auka kostnader til livsopphald og pleie, få store problem med daglege gjeremål som igjen fører til redusert livskvalitet. Pårande vert påført ulemper både av praktisk og psykisk karakter.

Totalt reknar ein med at kvar politirapporterte personskadeulykke representerer samla samfunnsøkonomiske kostnader på om lag 2,4 millionar kroner, basert på produksjonsbortfall, medisinske kostnader, materiellkostnader og administrative kostnader. Ifølge eit skriv frå regjeringa (*Nasjonal strategi – Ulykker i Noreg, nasjonal strategi for førebygging av ulykker som medfører personskade 2009- 2014*), kostar dødsulukke i trafikken på landsbasis, 26 milliardar kroner i året.

I Herøy kommune skjedde det perioden 1989- 2000 gjennomsnittleg 15 personskadeulykker kvart år. Det vil seie at trafikkulykkene i Herøy den tida, årleg kosta 2,4 millionar x 15 = 36 millionar kroner. For ein åtteårs periode no, har kostnadane i Herøy vorte redusert til 31 millionar kroner årleg. Det er ein reduksjon på 5 millionar kroner.

Sjølv om talet på drepne i trafikken har gått ned dei siste åra, er det framleis mange som vert hardt eller lettare skadd i trafikken i Herøy kommune. Tabellen under viser ein statistikk over tal på ulykker fordelt på årstal i kommunen.


5. Trafikkulykke og personskadeulykker i Herøy kommune

Data om ulukkesituasjonen i kommunen er eit viktig grunnlag for tiltaka i handlingsprogrammet. Tala er basert på politirapporterte personskadeulykker.

Tabellane som det vil verte vist til i dette kapittelet er motten frå Statens Vegvesen, region Midt. Tabellane og statistikken går i detalj på type ulykke, aldersgruppe, omfang og skadeomfang av ulykkene. Tabellane viser også til kva for vegar i kommunen det har skjedd kva for type ulukke. Statistikken tek også føre seg kor mange mjuke trafikantar som har vorte skadd i trafikken. Statistikken er såleis sær nøyaktig og presis.

Antall ulykker fordelt årstal

År	Antall ulykker	Antall drepte/skade	Antall drepte	Antall hardt skade	Antall lettere skade
2004	13	15	0	3	12
2005	17	27	0	3	24
2006	17	32	0	3	29
2007	13	16	0	1	15
2008	10	17	1	1	15
2009	16	22	1	1	20
2010	15	20	0	3	17
2011	5	7	0	0	7
Sum	106	156	2	15	139



I denne statistikken som er utlevert av Statens Vegvesen, region Midt, kan vi sjå at frå 2004 – 2011 skjedde det totalt 106 trafikulykker der 2 menneske omkom. I same perioden var det 15 hardt skadde og 139 lettare skada i ulykkene.

Som ein kan sjå utifrå tabellen, er det langt færre som har vorte alvorleg skadd eller drepne i trafikken i Herøy dei siste 8 åra. Når ein les rapportar og skriv, for eksempel frå Statens Vegvesen er dei svært nøgde med at stadig færre vert drepne eller alvorleg skadde i trafikken.


Utifrå denne tabellen og dei tidligare tala frå 1989- 2000 gjev det oss god grunn til å tru at arbeidet som har vorte lagt ned når det gjeld trafikktrygging, viser seg igjen i slike statistikkar. ¹ Per 04.07.2011 var det ingen trafikkdrepne i Møre og Romsdal, noko som er svært bra og som mest sannsynlig ikkje har vore tilfelle sidan 50- 60 talet. For gjennom dei 10 siste åra har heile 15 personar blitt drepne i trafikken i Møre og Romsdal.

¹ [http://mrfylke.no/Nyheiter/Ingen-trafikkdrepte-saa-langt-i-2011-i-Moere-og-Romsdal/\(language\)/nno-NO](http://mrfylke.no/Nyheiter/Ingen-trafikkdrepte-saa-langt-i-2011-i-Moere-og-Romsdal/(language)/nno-NO) - I



Trafikantgruppe - skadegrad

Trafikantgruppe	Antall drepte/skadde	Antall drepte	Antall hardt skadde	Antall lettere skadde
Bilfører	68	1	6	61
Bilpassasjer	51	1	1	49
Person lett MC	3	0	1	2
Person annen MC	4	0	0	4
Person moped	16	0	2	14
Person sykkel	3	0	2	1
Fotgjenger	9	0	3	6
Aker	0	0	0	0
Andre	2	0	0	2
Sum alle	156	2	15	139




I denne statistikken kan ein sjå kva for trafikantgruppe det er som har blitt skadde og drepne i Herøy kommune dei siste åra. Vi ser at ein bilfører og ein passasjer omkom. Vi kan sjå at det i hovudsak er bilfører og passasjer som vert skada i ulukkene som skjer i kommunen. Men ikkje berre bilulukker er representert i Herøy kommune. Heile 16 menneske vart skada i ulukker med moped. Gjerne er førarane av mopedar og liknande svært unge, gjerne i 16 års alderen.


Ikkje berre motoriserte køyretøy er representert når ein ser på denne statistikken. Tal på fotgjengarar og person med sykkel har blitt hardt skada i trafikken. Så mange som 11 mjuke trafikantar vart skadd i Herøy 2004- 2011.



Uhellskategori - skadegrad

Uhellskode hovedkategori	Antall ulykker	Antall drepte/skadde	Antall drepte	Antall hardt skadde	Antall lettere skadde
Annet	8	11	0	0	11
Fotgj.ul	9	9	0	3	6
Kryssul.	24	34	0	2	32
Møteul.	14	28	1	5	22
Påkj.bakfra	10	17	0	1	16
Utforkj	41	57	1	4	52
Sum alle	106	156	2	15	139






Ei trafikkulukke kan vere så mangt, anten i bil, moped, syklist eller fotgjengarar. Alle som ferdast i trafikken kan verte utsett for ei ulukke. I Herøy kommune var det heile 9 fotgjengarulukker, 24 kryssulykker, 14 møteulykker, 41 utforkøyningar og 10 møteulykker på vegen i løpet av 8 år. Det var i møteulykke og utforkøyringsulykke at to menneskjer i Herøy miste livet.



Veg - skadegrad

Veg	Antall ulykker	Antall drepte/skadde	Antall drepte	Antall hardt skadde	Antall lettere skadde
0	1	1	0	0	1
FV10	5	15	0	3	12
FV15	2	6	0	0	6
FV16	5	5	0	0	5
FV18	6	7	1	1	5
FV20	3	4	0	0	4
FV21	1	1	0	0	1
FV61	10	18	0	2	16
FV654	57	76	0	5	71
KV13	1	1	1	0	0
KV1650	2	3	0	0	3
KV168	1	1	0	1	0
KV1900	1	1	0	0	1
KV192	1	1	0	1	0
KV2200	1	1	0	0	1
KV2300	1	2	0	0	2
KV2500	1	1	0	0	1
KV2575	1	1	0	1	0
KV340	1	2	0	0	2
KV345	1	1	0	0	1
PV99042	1	1	0	1	0
PV99508	1	4	0	0	4
SV99999	2	3	0	0	3
Sum alle	106	156	2	15	139



Sum

Antall ulykker/ enheter / personer i utvalget som rapporten er basert på: 106 / 321130 / 392250



Utifrå denne tabellen ser ein at det har skjedd trafikkuhell på alle vegane i Herøy kommune. Det er FV 10, FV 18, FV 61 og FV 654 som har hatt dei trafikkulukkene med verst utfall, hardt skada eller drepne.



Kart over ulukkesstadar i Herøy kommune. Politirapporterte ulukker, perioden 1991- 2000.



6. Trafikktryggingssarbeidet i kommunen

Trafikktryggingssarbeidet dei siste åra har vore fokusert på *fartsreducerande tiltak* i bustadområde og langs bygdevegar. Det har si årsak i mange enkeltsøknadar frå for eksempel foreldre i byggjefelt som ynskjer *fartsdempande tiltak* der borna leikar.

Det har og vore gjort mindre tiltak i nærleiken av skuleområde, som til dømes fartshumpar og busslommer. Nokre døme av tiltak som er gjort i Herøy kommune er; området ved Moltu skule, planlagt undergang Frøystadskaret, redusert fartsgrense i Røyra og i enkelte byggjefelt, samt bygging av fartshumpar på Eggesbønes. I tillegg er det gjennomført diverse siktutbetringar langs vegar i byggjefelt, og oppføring av bom på gangvegar «Hamnevegen» på Remøy. Dette er endringar som kan virke små, men som faktisk gjer store forskjellar i det daglege trafikkbiletet. Slike små tiltak er viktige, og langt betre enn at ingenting vert gjort.



Born på skuleveg (Foto: Trygg trafikk – fotograf: Anders Aavik Hagen)

Statens vegvesen har bygt ut eit nettverk av gang og sykkelvegnett langs fylkesvegane, men mykje står att langs fylkesvegnettet før ein oppnår tilfredstillande løysingar for trafikktryggleiken. Gjennom kartleggingssarbeid og delrapport 2, viser det seg at eit av dei viktigaste satsingsområda i framtida bør vere å sikre tryggare skulevegar for born og unge.

Enkelte plassar i kommunen kan ein få vinterskyss (buss) på grunn av dårlege vegforhold og utrygg skuleveg. Opplæringslova sitt kapittel 7 omhandlar elevar sin rett til skuleskyss.



På grunn av at mange elevar i Herøy kommune har lang og/eller ekstra farleg skuleveg, får mange born skuleskyss. Det er eit mål å leggja til rette for at flest mogleg kan gå eller sykla til skulen. I tillegg til at dette gjev ein samfunnsøkonomisk vinst, så vil det og spare miljøet, og gje helsevinst ved at barna får auka fysisk aktivitet. Samstundes er erfaring med å bevege seg i trafikken viktig for barn si trafikkforståing og -opplæring.

Mange stader i kommunen manglar det fortau eller gang- og sykkelveg som skil dei mjuke trafikantane frå motortrafikken. Mange foreldre opplever skulevegen som så farleg for barna at dei vel å køyre dei til og frå skulen. Ofte kan dette vere den einaste praktiske løysinga, men samtidig medfører foreldrekøyringa ei sterk auke av trafikken i og rundt skuleområda. Som regel er ikkje skulen sitt nærområde utforma for å ta imot den auka trafikken på ein trygg og trafikksikker måte. I tillegg kan det vere trengsel, travelheit, stress og eit uoversiktleg trafikkbilde når mange leverer eller hentar barna til same tid. Dermed oppstår det uoversiktlege og farlege situasjonar i forbindelse med stans, rygging og snuing, og resultatet blir auka trafikkfare for alle som ferdast til og frå skulen.

Problemet kan verta noko redusert ved at foreldra slår seg saman og køyrer kvarandre sine barn når det er mogleg. Kvar ekstra passasjer kan spare omgjevnadane for éin bil. Utfordringane kan også bli tatt opp i FAU, på foreldremøte osv, for å gjera foreldra merksame på situasjonen. Kanskje kan ein finne ein stad i nærleiken av skulen som kan fungera som hente-/bringe plass, eller andre lokale løysingar som kan redusera trafikkmengda, og få fleire barn til å gå eller sykle til skulen.

Mange stader i landet arrangerer foreldra «følgjevordningar», der foreldra byter på å følgja barna til skulen. Då får barna gå-trening saman med ein vaksen, i tillegg til frisk luft og mosjon før skulestart.

Ein bør difor satse vidare på tiltak som kan fremje både folkehelse og auka trafikktryggleik for alle samfunnsgrupper i kommunen. Mange elevar går både til og frå skulen, og ein konsekvens av ei vidare satsing på dette vil krevje prioriteringar og vilje til å gjennomføre moment i reguleringsplanar som inneheld strekningar for gang- og sykkelveg, samt at det må setjast av meir areal i komande arealplanar.

Når det gjed tala som kjem fram gjennom statistikken i denne kommunedelplanen, kan desse sjåast på som eit verkty for å forbetre trafikktryggleiken. Med så nøyaktig og konkret statistikk, vert arbeidet med å legge til rette og sette opp tiltak – og prioriteringsliste meir oversiktleg. Dette fordi ein ser kva som er behov, og gjerne kvar behova er størst for gjennomføring av trafikktryggingstiltak. På denne måten er statistikk eit relevant verkty i det vidare planarbeidet og det er viktig at ein les, oppfattar og nyttar statistikken på ein konstruktiv måte.



7. Oversikt over ynskete tiltak (innspel)

I det komande følger ei oppsummering av ynskete tiltak (innspel), inndelt etter område. Tiltaka her er ikkje prioriterte. Tala i parentes bak kvart tiltak refererer til nummer på innspel på vedleggslista over innkomne merknader.

Leikong

- Ynskje om utbetring av kommunal veg 166 frå Leikanger skule «oppom åsen» Underskriftskampanje frå bygdefolk på Leikong. (3)

Moltustranda

- Krav frå bygdefolket om at gang- og sykkelveg gjennom Moltustranda Fylkesveg 10 vert prioritert. (1)

-

Remøy

- Ynskje om spegel i bratt og sær s uoversiktleg "s-sving", yst i Sævikane.
- Uoversiktleg, høg fart og sær utrygt ved busslomma utanfor tunnelopninga (tunnel til Runde).

Bergsøy

- Tryggje skuleveg ved gamlevegen på strekinga Hjelmeset - Mix Scene1. Vedkommande som har sendt inn innspellet meiner denne strekinga vert nytta til unødvendig gjennomføring på en veg som er mykje brukt til skuleveg. Vil på grunn av unødvendig gjennomkøyring ha bom for å sperre av trafikken. (2)
- Trafikktryggingstiltak Hjelmesetområdet – innspel frå Eldrerådet. Nedsetting av fartsgrense til 50 km/t etter rundkøyinga (mot Fosnavåg?) og oppmerking og skilting av gangfelt over fylkesvegen. Skaffe turvande godkjenning frå vegstyresmaktene for gjennomføring av tiltaket.

8. Visjon og mål for trafikktryggingarbeidet i Herøy kommune

På statleg og fylkeskommunalt nivå har ein og ei form for "trafikktryggingssplanar", som naturlegvis får følgjer for den kommunale planlegginga. På begge desse nivåa vert det arbeidd ut frå den såkalla 0- visjonen, visjonen om ingen drepne eller livsvarig skadde i trafikken. Ideen er i utgangspunktet adoptert frå Sverige.

Ingen har råd til å miste nokon i trafikken. Det er tragisk når slikt skjer. Det er difor viktig at Herøy kommune har 0- visjonen som forankring for arbeidet med trafikktrygging.

9. Mål for trafikktryggingarbeidet i Herøy kommune



Omsynet til trafikktryggleik skal vere eit viktig element i all verksemd i Herøy kommune. Det er difor viktig at offentlege organisasjonar, privatpersonar, grupper, lag og organisasjonar og næringsliv bidreg til å redusere talet på trafikkulukker i tida framover.

På vegnettet eksisterer det mange feller, til dømes i form av farlege kryss, gangfelt eller uoversiktlege bakketoppar og svingar. Dei fleste ulykker skjer likevel på grunn av fartsoverskriding eller fordi bilistar, syklistar og fotgjengarar ikkje er merksame nok.

Vegtrafikklova seier at alle som ferdast i trafikken skal vise aktsemd. Dersom alle hadde følgt vegtrafikklova sin grunnregel for trafikk hadde vi knappast hatt ulykker.

Vegtrafikklova sin §3 – Grunnregel for trafikk:

”Enhver skal ferdes hensynsfullt og være aktpågivende og varsom så det ikke kan oppstå fare eller voldes skade og slik at annen trafikk ikke blir unødig hindret eller forstyrret.

Vegfarende skal også vise hensyn mot dem som bor eller oppholder seg ved vegen.”

Ein vil framheve det som urealistisk at det ikkje skal skje ei einaste ulykke i trafikken. På kommunenivå kan ein i likskap med overordna forvaltningsnivå likevel ha ein visjon om at ikkje nokon skal døye eller verte alvorleg skadde. Dersom vi ser på år 2010 åleine, var det ingen drepne i trafikken i Herøy kommune, men eit menneske vart alvorleg skadd, 2 menneske vart alvorleg skadd og 13 menneske vart lettare skadd etter uhell i trafikken. Med tanke på dei høge tala av skadde og drepne i den tidligare planen, er det svært gledeleg å sjå ei positiv endring i statistikken over ulukker og utfall dei siste åtte åra. På åtte år har det vore to menneskjer som har omkomme i trafikken i Herøy. I ein 11 års periode frå 1989- 2000, var det seks omkomne. Det seier sitt.

For at ein skal klare å holde på slike gode tal som frå for eksempel 2010 og byggje vidare på dei gode statistikkane frå dei siste åtte åra, er det viktig at ein held vedlike vegar. Det vert heldt jamlege kontrollar og at ein har same fokus på trafikk og trafikktrygging i åra framover. I tillegg til at det kan gjerast fysiske forbetringar på vegane, er det viktig å satse på åtferdsendrande tiltak.

Hovudmål

Herøy kommune har sett opp to hovudmål som vert lagt til grunn for trafikktryggingarbeidet:

Mål 1:

«INGEN SKAL BLI DREPNE ELLER KOME ALVORLEG TIL SKADE I TRAFIKKEN I HERØY KOMMUNE».

Herøy kommune ynskjer ikkje at nokon skal bli alvorleg skada eller drepne i trafikken. Dette er eit ambisiøst mål, som vil krevje at arbeidet med trafikktrygging blir prioritert



av alle samfunnsgrupper. Målsetting vil krevje eit felles bidrag i høve haldningar og åtfærd i trafikken, samt fysiske tiltak langs vegnettet i kommunen. Dei ulykkene som oftast fører til død eller livsvarig skade er ulykker som skjer på grunn av altfor høg fart.

Mål2:

«ALLE TRAFIKANTAR SKAL FØLE SEG TRYGGE I HERØY KOMMUNE»

Alle trafikantar og spesielt utsette grupper som barn, eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og elles mjuke trafikantar, skal føle seg trygge når dei ferdast langs vegane.

I det generelle arbeidet med trafikktrygging i Herøy kommune er det viktig at det vert satsa på både fysiske tiltak og åtfærdsendrande tiltak blant innbyggjarane (trafikanter), då desse tiltaka har alle viktige og ulike innverknadar på framferda i trafikken. Det er viktig at alle brukargrupper har ei bevist haldning til trafikktrygging og at ein legg vekt på dei momenta som kjem fram i form av informasjon og opplysningar om trafikktrygging.

For at alle skal føle tryggleik langs vegane er følgjande tiltak viktig:

Differensiering	Fartsreduksjon	Vegkryssingspunkt	Åtfærdsendrande tiltak
Helst skilje vegtypar, køyreveg, gang- og sykkelveg. Gjeld der hastigheita er 50 km/t eller meir.	I byggefelt og tettbygde områder med berre ein vegtype. Låg fart som er tilpassa sikt. Fartsgrense 30 km/t Siktutbetring Fysiske tiltak (fartsreduserande tiltak)	Der det er høg fartsgrense bør det undergangar. Betre siktilhøva Skilting av kryssingspunkt Oppmerking av gangfelt («Sebrastriper»)	Bruk av refleks/ refleksvest, bruk av sykkelhjelme og sikkerheitsutstyr for rulleskøyter. Haldingskampanjar på skular og i barnehagar Informasjon til alle heimar (Infoskriv) også blant vaksne.

10. Satsingsområde

Følgjande tiltak går fram som viktigast for kommunen i trafikktryggingsarbeidet:

- ✓ **Fysisk sikring av barn sin skuleveg**
- ✓ **Byggje nye gang- og sykkelveg**
- ✓ **Betre løysingar på spesielt ulukkesbelasta områder langs vegnettet**
- ✓ **Åtfærdsendrande tiltak og haldningskampanjar.**



11. Verkemiddel i trafikktryggingarbeidet

Kommunen har fleire verkemiddel som vert nytta i arbeidet med å trygge trafikken i Herøy. Nokre verkemiddel på kommunenivå er direkte underlagt kommunane som sentral aktør i trafikktryggingarbeidet. Desse tiltaka kan nemnast som;

- Fysiske tiltak på kommunale vegar
- Arealplanlegging/ lokalisering
- Trafikkopplæring i barnehage og grunnskule
- Trafikantinformasjon
- Tiltak mot rusmidlar og kriminalitet

Vidare kan kommunen delta gjennom samarbeid med og påverknad frå fylke, stat eller organisasjonar gjennom:

- Tiltak på fylkesvegar
- Trafikkopplæring i vidaregåande skule
- Overvaking og kontroll
- Trafikantinformasjon

Ansvars- og kostnadsfordeling

Kommunale vegar:

Kommunen har ansvar for finansiering og gjennomføring av tiltak i høve dei vegane som er kommunale vegar. Midlar til gjennomføring av tiltak blir løyvd av kommunestyret i budsjett og handlingsplanar. Alt ansvar for gjennomføring av fysiske tiltak på kommunale vegar ligg til Anleggs- og driftsavdelinga i Herøy kommune.



Opning av ny kommunal veg i Dragsund 2011 – Foto: Herøy kommune



Fylkesvegar:

Ansvar for desse vegane ligg til Møre og Romsdal fylkeskommune som vegeigar, i tett samarbeid med Statens Vegvesen som fagkonsulent innanfor planlegging, bygging og drift. Tidlegare vegar som har vore klassifisert som «riksvegar» er no definert som Fylkesvegar. Fylkeskommunen mottar økonomiske midlar til vegformål gjennom løyvingar frå staten.

Kommunen kan kome med ynskje overfor fylkeskommunen om å få gjennomført tiltak på dei fylkesvegane som er innanfor kommunegrensa, og som kommunen meiner bør prioriterast. Dette har vore gjort frå kommunen gjennom ei årleg «Samferdselsprioritering» som blir eit årleg politisk vedteke innspel frå kommunen til fylkeskommunen sitt arbeid med investeringsprogrammet for fylkesvegar.



Bilte: Strekninga Kalveneset – Torsethøgda er ei strekning som ligg inne på prioriteringslista til Møre og Romsdal fylkeskommune. Statens vegvesen arbeider no med grunnlag for oppstart av utbygging av ny gang- og sykkelveg på denne strekninga.

Kommunen vil i tida framover vere ein meir aktiv aktør ved å fremje forslag til tiltak som ein ynskjer skal bli prioritert på fylkesvegane i Herøy. Dette gjeld både trafikktrygging, utbetring av eksisterande vegar og bygging av nye fylkesvegar.

Herøy har stor byggjeaktivitet og sterk vekst i næring, busetting og kultur. I lys av dette er det tidlegare signalisert, frå kommunen si side, viktigheita i å få realisert større vegprosjekt som til dømes ny innfartsveg til Fosnavåg. Ein ynskjer å oppnå ei berekraftig samfunnsutvikling med ein hovudinfrastruktur som legg til rette for meir vekst i kommunen. Det er allereie gjennomført eit omfattande planarbeid for fleire større vegprosjekt i Herøy kommune, og ein ser det som både viktig og avgjerande at desse prosjekta blir prioritert og realisert av Møre- og Romsdal fylkeskommune – slik at ein også kan betre trafikktryggleiken på dei mest trafikkbelasta vegane i Herøy kommune.



12. Handlingsprogram

Generelt om tiltakstypar og prioritering av tiltak

Ein har delt handlingsplanane inn slik:




- 1) Større tiltak
- 2) Mindre tiltak
- 3) Små tiltak
- 4) Fartsreducerande tiltak, fartshumpar
- 5) Langsiktige tiltak
- 6) Åtferdsendrande tiltak
- 7) Planleggingstiltak
- 8) Andre mindre tiltak

Tiltak langs fylkesveg er markert med «*» sidan det er Møre og Romsdal fylkeskommune som har hovudansvaret for gjennomføring av tiltak på desse vegane.




Åtferdsendrande tiltak er tiltak der trafikantane gjennom opplæring/ informasjon og ulike former for kontroll/ overvaking vert påverka til betre og sikrare åtfærd i trafikken. Slike tiltak treng ikkje alltid vere så kostnadskevande, men det føreset at det vert sett av tid både i skular, barnehagar, informasjon om trafikk og rusmiddel i skulane og eventuelt på foreldrekveldar. Det er vidare viktig at det vert lagt opp til eit konstruktivt samarbeid mellom køyreskular, politi, forsikringsselskap, Statens Vegvesen, trafikkorganisasjonar og media om opplæring i høve trafikktryggleik for born- og unge.



Handlingsplan 1: Større fysiske tiltak langs kommune- og fylkesvegar.

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
1	*Skarabakken, Fosnavåg sentrum FV 654	Utviding av fortau og køyrebane, ny støttemur og omlegging av privat veg	Utrygg skuleveg, stor trafikk.	STV Herøy kommune (AD og UTV)	Statens Vegvesen gjennomfører prosjektet. Herøy kommune bistår.
					
Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
2	*Indre Herøy kyrkje – Stokksund FV 654	Ny gang og sykkelveg Omlegging av fylkesveg	Farleg skuleveg Dårleg kryss Stor trafikk og tungtransport Ikkje samsvar mellom krysstype og trafikkmønster / mengd.	MR fylke STV	Godkjend reguleringsplan. Planleggingsarbeid og prosjektering skjer no i regi av Statens vegvesen. Avsett midlar frå MR fylke. Prosjektet ligg på MR fylke sine prioriteringslister.
 					



Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
3	*Leine- Remøyholm FV18	Ny Fylkesveg 18 Gang- og sykkelveg og utbetring av kryss.	Ikkje tilfredstillande standard på FV. Utbetring til 2 køyrebaner. Behov for ny GSV grunna utrygg skuleveg. Kryssutbetring.	MR fylke STV	Reguleringsplan godkjent Avsett midlar frå MR fylke. Ligg på MR fylke sine prioriteringslister.
 <p>Reguleringsplan for strekninga Leine / Remøyholm</p>  <p>Reguleringsplan for Leine og regulert kryssutforming.</p>  <p>Foto av kryss på Leinane.</p>					



Kommunedelplan for Trafikktrygging 2015- 2018

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngeving	Ansvar	Kommentar
Kommunen har fleire verkemiddel som vert nytta i arbeidet med å trygge trafikken i Herøy. Nokre verkemiddel på kommunenivå er direkte underlagt kommunane som sentral aktør i trafikktryggingarbeidet. Desse tiltaka kan nemnast som;

- Fysiske tiltak på kommunale vegar
- Arealplanlegging/ lokalisering
- Trafikkopplæring i barnehage og grunnskule
- Trafikantinformasjon
- Tiltak mot rusmidlar og kriminalitet

Vidare kan kommunen delta gjennom samarbeid med og påverknad frå fylke, stat eller organisasjonar gjennom:

- Tiltak på fylkesvegar
- Trafikkopplæring i vidaregåande skule
- Overvaking og kontroll
- Trafikantinformasjon

Ansvars- og kostnadsfordeling

Kommunale vegar:

Kommunen har ansvar for finansiering og gjennomføring av tiltak i høve dei vegane som er kommunale vegar. Midlar til gjennomføring av tiltak blir løyvd av kommunestyret i budsjett og handlingsplanar. Alt ansvar for gjennomføring av fysiske tiltak på kommunale vegar ligg til Anleggs- og driftsavdelinga i Herøy kommune.



Opning av ny kommunal veg i Dragsund 2011 – Foto: Herøy kommune



Fylkesveggar:

Ansvar for desse vegane ligg til Møre og Romsdal fylkeskommune som vegeigar, i tett samarbeid med Statens Vegvesen som fagkonsulent innanfor planlegging, bygging og drift. Tidlegare vegar som har vore klassifisert som «riksveggar» er no definert som Fylkesveggar. Fylkeskommunen mottar økonomiske midlar til vegformål gjennom løyvingar frå staten.

Kommunen kan kome med ynskje overfor fylkeskommunen om å få gjennomført tiltak på dei fylkesvegane som er innanfor kommunegrensa, og som kommunen meiner bør prioriterast. Dette har vore gjort frå kommunen gjennom ei årleg «Samferdselsprioritering» som blir eit årleg politisk vedteke innspel frå kommunen til fylkeskommunen sitt arbeid med investeringsprogrammet for fylkesveggar.



Bilete: Strekninga Kalveneset – Torsethøgda er ei strekning som ligg inne på prioriteringslista til Møre og Romsdal fylkeskommune. Statens vegvesen arbeider no med grunnlag for oppstart av utbygging av ny gang- og sykkelveg på denne strekninga.

Kommunen vil i tida framover vere ein meir aktiv aktør ved å fremje forslag til tiltak som ein ynskjer skal bli prioritert på fylkesvegane i Herøy. Dette gjeld både trafikktrygging, utbetring av eksisterande vegar og bygging av nye fylkesveggar.

Herøy har stor byggjeaktivitet og sterk vekst i næring, busetting og kultur. I lys av dette er det tidlegare signalisert, frå kommunen si side, viktigheita i å få realisert større vegprosjekt som til dømes ny innfartsveg til Fosnavåg. Ein ynskjer å oppnå ei berekraftig samfunnsutvikling med ein hovudinfrastruktur som legg til rette for meir vekst i kommunen. Det er allereie gjennomført eit omfattande planarbeid for fleire større vegprosjekt i Herøy kommune, og ein ser det som både viktig og avgjerande at desse prosjekta blir prioritert og realisert av Møre- og Romsdal fylkeskommune – slik at ein også kan betre trafikktryggleiken på dei mest trafikkbelasta vegane i Herøy kommune.



12. Handlingsprogram


Generelt om tiltakstypar og prioritering av tiltak

Ein har sett opp fem forskjellige handlingsprogram; 1) fysiske strakstiltak (mindre tiltak), 2) fysiske strakstiltak (større tiltak) 3) langsiktige fysiske tiltak 4) åtferdsendrande tiltak og 5) planleggingstiltak langs kommune- og fylkesvegar. Dei langsiktige tiltaka er kostnadskrevjande og har ein lenger planleggings- og gjennomføringsprosess.

Strakstiltak er tiltak som ikkje kostar så mykje, som har kort planleggingstid og som difor kan gjennomførast ganske raskt. Tiltak langs fylkesveg er markert med «*» sidan det Møre og Romsdal fylkeskommune som har hovudansvaret for gjennomføring av tiltak på desse vegane.



Åtferdsendrande tiltak er tiltak der trafikantane gjennom opplæring/ informasjon og ulike former for kontroll/ overvaking vert påverka til betre og sikrere åtfærd i trafikken. Slike tiltak treng ikkje alltid vere så kostnadskrevjande, men det føreset at det vert sett av tid både i skular, barnehagar, informasjon om trafikk og rusmiddel i skulane og eventuelt på foreldrekveldar. Det er vidare viktig at det vert lagt opp til eit konstruktivt samarbeid mellom køyreskular, politi, forsikringsselskap, Statens Vegvesen, trafikkorganisasjonar og media om opplæring i høve trafikktryggleik for born- og unge.

Tabell 6: Fysiske strakstiltak langs kommune- og fylkesvegar (Små)

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
	*Fylling, Myklebust (Bergsøya) FV 654	Langs FV Skilje gang-, trafikk- og parkeringsareal. Skilje areal for gåande og køyrande på vestsida av FV654.	Kryssproblematikk	MR fylke STV	Kommunen må søkje MR fylke om etablering av fortau mellom kryss ved Spar og fram til kryssingspunktet ved YX (fotgjengarovergang) Anleggs- og driftsavdelinga utbetrar av krysset ved Cash & Carry.
					





Kommunedelplan for Trafikktrygging 2015- 2018




<p>*Gjerdet, Hjelmeset FV 654</p>	<p>Etablering av gangveg overgangsfelt FV654 Vidare kopling mot gangsti til Hjelmeset-vegen. Nedsett fartsgrense til 50 km/t.</p>	<p>Farleg kryssingspunkt og utrygg skuleveg</p>	<p>MR fylke STV</p>	<p>Kommunen må søkje MR fylke om etablering av fotgjengarovergang, oppmerking, skilting og gangveg på sørsida av FV654.</p>
				
<p>*Skarabakken, Fosnavåg sentrum FV 654</p>	<p>Utviding av fortau og køyrebane, ny støttemur og omlegging av privat veg</p>	<p>Utrygg skuleveg, stor trafikk og</p>	<p>STV Herøy kommune (AD og UTV)</p>	<p>Statens Vegvesen gjennomfører prosjektet. Herøy kommune bistår.</p>
				
<p>*Moltustranda, FV10</p>	<p>Etablering av fotgjengarovergang og skilting ved skuleområdet</p>	<p>Farleg kryssingspunkt for skuleborn</p>	<p>Herøy kommune (UTV)</p>	<p>Kommunen etablerer tilrettelagt kryssingspunkt.</p>



Kommunedelplan for Trafikktrygging 2015- 2018

					
	Ny gangveg langs «Osen» til Leikanger skule	Planlegging og bygging av ny gangveg langs «Osen» til/frå Leikanger skule	Farleg skuleveg. Alternativ trase for gåande og syklande.	Herøy kommune (UTV og AD) Grendalag FAU Grunneigarar	Samarbeidsprosjekt mellom kommunen, grunneigarar og frivillig sektor. Må utarbeidast reguleringsplan.
					
Fosnavåg sentrum, FV654	Oppmerking av overgangsfelt, nedsenking av kantstein. Utbetring og evt flytting av fortau	Dårleg oppmerka fortau, uoversiktlege kryssingspunkt,	Statens Vegvesen (STV) HK (AD)	Anleggs- og driftsavdelinga gjennomfører prosjektering og utføring av utbetringstiltak på kommunale vegar og fortau i sentrum.	









						
*Sævikane FV18	Betre lys og skilting ved busslomme.	Farleg situasjon med busslomme og kryssing av mjuke trafikantar. Haldeplass for skuleborn.	Statens Vegvesen Herøy kommune (AD)	Må søkje MR fylke om tiltak på Fylkesvegen.		
						
Leikanger skule, Kommunal veg. KV 166	Etablering av snuplass. Fjerning av vegetasjon langs veg. Utbetre siktilhøva i området.	Betre snutilhøva for buss, unngå farleg situasjonar med rygging.	Herøy kommune (AD og Eigedom)	Anleggs- og driftsavdelinga gjennomfører prosjektering og utføring av tiltak på skuleområdet. Eigedomsavdelinga må involverast i prosessen.		
						
*Nye busskur og UU – tiltak for busslommer (FV) FV 654	Universell utforming av busslommer og nye busskur langs FV	Betretilgjenge for kollektivtransport – betre tilhøva for buss	MR fylke / STV	Må søkje om UU tiltak for eksisterande busslommer – betre kollektivtransport		



<p>Busslomme ved Moltu skule (FV10)</p>	<p>Busslomme ved Verket (FV654)</p>			
<p>Busslomme ved tunnelen i Sævikane (FV18)</p>	<p>Busslomme på Myklebust (FV654)</p>			
<p>*Busslomme Verket, FV654</p>	<p>Utbetring av busslomme for å betre TT.</p>	<p>Betne tilgjenge og bruk av kollektivtransport</p>	<p>MR fylke/ STV</p>	<p>Utbetring av busslomme til UU-standard. Ny tilkomst med gangveg på sørsida av FV654.</p>
<p>*Forbikøringslomme FV654 Myrvåg</p>	<p>Etablere forbikøringsfelt ved FV654 i tilknytning til avkøyrsløp mot Myrvåg alders- og sjukeheim</p>	<p>Betne flyt i trafikken. Unngå farlege trafikksituasjonar ved stopp for bilar som skal krysse vegen.</p>	<p>MR fylke og STV</p>	<p>Tiltaket må planleggast og det må søkjast fylkeskommunen om få etablert tiltaket på fylkesvegen.</p>






Tabell 7: Fysiske strakstiltak langs kommune- og fylkesvegar (Store)

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
	*Leine (Ytre) FV 18	Utbetring av kryss/ avkøyring mot bustadfeltet. Siktutbetring.	Trafikkarleg kryss i dag. Dårlig sikt. Ikkje opparbeidd i tråd med reguleringsplan	Herøy kommune (AD)	Reguleringsplan godkjent. Anleggs- og driftsavdelinga gjennomfører prosjektering og utbetring av kryss. Sjå i samanheng med realisering av vegstrekinga i reguleringsplan for Leine – Remøyholm.
					
Reguleringsplan for Leine og regulert kryssutformning		Foto av kryss på Leinane			
*Leine- Remøyholm FV18	Ny Fylkesveg 18 Gang- og sykkelveg	Ikkje tilfredstillande standard på FV. Utbetring til 2 køyrebaner. Behov for ny GSV grunna utrygg skuleveg	MR fylke STV	Reguleringsplan godkjent Avsett midlar frå MR fylke. Ligg på MR fylke sine prioriteringslister.	
					
Reguleringsplan for strekinga Leine / Remøyholm					
*Planfrikryssing Frøystadskaret FV 654	Ny undergong på Frøystadtoppen	Farleg skuleveg Stor trafikk Ikkje oppmerka overgangsfelt	MR fylke STV	Reguleringsplan godkjent. Avsett midlar frå MR fylke. Ligg på MR fylke sine prioriteringslister.	
					
Reguleringsplan for undergong på Frøystadtoppen		Foto av tilhøva på Frøystadtoppen			





Kommunedelplan for Trafikktrygging 2015- 2018


	<p>*Frøystadkrysset FV654</p>	<p>Oppsetting av stoppskilt, utviding av kryss i samsvar med reguleringsplan. Etablere dobbel sperrelinje i bakkane rundt krysset.</p>	<p>Farlege kryss. Problem med sporingskurve for vogntog.</p>	<p>MR fylke STV</p>	<p>Krysset er regulert, men ikkje utbygd fullt ut etter plan. Kommunen må søkje Statens Vegvesen om etablering av tiltaket.</p>
					
	<p>*Indre Herøy kyrkje – Stokksund FV 654</p>	<p>Ny gang og sykkelveg Omlegging av fylkesveg</p>	<p>Farleg skuleveg Dårleg kryss Stor trafikk og tungtransport Ikkje samsvar mellom krysstype og trafikkmønster / mengd.</p>	<p>MR fylke STV</p>	<p>Planleggingsarbeid og prosjektering skjer no i regi av Statens vegvesen. Avsett midlar frå MR fylke. Prosjektet ligg på MR fylke sine prioriteringslister.</p>
					
	<p>*Nærøykrysset - FV18</p>	<p>Ny rundkøyring Ny gang- og sykkelveg, Nytt fortau mot Nærøya Utbetring av busslommer Etablere av kryssingspunkt FV18.</p>	<p>Trafikkfarleg kryss. Registrert fleire alvorlege trafikklukker. Farleg kryssingspunkt for skuleborn</p>	<p>MR fylke STV</p>	<p>Reguleringsplan godkjent Må detaljprosjekterast. Det må søkjast MR fylke om prioritering og gjennomføring av tiltaket.</p>
					



	Reguleringsplan for Nærøyrkrysset	Foto over dagens kryssutforming på Nærøya
--	--	--

Tabell 8: Langsiktige tiltak langs kommune- og fylkesvegar

Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
	*Myklebust – Fosnavåg sentrum FV 654 *Campus – Fosnavåg sentrum	Ny innfartsveg til Fosnavåg sentrum. Etablering av gangtunnel frå kulturhuset til Fosnavåg sentrum.	Ikkje tilfredstillande standard på dagens fylkesveg gjennom Skarabakken. Farleg skuleveg. Framtidig forbindelse for mjuke trafikantar.	MR fylke STV Herøy kommune (Utviklingsavdelinga og Anleggs- og driftsavdelinga)	Reguleringsplan godkjent i 2013. Arbeid med prosjektering og utarbeiding av byggjeplanar for ny veg har starta opp. Anleggs- og driftsavdelinga har ansvar for vidare oppfølging i høve utbygging. Ny gangforbindelse ligg i kommuneplan – må utarbeidast reguleringsplan for ny gangtunnel.
					
		Innfartsveg til Fosnavåg	Ny gangtunnel mellom Fosnavåg sentrum og kulturhuset.		
	*Moltustranda, FV10	Omlegging av fylkesveg og ny gang- og sykkelveg. Sikutbetring og breiddeutviding av veg. Gjeld strekninga frå Storelva til «Brattebakken»	Smal og uoversiktleg veg. Trafikkfarleg skuleveg.	MR fylke STV	Reguleringsplan godkjent. Må detaljprosjekterast. Tiltaket ligg ikkje på MR fylke sine prioriteringslister. Det må søkjast MR fylke om prioritering og gjennomføring av tiltaket.



Reguleringsplan for FV10 på Moltustranda.

Tabell 9: Åtferdsendrande tiltak

Pri. nr	Type tiltak	Mågruppe	Ansvar	Antatt kostnad	Kommentar
	*Overhalde trafikktryggingstiltak som er skildra i utarbeidd/vedteken rammeplan for skule/barnehage	Barn og foreldre til barn i skular og barnehagar	Skulesjef Leiar for barnehage	Små kostnader innanfor skul-/barnehagebudsjett.	Viktig tiltak i høve kunnskap og opplæring om trafikktryggleik.
	Temadagar «Trafikktrygging» Foreldre/ungdom/lag og organisasjonar.	Foreldre, barn og ungdom, lag og organisasjonar.	Trygg trafikk, vegvesenet, kyrkja, kommunen, evt andre.	Mindre kostnader knytt til ressursbruk innanfor dei forskjellige etatane som er med.	Viktig haldningskaping blant ungdom
	Refleksutdeling	Alle fotgjengarar	Herøy kommune v/ Servicetorget Skuleavdelinga Barnehagar	Sponsor / kommunen (ca. 10.000,- kommunedel)	Auke bruk av refleks og visualisering i trafikkbilete.
	Temadagar Trafikktrygging» . Besøk av ulike org og etatar i barnehagar og på skular. Auke kompetanse og kunnskap om trafikktrygging.	Barn 0-6 år. Foreldre Tilsette i bhg Lærarar Barn i grunnskulen	Skular, barnehagar, Politi Statens Vegvesen Trygg Trafikk		Viktig haldningsskaping blant barna.

**For tiltaka i tabell.9 er det føreset at dei vert innarbeidd i budsjett, økonomiplan og årsplan for dei ulike avdelingane. Ansvar for oppfølging av tiltak ligg til avdelingsleiarane.*



Trafikkopplæring for dei minste er eit viktig tiltak (Foto: Trygg trafikk – Fotograf: Anders Aavik Hagen)

Tabell 10: Planleggingstiltak lang fylkesveggar og kommuneveggar

Pri. Nr	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngjeving	Ansvar	Kommentar
	Nerlandsøybrua FV 20	Grunnlag for bygging av nye bru	Forfall / etterslep vedlikehald på eksisterande bru	MR fylke Statens Vegvesen Herøy kommune (Utviklingsavdelinga)	Statens Vegvesen gjennomfører planleggingsarbeid for ny bru. Herøy kommune gjennomfører planarbeid på tilgrensande areal for å oppnå samanheng i infrastruktur.
	Remøybrua FV18	Grunnlag for bygging av nye bru	Forfall / etterslep vedlikehald på eksisterande bru	MR fylke Statens Vegvesen Herøy kommune (Utviklingsavdelinga)	Statens Vegvesen gjennomfører planleggingsarbeid for ny bru. Herøy kommune gjennomfører planarbeid på tilgrensande areal for å oppnå samanheng i infrastruktur.
	Bergsøya - FV 654	Grunnlag for: Generelle trafikktryggingstiltak langs FV654 frå Flusund til Myklebust. Ny GV på sørsida.	Hovudinnfartsveg til Fosnavåg sentrum. Ikkje dekkjande gang- og sykkelveg. Kryssproblem Forbikøyringsfelt	MR fylke Statens Vegvesen Herøy kommune (Utviklingsavdelinga)	Herøy kommune v/ Utviklingsavdelinga gjennomfører planarbeid.



Kommunedelplan for Trafikktrygging 2015- 2018

	Gangvegpakke 2013 Fylkesvegvar	Grunnlag for realisering av nye gang og sykkelvegvar i Herøy kommune. Strekningane gjeld langs fylkesvegvar.	I tråd med satsingsområde. Behov for utvikling og samanheng i eksisterande nettverk. Skape tryggare skulevegvar for born og unge. Stimulere til betre folkehelse.	MR fylke Statens Vegvesen Herøy kommune (Utviklingsavdelinga)	Herøy kommune v/ Utviklingsavdelinga gjennomfører planarbeid.
	Dragsundbrua FV 654	Grunnlag for: Realisering av ny Dragsundbru med 2 køyrefelt og fortau.	Smal og trafikkfarleg bru. Ikkje gangfelt. Ikkje tilfredstillande standard i høve trafikkgrunnlag.	MR fylke Statens Vegvesen Herøy kommune (Utviklingsavdelinga) Ulstein kommune (Teknisk etat)	Herøy kommune v/ Utviklingsavdelinga gjennomfører planarbeid. Samarbeidsprosjekt mellom Herøy og Ulstein kommune.
	Igesund – Fosnavåg sentrum FV 20	Grunnlag for: Omlegging av Fylkesveg 20 frå Kvalsundbrua til Huldalskrysset. Ny gang- og sykkelveg	Smal og uoversiktleg veg. Trafikkfarleg skuleveg.	MR fylke Statens Vegvesen Herøy kommune (Utviklingsavdelinga)	Herøy kommune v/ Utviklingsavdelinga gjennomfører planarbeid. Tiltaket skal sjåast i samanheng med reguleringsplan for ny bru til Nerlandsøy.
	Voldsundneset – Remøybrua FV18	Grunnlag for omlegging av veg. Gjennomføring av reguleringsendring	Smal og uoversiktleg veg.	MR fylke Statens Vegvesen Herøy kommune (Utviklingsavdelinga)	Herøy kommune v/ Utviklingsavdelinga gjennomfører planarbeid. Tiltaket skal sjåast i samanheng med ny bru til Remøya.
	Moltustranda FV10	Grunnlag for omlegging av veg. Oppfølging av tidlegare godkjent KDP og kommuneplan frå 2004	Smal og uoversiktleg veg. Utrygg skuleveg.	MR fylke Statens Vegvesen Herøy kommune (Utviklingsavdelinga)	Herøy kommune v/ Utviklingsavdelinga gjennomfører planarbeid.
	Røyra (Herøybrua) – Mjølstadneset FV654	Grunnlag for ny hovudinnfartsåre til Bergsøya. Planarbeid i tråd med kommunestyrevedtak	Oppfølging av vedtak i K-styre og Kommuneplan	MR fylke Statens Vegvesen Herøy kommune (Utviklingsavdelinga)	Herøy kommune v/ Utviklingsavdelinga gjennomfører planarbeid. Samarbeid med Statens Vegvesen.

Tabell 11. Andre mindre tiltak:

Tiltak	Stad	Kommentar
Siktutbetring i vegkryss	Alle kommunale vegkryss	Fjerning av vegetasjon, omforming av terreng, fjerning av sikthindrande element i frisksiktsone.
Utbetring av vegdekke / re-asfaltering	Alle kommunale vegvar	Reperasjon av øydelagt vegdekke. Legging av ny asfalt.
Oppsetting av «Barn leikar» skilt og opplysning om fartsgrense.	Alle kommunale vegvar i tettbygde områder.	Opplysning om barns ferdsel i nærmiljøet til køyrande.
Feiing og kosting av fortau, gangareal og ferdselsårar.	Alle kommunale vegvar + Fylkesveg 654	Viktig arbeid for å unngå ulukker for mjuke trafikantar.
Snøbrøyting og fjerning av is langs fortau, gangareal og ferdselsårar i sentrum	Alle kommunale vegvar, fortau, ferdselsårar, sentrumspassasjer	Viktig arbeid for å unngå ulukker for mjuke trafikantar. Sikre framkomst for alle samfunnsgrupper.
Utskifting av eldre og dårlege gatelys / veglys. Meir lys i sentrum og langs hovudferdselsårar. Vurdere LED-belysning.	Alle kommunale vegvar + Fylkesveg 654. Nye vegvar, gangvegvar og ferdselsareal. Opne plassar, samlingsstadar og byrom	Viktig arbeid for å sikre ferdsel. Stimulere til auka bruk av gang- og sykkelareal. Viktig i høve førebygging av kriminalitet. Viktig for energisparing.
Autovern	Alle kommunale vegvar og strekningar der det er krav om sikring.	Det er viktig at desse vert sett opp for å hindra utforkøyringar på farlege stader (stup og bratte skråningar).

Dei tiltaka som er lista opp som «Andre mindre tiltak» er noko som ein føreset blir gjennomført kontinuerleg og som kan takast undervegs i planperioden.



13. Trafikktryggingstiltak for menneske med nedsett funksjonsevne

Herøy kommune har i fleire år, i samarbeid med handikaplaget, søkt om å få tilskot til trafikktryggingstiltak for menneske med nedsett funksjonsevne. Tilskotet kjem frå Statens Vegvesen og kan vere opptil 100 % av tiltaket sin kostnad. På fylkesbasis var potten på kr 250.000 i 2007 og det er høve til å søkje om tilskot til tiltak som gjer tilhøva i trafikken betre for funksjonshemma. Herøy kommune tek imot innspel om tiltak det bør søkjast om midlar til. I 2007 fekk kommunen eit tilskot på 100.000 kr for utbetring av fortau i Fosnavåg sentrum. Det har her vore gjennomført tiltak i Fosnavåg sentrum i høve utbetring av fortau. I denne kommunedelplanen vert det ikkje utarbeidd eige handlingsprogram for trafikktryggingstiltak for menneske med nedsett funksjonsevne. Herøy kommune tek kontakt med handikapforbund og andre organisasjonar, slik at det blir lagt til rette for at det kan fremjast søknader om tilskot dei åra ein har klare tiltak som bør gjennomførast. Herøy kommune har i 2014 søkt Statens Vegvesen om midlar til universell utforming av gangareal i Fosnavåg sentrum. Søknad har vore planlagt i samråd med Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

14. Finansiering, oppfølging og rapportering

Finansiering

Den årlege økonomiplanen må prioritere midlar til trafikktryggingstiltak som kommunen ynskjer skal bli gjennomført innanfor perioden 2015-2018, der det første året alltid vil vere det viktigaste. Det må leggjast opp til faste rutinar for søknad om fylkeskommunale trafikktryggingssmidlar (TS-midlar). Mange av desse tiltaka føreset ein kommunal eigenandel for å kunne utløyse fylkeskommunale TS-midlar. Møre og Romsdal fylkeskommune og Statens Vegvesen har det finansielle ansvaret for tiltak på fylkesvegane. Ein føreset at det blir sett av årlege midlar til gjennomføring av dei tiltaka som er gitt prioritet i handlingsprogrammet.

Oppfølging og rapportering

Handlingsprogrammet listar opp dei tiltaka som skal prioriterast i den komande planperioden. Ein ynskjer at arbeidet med trafikktrygging skal vere gjennomgåande og eit tema som blir implementert i heile organisasjonen. For å sikre at trafikktryggingarbeidet blir vidareført, ser ein det som naudsynt at temaet blir teke inn dei ulike avdelingane sine årlege prioriteringar og rutinar. Det vert også føreset at det blir rapportert på status for arbeidet med trafikktrygging i den einskilde avdeling. Det er viktig at innarbeidde rutinar og tiltak vert oppretthalde av dei enkelte aktørane. Ein bør difor utvikle gode rutinar for planlegging, gjennomføring og evaluering av trafikktryggingarbeid i kommunen sitt styringssystem. Etter godkjent kommunedelplan, er det forventa at dei ulike kommunale avdelingane innarbeider trafikktryggingssplanar i sine årsplanar og budsjett, slik at tiltaka blir reelle og slik at desse er mogleg å gjennomføre.

Målet må vere at alle i Herøy kommune skal ha eit bevist forhold til arbeidet med trafikktrygging og visjonen om:

«INGEN SKAL BLI DREPNE ELLER KOME ALVORLEG TIL SKADE I TRAFIKKEN I HERØY KOMMUNE».



Ein oppmodar vidare privatpersonar, næringslivet, lag og organisasjonar om å tenkje trafikktrygging gjennom å vise gode haldningar og åtferd i trafikken.

Baksetet i foreldra sin bil,
er det viktigaste klasserommet for
trafikkopplæringa, og i stor grad
avgjerande for dei haldningar
barna tileignar seg
i oppveksten....

15. Nyttige lenkar

<http://www.ssb.no/vtu/tab-2012-04-20-03.html>

<http://www.ssb.no/vtu/tab-2012-04-20-02.html>

<http://www.tryggtrafikk.no/>

<http://www.vegvesen.no/>

<http://www.heroy.kommune.no/Modules/Default.aspx>

<http://mrfylke.no/>

www.sunnmorskart.no

<http://webplan.heroy.kommune.no/>

16. Vedlegg

- 1 - Delrapport 1 – Barnetrakk 2012
- 2 - Delrapport 2 - Status trafikktrygging
- 3 - Behandling av innspel ved varsel om oppstart
- 4 - Innspel til varsel om oppstart
- 5 - ROS-analyse
- 6 - Planprogram



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ERLEVIK	Arkivsaknr:	2016/1525
		Arkiv:	141

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
5/17	Maritim og teknisk komite	13.02.2017
36/17	Formannskapet	28.02.2017
	Kommunestyret	09.03.2017

KOMMUNEDELPLAN FOR HERØY - HAMNEPLAN - REVIDERING

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Maritim og teknisk komite - 13.02.2017

1. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11- 12 å starte opp arbeid med revidering av *Hamneplan for 2017-2027*.
2. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11- 13 å leggje forslag til planprogram ut til offentlig ettersyn i minimum seks (6) veker.

Tilråding:

1. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11- 12 å starte opp arbeid med revidering av *Hamneplan for 2017-2027*.
2. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11- 13 å leggje forslag til planprogram ut til offentlig ettersyn i minimum seks (6) veker.

Forslag til planprogram for Hamn, 2017-2027

Saksopplysningar:

Førebels framdriftsplan

Utvalssak	Utval	Emne	Dato
	MTK	Vedtak om oppstart av planarbeid innstilling	13.02.2017
	Formannskap	Vedtak om oppstart av planarbeid innstilling	28.02.2017
	Kommunestyre	Vedtak om oppstart	09.03.2017
		Høyring av planprogram 16.03.2017-28.04.2017	

Hamneplan for Herøy – Kommunedelplan for fiskerihamner m. v. (2000) er moden for revidering, særleg handlingsprogrammet. Planen frå 2000 tek føre seg situasjonen kring organisering og drift i hamnene, hamnetilbod, trafikkgrunnlag, framtidige behov, nasjonal og regional status, miljø m. m. Farled gjennom kommunen er også skildra.

Målsetning i eksisterande kommunedelplan for fiskerihamner m. v (2000):

«Målsetjinga med hamneplanen er å sikre ei framtidsretta utvikling av hamnefunksjonane i kommunen og å legge forholda til rette for ei samordna utbygging av hamner og hamneanlegg. Hamneplanen skal ha status som kommunedelplan etter Plan- og bygningslova og framlegg til arealbruk og handlingsprogram vil såleis vere retningsgjevande ved rullering av kommuneplanen for Herøy. Tiltak og konklusjonar eller i planen vil også danne basis for dei årlege behandlingane av økonomiplan og budsjett».

Kommunedelplan for Herøy – Hamneplan 2017-2027 skal fungere som eit overordna styringsverktøy for prioritering av tiltak knytt til utvikling og drift av hamner og farled i kommunen.

Planprogrammet skisserer førebels følgjande målsetningar:

- Revisjon av handlingsprogrammet i kommunedelplanen.

- Gjere opp status for hamnene (FDV).
- Analysere og planlegge framtidige behov for hamnene i kommunen.

Framdriftsplan:

Framdriftsplanen er å rekne som førebels, endringar kan vere naudsynte undervegs.

2016/2017

Desember/Januar: Utarbeiding av forslag til planprogram.

2017

- Februar: Planprogrammet vert lagt fram for Marin teknisk komitè (MTK) (13.02), og formannskapet (28.02).
- Mars: Planprogrammet vert lagt fram for kommunestyret (09.03).
- Mars-April: Planprogrammet vert lagt ut til offentleg ettersyn (seks veker).
- April-mai: Stadfesting av planprogram i maritim teknisk komitè.
- Mai-September: Utarbeiding av forslag til hamneplan.
- September: Utlekking av Hamneplan til offentleg ettersyn (seks veker).
- Oktober-november: Bearbeiding av plan etter innkomne merknadar.
- November: Planforslag fremja for marin teknisk komitè.
- November-desember: Endeleg vedtak av Kommunedelplan for Herøy – Hamneplan 2017-2027 i kommunestyret.

Vedlegg:

- [Forslag til planprogram.](#)
- [Oversiktskart over hamner i Herøy kommune.](#)
- [Oversiktskart over farled i Herøy kommune.](#)

Fosnavåg, 27.01.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Erlend Sporstøl Vikestrand

**KOMMUNEDELPLAN
FOR HERØY**

-

**Hamneplan
2017-2027**



FORSLAG TIL PLANPROGRAM

1. Planprogram

Dette planprogrammet skal vere eit verktøy for å sikre tidleg medverknad og avklaring av viktige omsyn som må takast i planarbeidet. Det skal angi formålet med planarbeidet, avklare viktige problemstillingar og utredningsbehov, samt skildre korleis planarbeidet er tenkt gjennomført.

Interesserte vert bedne om å kome med innspel og synspunkt til planprogrammet gjennom offentleg ettersyn før det vert fastsett av Formannskapet. Etter at det endelege planprogrammet er vedteke, skal arbeidet med revisjon av kommunedelplan for hamn fullførast.

2. Planarbeidet sitt formål

Kommunedelplanen for hamn er ei revidering av gjeldande hamneplan frå 2000. Det er naudsynt å gjere ei fullstendig revidering av planen.

Hamnene i Herøy legg grunnlaget for mykje av verdiskapinga i kommunen. Det er difor av høgste interesse for kommunen å oppdatere kommunedelplanen slik at den er i samsvar med dagens situasjonsbilete og kan legge til rette for ei god utvikling også i framtida. Hamneplanen skal understøtte kommuneplanen sin overordna visjon og målsetningar.

Følgjande mål vert lagt til grunn i revideringa av kommunedelplanen:

- Revisjon av handlingsdelen (handlingsprogrammet).
 - o Sikre at planen gir retningslinjer til innkrevjing av hamneavgift til kommunen.
- Gjere opp status på FDV for hamnene i Herøy kommune.
 - o Organisering og drift.
 - o Tilbod og bruk av hamnene.
 - o Trafikk til og frå hamnene.
 - o Miljøstatus i hamnene.
 - o Oppdatere kart over hamnene.
- Utarbeide analyser og plan over kva behov det er for hamnene i kommunen i framtida.
 - o Areal.
 - o Infrastruktur.
 - o Finansiering.
 - o Organisering.

3. Rammer og føringar

Kommunedelplan hamn skal vere ein overordna plan for hamnene i kommunen. I planarbeidet og drifta vil det vere fokus på å vidareutvikle fiskerihamnene i

kommunen som blant dei viktigaste i landet i samarbeid med statlege og fylkeskommunale myndigheiter. Hamne- og farvasslova, forureiningslova og plan- og bygningslova vil vere viktige føringar for ein berekraftig plan og dannar viktige rammer for drift. Kommuneplanen sin arealdel vil legge eit overordna grunnlag for planleggingsfasen.

4. Planavgrensing

Kommunedelplanen vil omhandle hamner (inkludert fiskerihamner) med farled og innseglingar. Planområdet omfattar difor heile Herøy kommune. Småbåthamner er ikkje inkludert i kommunedelplanen.

- Vedlegg 1. Kart over hamner i Herøy kommune.
- Vedlegg 2. Kart over farled (hovudled og biled).

5. Planperiode

Kommunedelplanen vert utarbeidd med handlingsprogram for perioden 2017-2027. Langsiktige løysingar med tanke på drift og utbygging i hamnene vert lagt til grunn for planperioden på 10 år. Det er lagt opp til at status og handlingsprogram vert rullert kvart fjerde (4.) år.

6. Viktige utfordringar

Desse vert vurdert til dei viktigaste utfordringane i samband med planen:

- Sikre tilstrekkeleg medverknad frå grunneigarar, brukarar og andre interesserte.
- Sikre at bakgrunnsinformasjon i planen vert oppdatert (status, kart m.m.)
- Sikre ein heilskapleg og berekraftig plan som inkluderer behova til befolkning og næringsliv i kommunen.

7. Planlagde utgreiingar

Hovudoppgåva i revideringa av kommunedelplanen hamn vil vere å oppdatere handlingsprogrammet. Status og framtidige målsetningar må også reviderast i planarbeidet.

- Delrapportar for oppfølging av punkta i kap. 2.

8. Kommunedelplan hamn

Kommunedelplanen vil innehalde:

- Rammevilkår, status og målsetningar.
- Handlingsprogram
- Kartvedlegg.

Revideringa skal vere ei oppdatering av eksisterande kommunedelplan og skal først og fremst oppdatere handlingsprogrammet og status. Planen skal vidareføre ei berekraftig drift og forvaltning av hamnene i Herøy. Revideringa vil vere gjenstand for høyring og politisk handsaming.

9. Samfunnstryggleik

Det skal utførast risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) i revideringa av kommunedelplanen for å vurdere potensielle uønskte hendingar og konsekvensane av desse i høve samfunnstryggleik. ROS-analysen vil vere basert på tilgjengeleg informasjon og gjennomførast i tråd med gjeldande lovverk.

10. Konsekvensutgreiing

I samband med revisjon av hamneplanen ser ein ikkje at det medfører krav om konsekvensutgreiing. Revideringa i seg sjølv vil ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing etter Forskrift om konsekvensutgreiing §§ 2, 3 og 4.

11. Organisering og medverknad

Fagleg innhald: Samfunnsutvikling ved planavdelinga.

Utviklingsavdelinga vil vere ansvarleg for utarbeiding av planen og syte for at planprosessen er i tråd med plan- og bygningslova.

Det vert lagt opp til informasjon og moglegheiter for innspel på fylgjande måte:

- Varsel om oppstart vert annonsert og forslag til planprogram vert lagt ut til offentleg ettersyn etter pbl. § 11-13. Det vert mogleg å kome med innspel til både planprogram og planarbeidet generelt. Alle merknader/innspel som kjem inn innan fristen vert teke med i kommunen si vurdering når planprogrammet skal fastsetjast.
- Ope møte om kommunedelplanen.
- Kommunedelplanen vil vere gjenstand for høyring og offentleg ettersyn etter pbl. § 11-14 med moglegheiter for å kome med innspel før politisk

handsaming. Innkomne innspel vert vurdert og kommentert i saksframlegg i samband med politisk handsaming.

12. Framdriftsprosess

Aktivitet	Jan- Feb.	Mars- April.	Mai- Juni.	Juli- Aug.	Sept.- Okt.	Nov.- Des.
Politisk vedtak av oppstart. Planprogram til o.e.						
Politisk handsaming. Fastsetting av planprogram.						
Utarbeiding av delrapportar.						
Utarbeiding av forslag til revidert kommunedelplan hamn.						
Politisk vedtak. Revidert kommunedelplan til høyring og o.e.						
Høyring og offentleg ettersyn.						
Innstillingsvedtak av Formannskapet.						
Vedtak av revidert kommunedelplan for hamner av Kommunestyret.						

Tabellen for framdrift er å rekne som førebels og ein må rekne med endringar.



0 1,25 2,5 5 Kilometer

Oversikt over hamner i Herøy kommune

Januar 2017



Farled i Herøy kommune (hovudled i raudt, biled i blått)



KYSTVERKET





Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TR	Arkivsaknr:	2017/286
		Arkiv:	141

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
37/17	Formannskapet Kommunestyret	28.02.2017

OPPSTART AV KOMMUNEDELPLAN FOR KULTURMINNE AV LOKAL VERDI OG PLANPROGRAM TIL OFFENTLEG ETTERSYN.

Tilråding:

1. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11- 12 å starte opp arbeidet med kommunedelplan for kulturminne av lokal verdi.
2. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11- 13 å legge vedlagde forslag til planprogram ut til offentlig ettersyn i minimum seks (6) veker.

Særutskrift:

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset
6404 Molde

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 Molde

Statens vegvesen region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Vedlegg

1. PLANPROGRAM - KOMMUNEDELPLAN FOR KULTURMINNE AV LOKAL VERDI

Saksopplysningar:

Herøy kommune er ei av 189 kommunar som har motteke støtte frå Riksantikvaren til å lage kulturminneplanar. Målet er at 90% av alle kommunar skal ha ein kulturminneplan i løpet av 2020.

Målet med kulturminneplanen er at den skal vere eit godt arbeidsverktøy for kommunen og at arbeidet med planen skal auke kompetansen om lokal kulturarv, sette kulturminne på den politiske dagsorden og oppnå auka samarbeid med lokalsamfunnet.

Dette er saksa frå Riksantikvaren si heimeside: «*Ein kulturminneplan gir kunnskap om fortida og avklarar kva kulturminner ein vil ta vare på i framtida. Med bakgrunn i ei oversikt over viktige kulturminne og kulturmiljø, utarbeider kommunen ein plan for forvaltninga av desse. Kommunane definerer sjølv kva kulturminner som er verneverdige og som skal inngå i kulturminneplanen*».

I korte trekk går utarbeidinga av kulturminneplanen ut på å lokalisere kulturminne av lokal verdi (som ikkje er med i regional kulturminneplan) og å definere eit utval av desse som ein antek vil ha ein verneverdi for framtida. Planprogrammet beskriv prosjektet nærare og har forslag til organisering og gjennomføringsmodell.

Som grunnlag for forslag til planprogram ligg interne administrative vurderingar i kombinasjon med at ein har gått gjennom og vurdert ein del samanliknbare planar.

I botn ligg også Møre og Romsdal Fylkeskommune sin regionale delplan for regionale og nasjonale kulturminne, vedteken i Fylkestinget, sak T-33/15, 15. juni 2015. Sjå www.mrfylke.no/regionalplan.

Vurdering og konklusjon:

Planprogrammet er no klart for politisk handsaming. Det er høve til å kome med innspel og eventuelt gjøringar for det vidare arbeid.

Rådmannen rår til at arbeidet vert vedteke starta opp og at planprogrammet vert lagt ut til høyring i samsvar med reglane i plan- og bygningslova.

Fosnavåg, 16.02.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar


Sakshandsamar: Tanja Rafteseth

KOMMUNEDELPLAN FOR KULTURMINNE AV LOKAL VERDI

2018-2021

HERØY KOMMUNE

PLANPROGRAM



1. Intro

Plan- og bygningslova § 4-1, 2: *“Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn senest samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten”.*

2. Føremål med planarbeidet

Målet med kulturminneplanen er at den skal vere eit godt arbeidsverktøy for kommunen og at arbeidet med planen skal auke kompetansen om lokal kulturarv, sette kulturminne på den politiske dagsorden og oppnå auka samarbeid med lokalsamfunnet.

Dette er saksa frå Riksantikvaren si heimeside: *«Ein kulturminneplan gir kunnskap om fortida og avklarar kva kulturminner ein vil ta vare på i framtida. Med bakgrunn i ei oversikt over viktige kulturminne og kulturmiljø, utarbeider kommunen ein plan for forvaltninga av desse. Kommunane definerer sjølv kva kulturminner som er verneverdige og som skal inngå i kulturminneplanen».*

Kulturminneplanen lokaliserer kulturminne av lokal verdi (som ikkje er med i regional kulturminneplan) og å definerer eit utval av desse som ein antek vil ha ein verneverdi for framtida.

3. Planprosess og fristar

Februar 2017. Varsel om oppstart og utlegging av planprogram til offentlig ettersyn.

Mars-mai 2017. Arbeid med innsamling og kategorisering av data på kulturminne i Herøy. Herunder innspel til oppstart, administrasjonen si eiga innsamling, bygdemøte, interesse møte m.m.

Mai 2017. Fastsetjing av planprogram.

Oktober 2017. Framlegg til kulturminneplan leggast ut til offentlig ettersyn.

Desember 2017. Stadfesting kulturminneplan. Gjeldande frå 2018-2021.

4. Organisering

Utviklingsavdelinga er ansvarleg for gjennomføringsprosessen medan kulturavdelinga har fagleg hovudansvar.

Ein foreslår slik arbeidsgruppe:

Ein planleggar

Kulturleiar

Ein politisk representant

Formannskapet fungerer som styringsgruppe for planen medan komitè for næring, kultur og idrett vil vere ressurs-/referansegruppe.

5. Medverknad

Ein vil søkje å nytte frivillige og/eller særskilt eigna personar til bistand for gjennomføring av kartleggingsarbeidet. Det vil vere ope for alle å kome med innspel undervegs i planarbeidet.

Bygdemøter skal gjennomførast i perioden mars- mai. Ein foreslår slik områdevis inndeling:

Leikong/Myrvåg

Tjørsvåg/Nautøy/Moltustranda

Frøystad/Torvik/Bø/Sande

Leine/Remøy/Runde

Bergsøy

Skorpa/Kvalsund/Kvalsvik

Privatpersonar med interesse for kulturminnevern, aktuelle lag og organisasjonar og eigarar/drivarar av aktuelle verneverdige lokale kulturminne skal i søkjast involverast i planprosessen i størst mogleg grad.

6. Behov for utgreiingar

Det er vurdert at det ikkje er behov for utgreiingar eller konsekvensanalyse i samband med planarbeidet då dette er eit kartleggingsarbeid som ikkje utløyser utbygging. Arbeidet er antatt å ha positiv verknad på samfunn i det ein vonaleg får ei auka merksemd kring verdien av lokale kulturminne for folk flest.



Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2016/1362
		Arkiv:	056

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
31/16	Arbeidsmiljøutvalet	14.11.2016
243/16	Formannskapet	15.11.2016
190/16	Kommunestyret	24.11.2016
5/17	Arbeidsmiljøutvalet	23.01.2017
38/17	Formannskapet	28.02.2017
	Kommunestyret	09.03.2017

ORGANISERING AV INTERKOMMUNALT IKT-SAMARBEID.

Møtebehandling:

Saka vart trekt.

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller orienterte.

Ap, Olaug Andreassen kom med slikt nytt framlegg:
Saka vert utsett for vidare samordning med dei andre kommunene.

Framlegget vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 24.11.2016

Saka vert utsett for vidare samordning med dei andre kommunene.

Møtebehandling - 15.11.2016:

IKT-leiar Guro Gausemel orienterte.

Ap, Svein Gjelseth kom med slikt nytt framlegg:

1. Herøy kommune stiller til disposisjon 3 stillingar til IKT-samarbeid frå 1. januar 2017.
2. Organisering med vedtekter med meir vert å kome attende til.

Ap, Svein Gjelseth sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 15.11.2016

1. Herøy kommune stiller til disposisjon 3 stillingar til IKT-samarbeid frå 1. januar 2017.
2. Organisering med vedtekter med meir vert å kome attende til.

Møtebehandling -14.11.2016:

AMU kom med slik ny samrøystes tilråding:

Arbeidsmiljøutvalet kan ikkje ta stilling til saka, då utvalet ikkje kan sjå det dokumentert at medverknaden har vore tilfredsstillande, og at det heller ikkje er dokumentert kva faktiske fylgjer omorganiseringa vil få for dei tilsette si rettsstilling.

Før Arbeidsmiljøutvalet kan ta stilling til saka må det ligge føre forslag til vedtekter for den nye organisasjonen.

Tilråding i Arbeidsmiljøutvalet - 14.11.2016

Arbeidsmiljøutvalet kan ikkje ta stilling til saka, då utvalet ikkje kan sjå det dokumentert at medverknaden har vore tilfredsstillande, og at det heller ikkje er dokumentert kva faktiske fylgjer omorganiseringa vil få for dei tilsette si rettsstilling.

Før Arbeidsmiljøutvalet kan ta stilling til saka må det ligge føre forslag til vedtekter for den nye organisasjonen.

Tilråding:

Kommunestyret sluttar seg til at IKT-drifta vert organisert under felles leiging i eit interkommunalt selskap. Herøy kommune stiller til disposisjon 3 stillingar til selskapet frå 1. januar.

Særutskrift:

- IKT
- Rådmannen si leiargruppe
- HTV
- HVO

Samandrag av saka:

Det er foreslått å samle IKT-drifta for kommunane på Søre Sunnmøre i eit interkommunalt selskap som skal avløyse Hareid som vertskommune.

Saksopplysningar:

Stadig fleire av databasene og applikasjonane vert drifta frå felles IKT driftssenter for dei 7 kommunane på Søre Sunnmøre. Forslaget som no ligg føre er ei vidareføring av den driftsmodellen som er etablert. Det nye er i hovudsak at ein samordnar drifta under felles leiing og organiserer dette under eit selskap som avløyer Hareid som vertskommune. Det er utarbeidd ein tenesteleveranseavtale som sikrar ansvar og oppfølging av datadrifta frå dette senteret i den enkelte kommune. Modellen skal sikre stordriftsfordelar på både investering og drift, og det skal i tillegg til tilsette på sentralen vere IKT-personell ute i den enkelte kommune.

Modellen byggjer på at kommunane overfører sine IKT-stillingar til det interkommunale selskapet som syt for IKT-drifta i alle kommunane. Det er i dag 19 stillingar til saman. Behovet i den nye organisasjonen er kalkulert til 18 stillingar inklusive dagleg leiar. Det er forventa at ein etter ein etter etablering og implementeringsfase på 2 - 3 år kan ta ut effekt ved reduksjon i bemanning. Dette vil i så fall skje etter ein plan og ved naturleg avgang eller overføring til andre ledige stillingar i kommunane.

Stillingane/drifta i IKT-selskapet vert fordelt på kommunane etter ein fastsett utrekningsnøkkel.

I modellen er det lagt opp til eit skilje mellom strategi (bestilling) og drift (utføring). Samtidig vil det vere behov for nært samarbeid mellom desse funksjonane.

Vurdering og konklusjon:

Det digitale samfunnet vil berre utvikle seg vidare på stadig fleire område. Dette gir moglegheit til å utvikle tenestene overfor innbyggjarane, samtidig som det opnar for smartare og rimelegare måtar å administrere oppgåvene på. For å kome dit må ein sikre den grunnleggjande drifta. Rådmannen meiner at den interkommunale driftsmodellen som er etablert på Søre Sunnmøre er nødvendig for at vi skal greie å vere operative og ha sikker drift på IKT-sida. Dette gir også grunnlag for eit fagleg miljø der vi kan få til utvikling i lag. Kommunane leverer dei same tenestene, og det er mykje å hente på å drive felles utviklingsarbeid og samarbeide om dei same programvarene og korleis ein skal organisere arbeidet for å få effekten ut av dei i drift og tenesteyting.

Kommunane bør utvikle felles strategi på korleis ein skal møte det digitale samfunnet, og korleis ein skal møte innbyggjarane for å få tidsmessige tenester og gjennom digitale vaner forenkle tenesteytinga og sakshandsaminga i kommunane. IKT er ein innsatsfaktor for å utvikle tenesteytinga og redusere driftskostnadene til kommunane. I land som t.d Danmark, men også i større byar her i landet, har ein kome lenger i denne utviklinga. Erfaringa viser at ein må auke utgiftene til IKT for å ta ut effekten i administrasjon og tenesteyting. Slik rådmannen ser det vert Herøy kommune nødt til å auke ressursane på IKT-området i åra framover. Saman med dei andre kommunane ser rådmannen det som viktig å byggje opp kapasitet også på strategisk utvikling for å analysere, ta rette val og sikre gevinstrealisering. Den strategiske IKT-ressursen bør koplust til tenestemiljøa på tvers av kommunegrensene og setje utviklingsarbeidet i system og sikre kontinuitet.

Rådmannen innser at skal ein fullt og heilt med i det interkommunale samarbeidet, så må alle dei tre faste stillingane innanfor IKT stillast til disposisjon for felles drift. På den andre sida ser rådmannen behov for at kommunane i samarbeid byggjer opp strategisk IKT-kapasitet. I ei mellomfase meiner rådmannen dette må løysast gjennom pragmatisk ved ikkje for sterkt skilje mellom drift og strategisk arbeid. Det må uansett vere bruer i mellom. Med det behovet som vil kome framover for å ta i bruk IKT-verkty i den strategiske

utviklinga, så vil det i dei komande åra verte behov for å byggje opp utviklingskapasitet på IKT-sida.

Rådmannen rår til at Herøy kommune deltek i den vidare utviklinga av SSIKT (Søre Sunnmøre IKT-samarbeid) og sluttar seg til endring av selskapsstruktur der ein avløyser vertskommune til fordel for eit interkommunalt selskap som får ansvar for drifta av IKT i alle 7 kommunane under ei samla leiing. Herøy kommune leiger ut tre IKT-stillingar til det interkommunale selskapet frå 1. januar 2017.

IKT sin funksjon opp mot beredsskapsarbeidet i kommunen må også ivaretakast gjennom avtalen med SSIKT

Kommunestyret vil få denne saka i to omgangar. I denne saka får kommunestyret orientering om organiseringa og gjer prinsippvedtak om deltaking. I den seinare sak vil det verte lagt fram sak om godkjenning av avtale og vedtekter i samband med etablering av det interkommunale selskapet og oppheving av vertskommuneavtalen med Hareid kommune.

Følgjande mål og strategiar i budsjett, økonomiplan og kommuneplanen kan koplast til IKT som viktige verkty for å lykkast:

MÅL:

Herøy kommune skal ha ein økonomi i balanse og driftsresultat på 1,75 % av inntektene.

STRATEGIAR:

- *Arbeide for samsvar mellom oppgåver og ressursar.*
- *Sikre realistisk budsjettering.*
- *Arbeide for ein sterkare kopling mellom prioriteringar i kommuneplanen, budsjett, økonomiplan og arbeidsoppgåver.*
- *Legge til rette for at administrasjonen, politikarane og innbyggjarane skal ha felles kunnskap om situasjon og utfordringar.*
- *Bruke moglegheiter som ligg i digital tenesteproduksjon og legge til rette for innovasjon og nyskaping i tenesteproduksjon.*

MÅL:

Herøy kommune skal ha eit godt omdøme.

STRATEGIAR:

- *Sikre eit godt arbeidsmiljø i organisasjonen.*
- *Tilby gode tenester tilpassa innbyggjarane sine behov.*
- *Gi innbyggjarane god informasjon, gi raske tilbakemeldingar og ha oppdaterte, framtidsretta og brukarvennlege kommunikasjonsløysingar.*
- *Legge til rette for involverande prosessar.*

Vurdering og konklusjon:

IKT er ein viktig innsatsfaktor for utvikling av velferdsteknologi i helsetenestene. IKT er eit dagleg arbeidsverkty for neste alle tilsette i kommunen. Det er viktig for arbeidsmiljøet og effektiviteten i organisasjonen at drifta av IKT fungerer godt.

Økonomiske konsekvensar:

Samling av driftspersonellet under felles leiing i eit interkommunalt selskap vert gjennomført med ei stilling færre samla sett for dei 7 kommunane. For dei kommunane som går inn med sine IKT-stillingar skal endringa i prinsippet ikkje medføre vesentleg auka utgifter. IKT som innsatsfaktor vil måtte prioriterast for å kunne ta ut effekt i administrasjon og tenesteproduksjon.

Fosnavåg, 21.10.2016

Olaus-Jon Kopperstad

Rådmann

Olaus-Jon Kopperstad

Fra: Verner Larsen
Sendt: 14. november 2016 23:18
Til: Olaus-Jon Kopperstad; Ragnhild Velsvik Berge; Rune Sjugard; Wenche Solheim; Andreas Chr. Nørve; Asle Giske
Kopi: Olaug Andreassen
Emne: SV: Organisering av interkommunalt IKT- samarbeid.

Hei
Det var ein HTV representant felles frå dei sju kommunen som var med i prosjektgruppa. (Endre Johan Ose frå Hareid).
Medverknad frå dei tilsette:

Saka om omorganisering og spørsmål kring organiseringa har vore drøfta fleire gonger på fellesmøta for IKT tilsette i dei sju kommunen i Loen.

Det vart og kalle inn til eit orienteringsmøte på Hareid før arbeidet med rapporten vart starta opp der alle tilsette innafor IKT vart invitert. Der vart det orinetert om ROR (Romsdalsregionen) sitt arbeide med å organisere si IKT løysing.

Utkastete til prosjektrapport vart og sendt ut til alle tilsette innafor IKT i dei sju kommunane når den var ferdig. Det vart og kalle inn fellesmøte der rapporten vart gjennomgått. Det var høve til spørsmål og det vart gitt ein frist for å kome med skriftlege merknader. Ingen merknader kom inn.

Venleg helsing

Verner Larsen Konstituert rådmann
Ulstein kommune

Fra: Olaus-Jon Kopperstad
Sendt: 14. november 2016 13:41
Til: Verner Larsen <verner.larsen@ulstein.kommune.no>; Ragnhild Velsvik Berge <ragnhild.velsvik.berge@hareid.kommune.no>; Rune Sjugard <Rune.Sjugard@volda.kommune.no>; Wenche Solheim <Wenche.Solheim@orsta.kommune.no>; Andreas Chr. Nørve <andreas.chr.norve@vanylven.kommune.no>; Asle Giske <asle.giske@sande-mr.kommune.no>
Kopi: Olaug Andreassen <olaug.andreassen@heroy.kommune.no>
Emne: Organisering av interkommunalt IKT- samarbeid.

Hei,

Saka vart handsama i AMU i dag der det vart stilt spørsmål om korleis medverknad frå tilsette/tillitsvalde/verneombod er ivareteatt i prosessen og kva konsekvensar organisasjonsendringane får for dei tilsette.

Helsing

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann
Administrativ leiing

Tlf. 70081300 Mob. 95131204

190/16

Såka rest i trest ~~te~~ for vidare

Samordning med di andre kommunene.

Herst & v Olaus &



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2013/472
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
39/17	Formannskapet	28.02.2017

OLYMPIC HOLDING AS - TILBAKEFØRING AV EIGEDOM GNR 22 BNR 50 OG 74.

Tilråding:

Formannskapet vil benytte rett til tilbakekjøp av gnr 22 bnr 50, 74 jfr. punkt 13 i gjeldande kjøpekontrakt.

Særutskrift:

Adv Thore Heggen, thore.heggen@sentrumsgaarden.no

Vedlegg:

Vedlegg

- 1 F-sak 230/16 Olympic Holding AS - Søknad om forlenging av utbyggingsplikt nedfelt i kjøpsavtale
- 2 Olympic Holding AS - Søknad om forlenging av utbyggingsplikt nedfelt i kjøpsavtale
- 3 Søknad om forlenga frist
- 4 Signert standardkontrakt
- 5 Om eiedom gnr. 22/50 og 74 -svar
- 6 Vedk. eiedomane 22/50,74
- 7 Gnr 22 Bnr 50,74 - Fristforlengelse på spørsmål pga. politisk handamsing

Saksopplysningar:

I brev datert 1 februar 2017 ber adv. Thore Heggen på vegne av konkursbuet tilbakemelding om kommunen vil krevje tomta tilbakeført i medhald av pkt 13 i gjeldande kjøpe avtale.

Gnr 22 bnr 50 og 74 vart overført til Olympic Holding AS den 17 oktober 2013 for 7 720 789,33 kroner. I tillegg kjem overdragingskostnadar som dokumentavgift og tinglysing.

I kjøpekontrakt pkt 13 står det følgjande:

13. SÆRLEGE VILKÅR OM UTBYGGINGSPLIKT

Olympic Holding AS som kjøper og ny eigar av gnr. 22 bnr. 50 og gnr. 22 bnr. 74 plikter å nytte eiedomen i samsvar med gjeldande plan og vedtekter innan to – 2 – år rekna frå dato for heimelsoverføring.

SR

Dersom seljar ikkje nyttar eiedomen innan ovannemnde frist, og heller ikkje etter skriftleg anmodning frå seljar kan dokumentere reelle planar for utbygging i nær framtid, plikter kjøpar å tilbakeføre eiedomen til seljar utan kostnadar for denne.

Ved ei eventuell tilbakeføring av eiedomen til seljar, vert innbetalt kjøpesum og omkostningar tilbakeført til kjøpar.

Kjøpar får ikkje erstatta eventuelt rentetap for innbetalt beløp. Eventuelle pengehefte på eiedomen må også innfriast av kjøpar, alternativt vil seljar trekke i frå eit tilsvarande beløp før tilbakeføring av innbetalt kjøpesum og omkostningar. Kjøpar plikter vidare å betale kostnadane til dokumentavgift og tinglysing av skøyte ved tilbakeføringa.

Formannskapet handsama sak om forlegning av utbyggingsplikt, jfr. Kjøpsavtale, i møte 01.11.16 og gjorde slikt vedtak:

Formannskapet utvider fristen for utbyggingsplikt med 2 år for gnr 22 bnr 50 og bnr 74. Frist for å iverksetje bygging på eigedomane vert satt til 5 oktober 2018.

Adv. Thore Heggen har på vegne av konkursboet i brev datert 6 januar 2017 bede om følgjande tilbakemelding:

For den vidare bubehandlinga vil underteikna be om ei tilbakemelding frå kommunen om status for eigedommane sett ihøve til dei avtalte bindingane Eg er også takksam for ei tilbakemelding om kommunen skulle ha synspunkt på den vidare handteringa av eigedommane slik desse no er omfatta av konkursbeslaget.

Kommunen besvarte henvendelsen med brev datert 28.1.2017 der det er vist til:

Formannskapet handsama sak om utbyggingsplikt på eigedomane i møte 01.11.16 og gjorde slikt vedtak:

Formannskapet utvider fristen for utbyggingsplikt med 2 år for gnr 22 bnr 50 og bnr 74. Frist for å iverksetje bygging på eigedomane vert satt til 5 oktober 2018.

Denne plikta står fast og saka ligg vedlagt.

Utover dette har ikkje kommunen noko særskilde kommentarer enn å vise til gjeldande reguleringsplan for området som regule kva tomta kan nyttast til.

I brev datert 1 februar 2017 ber adv.Thore Heggen tilbakemelding om kommunen krev tomta tilbakeført jfr. Kjøpsavtale.

Vurdering og konklusjon:

Omsøkte eigedomar ligg sentralt på Mjølstadneset industriområde og er klargjort for utbygging. Innanfor industriområdet har ein i dag tilgjenge på areal som kan avhendast til potensielle industrietableringar. Ei utfordring kan vere å ha tilgjenge på tomter til sjøretta verksemder dersom Silfas si etablering vert realisert i same område. Då vil eigedomane gnr 22 bnr 50, 75 vere dei einaste tomtene som er igjen av sjønært utbyggingsformål på Mjølstadneset. I tillegg til Mjølstadneset satsar ein på å tilrettelegge for sjønære industriarealer på Eggesbønes (ved Marine harvest) i tida framover, men det kan kunne gå noko tid før desse vert klargjorde for salg.

Tomteareala si lokalisering er strategisk viktige for næringsutviklinga i Herøy kommune og rådmannen rår formannskapet til å nytte seg av retten til tilbakekjøp av tomteareala.

Fosnavåg, 10.02.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller



OLYMPIC HOLDING AS

6090 FOSNAVÅG

Saksnr 2013/472	Arkiv 611	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar DOK / HS	Dato 02.11.2016
--------------------	--------------	------------	--------------------------------	--------------------

**F-SAK 230/16 OLYMPIC HOLDING AS - SØKNAD OM FORLENGING AV
UTBYGGINGSPLIKT NEDFELT I KJØPSAVTALE**

Vedlagt følger F-sak 230/16.

Formannskapet handsama saka i møte 01.11.16 og gjorde slikt vedtak:

Formannskapet utvider fristen for utbyggingsplikt med 2 år for gnr 22 bnr 50 og bnr 74. Frist for å iverksetje bygging på eigedomane vert satt til 5 oktober 2018.

Hilde Bringsvor Skinnes
e.f.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2013/472
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
230/16	Formannskapet	01.11.2016

OLYMPIC HOLDING AS - SØKNAD OM FORLENGING AV UTBYGGINGSPLIKT NEDFELT I KJØPSAVTALE

Tilråding:

Formannskapet utvider fristen for utbyggingsplikt med 2 år for gnr 22 bnr 50 og bnr 74. Frist for å iverksetje bygging på eigedomane vert satt til 5 oktober 2018.

Særutskrift:
Olympic Holding AS

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 01.11.2016

Formannskapet utvider fristen for utbyggingsplikt med 2 år for gnr 22 bnr 50 og bnr 74. Frist for å iverksetje bygging på eigedomane vert satt til 5 oktober 2018.

Vedlegg:

- 1 Søknad om forlenga frist
- 2 Signert standardkontrakt

Saksopplysningar:

Olympic Holding AS søker om å få forlenge fristen for utbyggingsplikt som er nedfelt i standardkontrakt som Herøy kommune har med kjøpar. Ein søker om å få utvide fristen til 5 oktober 2018. Årsak er at utviklingsplanane er utsett inntil vidare.

I standardkontrakten er det gitt særlege vilkår om utbyggingsplikt, pkt 13. Kontrakta ligg vedlagt.

Vurdering og konklusjon:

Omsøkte eigedomar ligg sentralt på Mjølstadneset industriområde og er klargjort for utbygging. Innanfor industriområdet har ein i dag tilgjenge på areal som kan avhendast til potensielle indutrietableringar. Ei utsetjing som omsøkt vil ikkje ha nemneverdige konsekvensar slik situasjonen er i dag.

Rådmannen rår til at fristen med omsyn til utbyggingsplikt vert utvida med 2 år som omsøkt.

Fosnavåg, 20.10.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2013/472
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

OLYMPIC HOLDING AS - SØKNAD OM FORLENGING AV UTBYGGINGSPLIKT NEDFELT I KJØPSAVTALE

Tilråding:

Formannskapet utvider fristen for utbyggingsplikt med 2 år for gnr 22 bnr 50 og bnr 74. Frist for å iverksetje bygging på eigedomane vert satt til 5 oktober 2018.

Særutskrift:
Olympic Holding AS

Vedlegg:

Vedlegg

- 1 Søknad om forlenga frist
- 2 Signert standardkontrakt

Saksopplysningar:

Olympic Holding AS søker om å få forlengje fristen for utbyggingsplikt som er nedfelt i standardkontrakt som Herøy kommune har med kjøpar. Ein søker om å få utvide fristen til 5 oktober 2018. Årsak er at utviklingsplanane er utsett inntil vidare.

I standardkontrakten er det gitt særlege vilkår om utbyggingsplikt, pkt 13. Kontrakta ligg vedlagt.

Vurdering og konklusjon:

Omsøkte eigedomar ligg sentralt på Mjølstadneset industriområde og er klargjort for utbygging. Innanfor industriområdet har ein i dag tilgjenge på areal som kan avhendast til potensielle indutrietableringar. Ei utsetjing som omsøkt vil ikkje ha nemneverdige konsekvensar slik situasjonen er i dag.

Rådmannen rår til at fristen med omsyn til utbyggingsplikt vert utvida med 2 år som omsøkt.

Fosnavåg, 20.10.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller


Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

5. oktober 2016

Viser til standardkontrakt inngått 10. sept/24. sept 2013 mellom Herøy kommune og Olympic Holding AS vedr. eieendom på Mjølstadneset.

Jamfør §13 om særlege vilkår om utbyggingsplikt. Kjøpar ber om å få forlenga frist med to – 2 – nye år frå dagens dato. Årsak er at dei utarbeidde utviklingsplanane er utsett inntil vidare.

Olympic Holding AS



Stig Remøy



HERØY KOMMUNE

Servicetorget

STANDARDKONTRAKT SAL AV UBEBYGD NÆRINGSTOMT

Herøy kommune – Servicetorget
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Org.nr.: 964 978 840

og

Olympic Holding AS
Postboks 243
6099 Fosnavåg

Org.nr. 990336148

er det inngått slik kontrakt om erverv av ubebygd næringstomt:

1. EIGEDOMEN

Seljar overdreg hermed egedomen gnr. 22 bnr. 50 og gnr. 22 bnr. 74 med adresse Mjølstadneset i Herøy kommune til Olympic Holding AS.

Egedomen som seljast er vist med skravur på kart av 04.09.2013 i vedlegg 1. Kartet er av orienterende art og kan ikkje nyttast som bevis ved ein eventuell grensetvist.

Eigedomane har eit samla areal på 26 191,7 m² etter målebrev av 22.05.2013 og 10.09.2013.

Eigedomen er i samsvar med reguleringsplan 1515199902 av 12.02.1999 regulert til spesialområde fiskebruk, jf. Vedlegg 3.

2. KJØPESUMMEN

Som kjøpesum betalar kjøpar kr 7 720 789,33,-.

Kjøpesummen er endeleg og skal ikkje regulerast for eventuelt arealavvik.



3. OMKOSTNINGAR

I tillegg til kjøpesummen, betalar kjøpar alle kostnader knytt til overdraginga av eigedomen, herunder dokumentavgift til staten, tinglysingsgebyr, kostnader til oppmåling og frådelling samt eventuelle andre kostnader.

Desse kostnadane er berekna til:

Kostnader til oppmåling og frådelling	kr.	23 341,-
Tinglysingsgebyr for målebrev	kr.	1 060,-
Dokumentavgift til staten (2,5 % av kjøpesum)	kr	193 019,73,-
<u>Tinglysingsgebyr skøyte</u>	<u>kr.</u>	<u>2 120,-</u>
Sum	kr.	219 540,73,-

Kjøpar må være forberedt på at det kan skje endringar i offentlege avgifter og gebyr i tidsrommet mellom signering av kontrakta og tidspunktet for heimelsovergang.

4. PÅKRAV OG OPPGJER

Kjøpesummen, jf. pkt. 2 ovanfor, med tillegg av omkostningane, jf. pkt. 3 ovanfor, skal betalast innan den frist som vert sett i skriftleg påkrav frå Seljar. Seljar kan tidlegast sendast påkrav etter at Herøy kommune har fatta vedtak om sal av eigedomen i henhold til denne kontrakt.

5. OVERTAKING – RISIKOOVERGANG – PRO & CONTRA

Overtakingsdagen settast til same dag som kjøparen har betalt kjøpesum og omkostningar i samsvar med avtalens pkt. 4.

~~Kjøpar har på tidspunktet for kontraktsignering allereie fått munnleg løyve til å starte gravearbeid på tomta. Risikoen for tomta har såleis allereie gått over på kjøpar.~~

6. KART- OG DELINGSFORRETNING

Eigedomane er oppmålt og frådelt som egne gards- og bruksnummer.

7. HEIMELSOVERFØRING

Seljar v/ Servicetorget plikter å sende skøyte til tinglysing hos Statens Kartverk seinast 30 dagar etter at påkrav for kjøpesum og omkostningar er betalt, forutsatt at kjøpar har returnert signert kontrakt til seljar saman med oppdatert firmaattest for kjøparselskapet.



8. EIGEDOMENS TILSTAND – SELJARS OPPLYSNINGAR – KJØPARS UNDERSØKINGAR

Eigedomen seljast slik "den er", jf. avhendingslova § 3-9 (lov 1992-07-03-93). Det vil ikkje bli foretatt noko form for opprydding eller liknande på eigedomen frå seljars side.

9. HEFTE

Kjøpar har fått seg forelagt grunnboksutskrift for eigedomen, jf. vedlegg 4.

Eigedomen seljast fri for pengehefte. Kjøpar er kjent med og overtek eventuelle andre hefte som kviler på eigedomen utan frådrag i kjøpesummen.

Kommunen har rett til framtidig drift, vedlikehald og evt. oppgradering av leidningsanlegg/installasjonar som ligg over eigedomen (sjå vedlegg 6 for omtrentleg plassering). Ved evt. arbeid på leidningar/installasjonar pliktar kommunen å setje grunnen i same stand som før arbeida starta. Til kvar side av ytste rør i grøft er det ei varig klausuleringsbreidde på 1 meter. I denne breidda skal det ikkje førast opp bygg/konstruksjonar eller tilplantast med tre høgare enn 2 meter. Ovanstående gjeld også for andre firma/etatar i dei tilfelle desse anlegga/leidningane er i felles grøft med kommunen.

10. REKLAMASJONSFRIST

Ved eventuell reklamasjon, gjeld fristane og vilkåra i avhendingslova § 4-19 (lov 1992-07-03-93).

11. GRUNNFORHOLD

Seljar har ikkje gjort geotekniske undersøkingar på eigedomen, men er heller ikkje kjent med at det er særlege grunnforhold på eigedomen. Seljar tek difor ikkje ansvar om det skulle vise seg å være vanskelege grunnforhold eller lignande på eigedomen som fordyrar eit byggeprosjekt.

12. FORUREINING

Seljar har ikkje gjort undersøkingar vedrørende forurensning på eigedomen, men seljar har heller ikkje registrert nokon mistanke om forurensning. Seljar fråskriv seg difor eitkvart ansvar for eventuell forurensning i grunnen.

13. SÆRLEGE VILKÅR OM UTBYGGINGSPLIKT

Olympic Holding AS som kjøper og ny eigar av gnr. 22 bnr. 50 og gnr. 22 bnr. 74 plikter å nytte eigedomen i samsvar med gjeldande plan og vedtekter innan to – 2 – år rekna frå dato for heimelseverføring.

SR



Dersom seljar ikkje nyttar eigedomen innan ovannemnde frist, og heller ikkje etter skriftleg anmodning frå seljar kan dokumentere reelle planar for utbygging i nær framtid, plikter kjøpar å tilbakeføre eigedomen til seljar utan kostnader for denne.

Ved ei eventuell tilbakeføring av eigedomen til seljar, vert innbetalt kjøpesum og omkostningar tilbakeført til kjøpar.

Kjøpar får ikkje erstatta eventuelt rentetap for innbetalt beløp. Eventuelle pengehefte på eigedomen må også innfriast av kjøpar, alternativt vil seljar trekke i frå eit tilsvarende beløp før tilbakeføring av innbetalt kjøpesum og omkostningar. Kjøpar plikter vidare å betale kostnadane til dokumentavgift og tinglysing av skøyte ved tilbakeføringa.

14. TINGLYSING

Denne avtalens pkt. 9 og 13 vert tinglyst som hefte på eigedomen.

Kjøpar gis ugjenkalleleg fullmakt til overfor Statens Kartverk å begjære heftet i pkt. 13 sletta når eigedomen er utbygd i henhold til intensjonen i denne kontrakt og kan framlegge mellombels bruksløyve eller ferdigattest for bebyggelsen som prov på dette.

15. VEDTAK AV KOMPETENT MYNDE

Denne avtalen er ikkje bindande for Herøy kommune før det er fatta vedtak i kompetent organ i Herøy kommune om sal i samsvar med denne kontrakt og kontrakten er signert av kommunens representant.

16. VEDLEGG

Som del av denne avtalen, reknast også fylgjande vedlegg:

1. Skarvert flyfoto – datert 04.09.2013
2. Matrikkelbrev
3. Reguleringskart med føresegner
4. Grunnbokutskrift – datert 22.05.13
5. Flyfoto
6. Kartutsnitt av leidningsnett

17. PARTANE SI UNDERSKRIFT

Denne avtalen er utstedt i 2 eksemplar, eit til kvar av partane:



10.09.2013

Dato

Susann Fosnavig

For seljar

Herøy kommune

24.09.13

Dato

Spj. Toney

For kjøpar

Olympic Holding AS



ADVOKAT THORE HEGGEN AS

Tonningsgata 42
6783 STRYN

Saksnr 2013/472	Arkiv 611	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar UTV / JMM	Dato 28.01.2017
--------------------	--------------	------------	---------------------------------	--------------------

OM EIGEDOM GNR. 22/50 OG 74 -SVAR

Formannskapet handsama sak om utbyggingsplikt på eigedomane i møte 01.11.16 og gjorde slikt vedtak:

Formannskapet utvider fristen for utbyggingsplikt med 2 år for gnr 22 bnr 50 og bnr 74. Frist for å iverksetje bygging på eigedomane vert satt til 5 oktober 2018.

Denne plikta står fast og saka ligg vedlagt.

Utover dette har ikkje kommunen noko særskilde kommentarer enn å vise til gjeldande reguleringsplan for området som regulerer kva tomta kan nyttast til.

Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Jarl Martin Møller
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



WTV.


ADVOKATANE MAURSET, KNARDAL OG HEGGEN

STRYN / VOLDA

Advokat Per Maurset
Advokat Jørund Knardal
Advokat Thore Heggen

I kontorfellesskap – Medlemmer av Den Norske Advokatforening

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN		Stryn,
Reg. nr.	Saksbeh.	
- 3 FEB. 2017		Postadresse : Tonningsgata 42 6783 Stryn
Ark. kode P	Ark. kode S	Kontoradr. : Sentrumsgården
J. nr.	Dok. nr.	Vår ref. : 3123/HerKomII/th
Kassasjon		Dykkar ref.:

1. februar 2017

Att: Jarl Martin Møller

VEDKOMANDE EIGEDOMMEN GNR. 22 BNR. 50 OG 74.

Det vert vist til brev datert 06.01.2017 og tilbakemelding i skriv datert 28.01.2017.

Etter det eg forstår av tilbakemeldinga er det gitt utsett byggefrist til 05.10.2018 og Herøy kommune har ut over dette ikkje andre synspunkt i høve eigedommen enn tilvisinga til gjeldande reguleringsplan for området.

Slik saka står er eigedommen omfatta av pant og det kan vere aktuelt å legge denne ut for sal i regi av konkursbuet. I denne samanheng vert det lagt til grunn at kommunen ikkje vil krevje eigedommen tilbakeført i medhald av kjøpeavtalen pkt. 13.

Om det skulle vere spørsmål eller synspunkt i høve dette høyrer eg frå Dykk snarast og seinast innan 10.02.2017.

Med venleg helsing



Thore Heggen
advokat



ADVOKAT THORE HEGGEN AS

Tonningsgata 42
6783 STRYN

Saksnr 2013/472	Arkiv 611	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar UTV / JMM	Dato 10.02.2017
--------------------	--------------	------------	---------------------------------	--------------------

GNR 22 BNR 50,74 - FRISTFORLENGELSE PÅ SPØRSMÅL PGA. POLITISK HANDAMSING

Spørsmålet som er reist i dykkar brev datert 1 februar 2017 kan ikkje besvarast administrativt (Kjøpeavtale pkt 13).

Saka vert lagt fram formannskapet 28 februar og ein kan ikkje forvente svar før etter dette møtet.

Dette til orientering.

Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Jarl Martin Møller
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Delegerte saker frå avdelingane

DS 3/17 Skjenkebevilling - søknad om endrede vilkår for èn enkelt anledning (når søker allerede har bevilling) 18.01.2017 00:00:00 THON HOTEL FOSNAVÅG

Referatsaker

RS 20/17 Tenestetilbodet i kommunane Tenestetilbodet i kommunane 16.02.2017 00:00:00 SUNNMØRE POLITIDISTRIKT

Fra: Olav Sindre Rise [<mailto:Olav.Sindre.Rise@politiet.no>]

Sendt: 16. februar 2017 08:27

Til: 'post@aukra.kommune.no'; 'postmottak@are.kommune.no'; 'post@averoy.kommune.no';
'postmottak@eide.kommune.no'; 'postmottak@frana.kommune.no'; 'post@giske.kommune.no';
'post@gjemnes.kommune.no'; 'post@halsa.kommune.no'; 'postmottak@haram.kommune.no'; Postmottak Hareid;
postmottak; 'postmottak@kristiansund.kommune.no'; 'postmottak@midsund.kommune.no';
'postmottak@molde.kommune.no'; 'postmottak@nesset.kommune.no'; 'post@norddal.kommune.no';
'post@rauma.kommune.no'; 'post@rindal.kommune.no'; Sande Kommune; 'post@sandoy.kommune.no';
'postmottak@skodje.kommune.no'; 'postmottak@smola.kommune.no'; 'postmottak@stordal.kommune.no';
'post@stranda.kommune.no'; 'post@sula.kommune.no'; 'post@sunndal.kommune.no'; 'post@surnadal.kommune.no';
'postmottak@sykkylven.kommune.no'; 'postmottak@tingvoll.kommune.no'; Ulstein Postmottak; Resepsjon postmottak;
'postmottak@vestnes.kommune.no'; V-Postmottak; 'post@orskog.kommune.no'; Ørsta postmottak;
'postmottak@alesund.kommune.no'

Emne: Tenestetilbodet i kommunane

Til kommunane i Møre og Romsdal

Vedlagt fylgjer brev frå Politimeisteren i Møre og Romsdal om politiets tenestetilbod i kommunane.

Med vennleg helsing

Olav Sindre Rise
Kommunikasjonsrådgjevar

Møre og Romsdal politidistrikt

Politihuset i Ålesund

Telefon: 901 97 723 / 70 11 88 45

E-post: Olav.Sindre.Rise@politiet.no

www.politi.no



POLITIET

Til kommunane i Møre og Romsdal

MØRE OG ROMSDAL POLITIDISTRIKT

Deres referanse:
<Deres ref>

Vår referanse:
2016 02 436

Stad, Dato
Ålesund, 16.02.2017

Tenestetilbodet i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal politidistrikt vart etablert 1. januar 2016 etter ei samanslåing av Sunnmøre politidistrikt og Nordmøre og Romsdal politidistrikt. Samstundes starta eit langsiktig endrings- og utviklingsarbeid i det nye politidistriktet.

Mange ventar seg mykje av den polititenesta som dei nye politidistrikta skal tilby befolkninga. Gjørvt-kommisjonens rapport etter 22.juli-tragedien og Politianalysen er viktige utgangspunkt for det utviklingsarbeidet som no går føre seg i politiet og det er gjort framlegg om omfattande endingar i etaten.

Ei rekke andre utgreiingar og analyser ligg også i botnen for dei endringane som no skjer i politiet og som kjem i tida framover. 10.juli 2015 vart dei politiske prosessane avslutta med den endelege handsaminga av Nærpolitireforma i Stortinget, og eit breitt politisk forlik ga politiet god støtte og legitimitet til vidare endringsarbeid.

Målet med Nærpolitireforma er eit politi som er operativt, synleg og tilgjengeleg og som har kapasitet og kompetanse til å førebygge, etterforske og påtale kriminelle handlingar og sikre innbyggjarane sin tryggleik. Det skal utviklast eit kompetent og effektivt lokalt nærpoliti der folk bor. Samstundes skal det utviklast sterke fagmiljø som er rusta til å møte kriminalitets-utfordringane i dag og i framtida.

Politiet skal vere tilstades i lokalmiljøa og vere synleg for publikum, og det skal etablerast eit tettare samarbeid med kommunane. Det forpliktar både politiet og kommunane.

Politidirektøren uttalte 23.september 2016 at "Skal vi lykkes med å forsterke det forebyggende arbeidet, må kommunene ta sin del av ansvaret ved å utvikle gode kommunale tjenester, blant annet på områder som barnevern og ruspolitikk".

Førebygging er eit prioritert område i Nærpolitireforma, og politiet skal gjere sitt for at kriminalitetsførebyggande arbeid kan gjennomførast på ein planmessig og systematisk måte. Det skal leggst til rette for tverrfagleg samarbeid gjennom politiråd og politikontakter.

Møre og Romsdal Politidistrikt

Ålesund
Post: Postboks 1353 Sentrum, 6001 ÅLESUND
Besøk: Nedre Strandgate 50

Tlf: 70 11 87 00
Faks: 70 11 87 02
E-post: post.moreogromsdal@politiet.no

Org. nr.:
Giro:
www.politi.no

Samanslåing gir meir politikraft

Politifolk som er til stades i lokalmiljøa skaper tryggleik – ikkje bygningar - og kvaliteten på dei tenestene politiet yter, er ikkje knytt til talet på fysiske lokalitetar. Eit tomt lokale skaper ikkje tryggleik. Tryggleiken sit ikkje i veggane. Det er mykje viktigare å ha dyktige politifolk tilgjengelege døgnet rundt, slik at publikum får hjelp når dei treng det. Førebyggjande arbeid får best kvalitet når det vert gjort ute i lokalsamfunna i samhandling med kommunane. Etterforsking skal i større grad gjerast "ute på staden", og politipatruljane skal utstyrast slik at det er mogleg å starte etterforskinga kort tid etter at den straffbare gjerninga faktisk har skjedd.

Dei meir alvorlege straffesakene skal handterast av større og meir kompetente fagmiljø. Når det gjeld beredskapsteneste så vert den styrka først og fremst når politiet er "på hjul" og dess større del av døgnet vi klarer å levere vakt- og patruljeteneste, dess betre vil vi kunne ta vare på den tryggleiken som innbyggerane har krav på.

Samanslåing av lensmannskontor vil gje ei betre utnytting av politiet sine ressursar og bidra til at vi får fleire patruljer ut der behovet for dei er størst. Ved å flytte ressursar frå kontor med sterkt avgrensa opningstid ut i patruljeteneste, vil vi kome tettare på innbyggerane og kriminaliteten.

Norsk politi skal styrkast og utviklast til å bli eit politi som leverer likare polititjenester i heile landet. Publikum skal oppleve at politiet utfører tenestene på ein tilnærma lik måte uavhengig av kvar ein vender seg til etaten. Det skal utviklast sterkare fagmiljø, og kompetansen skal utviklast og nyttast meir planmessig enn før. Kunnskapsdeling, evaluering og læring skal skje systematisk og vere ein naturleg del av arbeidsforma i politiet.

Samstundes er vi opptatt av å kunne yte service til publikum. Krava til responstid er tekne vare på og dei fleste av innbyggerane våre får ikkje meir enn 45 minuttts køyretid til næraste politistasjon eller lensmannskontor – der dei kan levere anmeldelsar og søknader eller få rettleiing om politiet sitt tenestetilbod.

Færre tenestestadar


Ein tenestestad er ein plass der publikum kan kome i kontakt med politiet – enten ein politistasjon eller eit lensmannskontor – der det vert ytt polititjenester. Ein tenestestad skal ha faste opningstider fleire dagar i veka, og kunne ta mot anmeldelsar og elles gje hjelp eller rettleiing til publikum.

Når det gjeld lokal organisering av politiet i Møre og Romsdal er det lagt vekt på følgjande sentrale krav og føringar:

- Responstidskrav
- Maks 45 min køyretid til næraste tenestestad for 90 % av innbyggerane
- Fleksible opningstider minst ein dag i veka
- Alle kommunar skal ha politikontakt
- Politiråd skal vere etablert i alle kommunar
- Politi og kommune skal utvikle forpliktande handlingsplanar for førebyggjande teneste
- Talet på tenestestadar nasjonalt skal vere minimum 210
- Fleire "mobile politikontor" og nye arbeidsmetoder

INNBYGGERTALL 1. januar 2016

SØRE SUNNMØRE LENSMANNSDISTRIKT	14 784
ULSTEIN OG HAREID LENSMANNSDISTRIKT	13 619
INDRE SUNNMØRE LENSMANNSDISTRIKT	31 987
ÅLESUND POLITISTASJONSDISTRIKT	63 793
NORDRE SUNNMØRE LENSMANNSDISTRIKT	20 072
VESTNES OG RAUMA LENSMANNSDISTRIKT	14 103
MOLDE POLITISTASJONSDISTRIKT	32 338
EIDE OG FRÆNA LENSMANNSDISTRIKT	13 184
KRISTIANSUND POLITISTASJONSDISTRIKT	32 945
INDRE NORDMØRE LENSMANNSDISTRIKT	13 233
HALSA OG SURNADAL LENSMANNSDISTRIKT	9 552
SMØLA OG AURE LENSMANNSDISTRIKT	5 677



Politidirektoratet har fastsett fylgjande endringar i inndelinga i lensmanns- og politistasjonsdistrikt, og endringar i tenestestadar i Møre og Romsdal politidistrikt.

- Samanslåing av Smøla lensmannsdistrikt og Aure lensmannsdistrikt, til Smøla og Aure lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har fylgjande tenestestadar: Aure lensmannskontor og Smøla lensmannskontor.
Administrasjonsstad er lagt til Aure. Lensmannsdistriktet vil ta vare på politimesseige og sivile gjeremål for kommunane Aure og Smøla.
- Samanslåing av Surnadal og Rindal lensmannsdistrikt og Halsalens lensmannsdistrikt, til Halsalens og Surnadal lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har fylgjande tenestestad: Surnadal lensmannskontor.

Lensmannsdistriktet vil ta vare på politimessige og sivile gjeremål for kommunane Surnadal, Rindal og Halså.

- Samanslåing av lensmannsdistrikta Sunndal, Nesset og Tingvoll, til Indre Nordmøre lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har fylgjande tenestestadar: Sunndal lensmannskontor og Tingvoll lensmannskontor.

Administrasjonsstad er lagt til Sunndalsøra (Sunndal lensmannskontor). Lensmannsdistriktet vil ta vare på politimessige og sivile gjeremål for kommunane Sunndal, Tingvoll og Nesset.

- Samanslåing av Kristiansund politistasjonsdirstrikt, Averøy lensmannsdistrikt og del av Gjemnes og Eide lensmannsdistrikt (den delen som dekker Gjemnes kommune), til Kristiansund politistasjonsdistrikt. Politistasjonsdistriktet har fylgjande tenestestad og administrasjonsstad: Kristiansund politistasjon. Politistasjonsdistriktet vil ta vare på politimessige og sivile gjeremål for kommunane Kristiansund, Averøy og Gjemnes.
- Samanslåing av Fræna lensmannsdistrikt og del av Gjemnes og Eide lensmannsdistrikt (den delen som dekker Eide kommune), til Eide og Fræna lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har fylgjande tenestestad og administrasjonsstad: Elnesvågen (Fræna lensmannskontor). Lensmannsdistriktet vil ta vare på politimessige og sivile gjeremål for kommunane Eide og Fræna.
- Samanslåing av Molde politistasjonsdistrikt og del av Sund lensmannsdistrikt (den delen som dekker Aukra og Midsund kommunar), til Molde politistasjonsdistrikt.

Politistasjonsdistriktet har fylgjande tenestestad og administrasjonsstad: Molde politistasjon. Politistasjonsdistriktet vil ta vare på politimessige og sivile gjeremål for kommunane Molde, Aukra og Midsund.

- Samanslåing av lensmannsdistrikta Haram og Ørskog, del av Sund lensmannsdistrikt (den delen som dekker Sandøy kommune) og del av Stranda og Norddal lensmannsdistrikt (den delen som dekker Norddal kommune), til Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har fylgjande tenestestad og administrasjonsstad: Haram lensmannskontor. Lensmannsdistriktet vil ta vare på politimessige og sivile gjeremål for kommunane Haram, Ørskog, Skodje, Stordal, Norddal og Sandøy.
- Samanslåing av lensmannsdistrikta Sykkylven, Volda og Ørsta og del av Stranda og Norddal lensmannsdistrikt (den delen av distriktet som dekker Norddal kommune), til Indre Sunnmøre lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har fylgjande tenestestadar: Sykkylven lensmannskontor og Ørsta lensmannskontor. Administrasjonsstad er lagt til Ørsta. Lensmannsdistriktet vil ta vare på politimessige og sivile gjeremål for kommunane Stranda, Sykkylven, Ørsta og Volda.

- Samanslåing av Vestnes lensmannsdistrikt og Rauma lensmannsdistrikt, til Vestnes og Rauma lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har fylgjande tenestestadar: Vestnes lensmannskontor og Rauma lensmannskontor.
Administrasjonsstad er lagt til Åndalsnes (Rauma lensmannskontor). Lensmannsdistriktet vil ta vare på politimessige og sivile gjeremål for kommunane Vestnes og Rauma.
- Samanslåing av Ålesund politistasjonsdistrikt og lensmannsdistrikta Giske og Sula til Ålesund politistasjonsdistrikt. Politistasjonsdistriktet har fylgjande tenestestad og administrasjonsstad: Ålesund politistasjon.
Politistasjonsdistriktet vil ta vare på politimessige og sivile gjeremål for kommunane Ålesund, Giske og Sula.
- Samanslåing av Vanylven lensmannsdistrikt og Herøy og Sande lensmannsdistrikt, til Søre Sunnmøre lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har fylgjande tenestestadar: Vanylven lensmannskontor og Herøy og Sande lensmannskontor.
Administrasjonsstad vil vere Fosnavåg (Herøy og Sande lensmannsdistrikt). Lensmannsdistriktet vil ta vare på politimessige og sivile gjeremål for kommunane Vanylven, Herøy og Sande.

Fylgjande lensmannsdistrikt vert vidareført utan endringar.

- Ulstein og Hareid lensmannsdistrikt, med tenestestad Ulstein og Hareid lensmannskontor.
Lensmannsdistriktet dekker politimessige og sivilrettslege gjeremål for kommunane Ulstein og Hareid.

Klagerett

Kommunane vart gjorde kjende med avgjerda om den nye strukturen i eit brev frå Politidirektoratet dagsett 13.01.2017. Dei kommunane som er råka, kan klage på avgjerda. Klagen skal sendast til Politidirektoratet.

Frist for å klage på avgjerda er sett til 10. mars 2017.

Klagen må vere skriftleg og grunngjeven. Kommunane må gjere greie for kva del avgjerda klagen rettar seg mot, eller om ein vil ha avgjerda oppheva på grunn av feil ved sakshandsaminga.

Service/tenester

Politiet yter tenester som mottak av anmeldelsar, utferding av pass, løyver, politiattestar, våpenløyve, opphald/asyl, konfliktråd, forliksråd, gjeldsordning mv.

Målet vårt er å styrke kvalitet og effektivitet i tenestetilbodet. Utnytting av synergiane som er omtalte nedanfor. Fleire opplysningar om politiet sine tenester, slikt som søknader på nett, er å finne på Politi.no.

Synergieffektar

Synergieffektar i forhold til mellom anna sivile gjeremål og administrasjon kan føre til at sivile stillingar vert omgjort til politistillingar. Dette vil gjere at både beredskapen, etterforskinga og det førebyggjande arbeidet vert betre.

Operasjonssentral

Møre og Romsdal politidistrikt vil få ein ny operasjonssentral som er felles for heile distriktet. Denne er no under oppbygging i politihuset i Ålesund og skal etter planen takast i bruk 27. september 2017. Den er samlokalisert med tilsvarande sentral for brannvesenet i heile fylket.

Eit samkvem som vi vil nyte godt av særleg i samband med store ulykker, ekstreme versitasjonar eller større redningsoperasjonar.

Operasjonssentralen skal besvare 95 % av alle anrop til 112 innan 20 sekund.

Førebyggande arbeid

Tenesteeiningane og tenestestadane i politidistrikt skal ha hand om det førebyggande arbeidet. Det vil bli sett av ressursar til førebyggande arbeid i alle dei geografiske driftseiningane. Denne ressursen skal sikre at arbeidet får høg nok prioritet, og dei som har dette til hovudoppgåve skal så langt mogleg skjermast frå andre oppgåver. Nyskapningen politikontakt skal sikre at politiet på ein god og effektiv måte samarbeider med kommuneorgan om løysing av oppgåvene innanfor det førebyggande arbeidet.

Målsetjinga med strukturendringane er å kunne levere ei heilheitleg og treffsikker førebyggande teneste i alle kommunane uavhengig av kvar tenestestadane er plasserte.

Alle kommunar skal ha ein politikontakt. Politikontaktens arbeid skal utførast i den kommunen vedkomande er kontaktperson. Dette vil vere ein viktig samarbeidsarena mellom politiet, publikum og dei ulike aktørane i den enkelte kommunen - også der ein ikkje har egne tenestestadar. Politikontaktene skal ha ein eller fleire dager i veka der dei er til stades i kommunane.

Politikontakten er tenesteeiningsleiaren sitt daglege kontaktledd med kommunane og rådgjevar innanfor kriminalitetsførebyggande verksemd. Politikontakten skal følge opp at politiet har nødvendig kontakt med kommunane som høyrer til tenesteeininga, og har ansvar for at tilrådingar i SLT og politiråd vert følgde opp i politidistriktet.

Beredskap

Operasjonssentralen skal med flåtestyring sikre spreing på patruljetenesta og sørge for at distriktet er godt dekkja med patruljer og beredskapsvakt så langt dette er mogleg. Framtidig ressursituasjon vil imidlertid avgjere talet på patruljer i kvart vaktområde.

Målsetjinga er å auke i talet på operative patruljer i politidistriktet for å levere ei polititeneste i samsvar med måla i nærpolitireforma.

Det er ein klar målsetjing for Møre og Romsdal politidistrikt levere ei teneste som ligg innanfor krava til responstid og heile tida strekke oss etter å levere betre enn krava som vert stilte i samband med alvorlege hendingar. Kommunane og innbyggjarane i Møre og Romsdal vil kunne vente like god eller betre beredskap når den nye strukturen er etablert.

Etterforsking

Større tenesteeiningar skal sikre meir fagkompetanse og spesialisering innanfor dei ulike fagområda. Dette saman med fokus på betre kvalitet i etterforskinga og meir etterforsking på staden i samband med ulike hendingar, vil gje grunnlag for ein auke i kvaliteten av etterforskinga.

Sivil rettspleie

Sivil rettspleie skal handterast mest mogleg effektivt med høg fagleg kompetanse. Ei lovending som er foreslått gjer at ein må vente før ein kan beskrive korleis desse tenestene i framtida vil bli levert.

Med vennleg helsing



Ingar Bøen
Politimeister

Olav Sindre Rise
Kommunikasjonsrågjevar



SUNNMØRE JORDSKIFTERETT

R-fra

u/v

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr	Saksbeh.
26 JAN. 2017	
Ark kode S	
Kassas.no	

ÅRSMELDING 2016

JORDSKIFTERETTEN. EIN PROBLEMLØYSAR FOR ALLE SOM EIG EIN BIT AV NOREG.

Sunnmøre jordskifterett

med kontorstad i Ørsta dekkjer alle 17 kommunane på Sunnmøre.

Saksarbeidet

Jordskifteretten skal bidra til å løyse problem knytt til fast eigedom. Jordskifteretten klarlegg grenser og rettsforhold, løyser opp sameige, omformar eigedomar ved arealbyte og fastset reglar for sambruk mellom eigedomar.

I 2016 avslutta jordskifteretten 37 saker. Det kom inn 47 nye saker. Ved årsskiftet har jordskifteretten 90 saker til handsaming.

14 avslutta saker gjeld bruksordning og omforming av eigedomar. 23 saker gjeld klarlegging av grenser og rettsforhold. 19 tvistar er avgjorde ved rettsforlik eller dom, og det er gjort 153 rettsfastsetjande vedtak for uklare rettstilhøve. Det er merka 1061 grensepunkt og målt inn 220 km grenser. I alt var 710 partar involverte i dei avslutta sakene.

Av nye saker som kom inn i 2016 er 30 saker knytt til uklare grenser og rettsforhold. 14 saker er av rettsendrande karakter og 3 saker gjeld skjøn.

Service og informasjon

Frå 2014 er det innført mål for sakshandsamingstid i jordskifterettane. Måltala er 8 månader for rettsfastsettande saker og 16 månader for rettsendrande saker frå krav kjem inn til saka er avslutta.

Ved Sunnmøre jordskifterett er talet på nye saker pr. år dobla sidan 2010 og ser ut til å ha stabilisert seg rundt 50 saker pr. år. Samtidig er det innført tilsetningsstopp i domstolane, og ei dommarstilling ved jordskifteretten har stått ledig siste året. På tross av dette har jordskifteretten hatt god saksavvikling. Men den store saksmengda og redusert bemanning har gjort at sakshandsamingstida har auka vesentleg. Slik situasjonen er no, kan ikkje Sunnmøre jordskifterett nå måla for sakshandsamingstid.

Gjennomsnittleg ventetid for å ta nye saker til handsaming har siste året auka til om lag 2 år. Det blir inkonsekvant når politiske vedtak om innsparing og effektivisering ikkje heng saman.

Mange jordskiftesaker er knytt til eigedomsutvikling. Det er uheldig om jordskifteretten p.g.a. manglande ressursar blir ein bremsekloss i slike samanhengar.

Personell og økonomi

I 2016 hadde jordskifteretten slik bemanning:

Førstekonsulent: Marit Rødal (90%)

Førstekonsulent: Siri-Ann Myklebust (80 %)

Overingeniør : Erlend Andersen

Overingeniør : Gunnar Heltne

Overingeniør : Mari Oline Aasebø

Jordskiftedommar: Axel Bjørklid (til 01.03.16)

Jordskiftedommar: Stein Egil Aambø

Jordskifterettsleiar : Olav Torvik

Driftsrekneskapan for 2016 viser eit forbruk på kr. 5 675 086, og gebyrinntektene var på kr. 540 000.

Kontaktinformasjon:

Sunnmøre jordskifterett

Strandgata 5 A, Postboks 102, 6151 ØRSTA.

Telefon: 70 04 81 80 Telefaks: 70 04 81 81

E-post: sunnmore.jordskifterett@domstol.no

Internett: www.jordskifte.no



Gammal korshogd grensefuru på Gausneset i Ørskog

Fra: Kom, Fin [mailto:kom@fin.dep.no]

Sendt: 6. februar 2017 10:48

Emne: Pressemelding fra Finansdepartementet: Delingsøkonomien gir muligheter og utfordringer

Finansdepartementet

Dato: 06.02.2017

Pressemelding: 5/2017

Delingsøkonomien gir muligheter og utfordringer

Finansminister Siv Jensen mottok mandag 6. februar 2017 utredningen fra utvalget som har vurdert hvordan delingsøkonomien kan bidra til mer effektiv ressursbruk.

– Digitalisering og teknologisk utvikling representerer fantastiske muligheter og kan gi oss mange fordeler hvis vi bruker mulighetene og møter utfordringene riktig. Utvalget har gjort et grundig arbeid som gir oss et godt grunnlag for å vurdere hvordan vi kan legge til rette for delingsøkonomien, sier finansminister Siv Jensen.

Utvalget har vært ledet av Tommy Staahl Gabrielsen, professor ved Universitetet i Bergen. Et hovedbudskap fra utvalget er at delingsøkonomi kan gi sterkere konkurranse, mer effektiv ressursbruk og større valgmuligheter for forbrukerne. Deling er ikke noe nytt – men med smarttelefoner og applikasjoner kan omfanget av tjenester som ytes person-til-person, bli langt større enn tidligere. Siden dagens regelverk på mange områder ble utformet lenge før mulighetene med den digitale teknologien var kjent, passer ikke reglene alltid like godt for de nye forretningsmodellene. Dessuten har både tjenesteytere, forbrukere og plattformer i delingsøkonomien behov for mer informasjon om sine rettigheter og plikter.

– Regjeringen vil bidra til en enklere hverdag for folk, og vi vil prioritere tiltak som fremmer verdiskaping, innovasjon og entreprenørskap. Da er framveksten av delingsøkonomien positiv. Delingsøkonomien kan trekke flere ressurser inn i økonomien og gi nye inntektsmuligheter for personer med svak tilknytning til arbeidslivet. Dette kan løfte sysselsettingen og verdiskapingen. Samtidig er det viktig at konkurransen mellom nye aktører og tradisjonelle bedrifter foregår på mest mulig like vilkår, og at delingsøkonomien også bidrar med sin del av skatteinntektene, sier finansminister Siv Jensen.

Regjeringen er allerede i gang med å se på blant annet skattebehandling av delingsøkonomien. Nylig mottok finansministeren en rapport fra Skattedirektoratet om spørsmål som delingsøkonomien reiser på skatteområdet. Regjeringen vil nå gå gjennom både utvalgets utredning og Skattedirektoratets rapport. Finansdepartementet vil sende utvalgsrapporten ut på en bred offentlig høring for å få ulike synspunkter og innspill.

[Se utvalgets pressemelding for mer om utvalgets forslag](#)

Les mer:

[NOU 2017: 4](#)

[Pressemelding fra utvalget](#)

[Nett-TV fra fremleggelsen av rapporten](#)

[Lysark brukt under presentasjonen](#)

Denne e-posten er beregnet for den institusjon eller person den er rettet til og kan være belagt med lovbestemt taushetsplikt. Dersom e-posten er feilsendt, vennligst slett den og kontakt Finansdepartementet.

This email is confidential and may also be privileged. If you are not the intended recipient please delete this e-mail and

notify the Ministry of Finance, Norway, immediately.

Tenk miljø - ikke skriv ut denne e-posten med mindre det er nødvendig

R-føle

Ordf.

Fra: Alfred Bjørlo <Alfred.Bjorlo@eid.kommune.no>
Sendt: 7. februar 2017 17:56
Emne: Til landets ordførarar: Opprop om framtida til landforsvaret
Vedlegg: Brev statsråden åpenhet LMU 25012017.pdf; Openheit og innsyn om framtida til land.docx

HERØY KOMMUNE	
RÅDMANNEN	
Reg.nr.	Saksbeh.
8 FEB. 2017	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Nordfjordeid, 7. februar 2017

Til alle landets ordførarar (OBS: Denne e-posten er identisk med e-post sendt ut kl 07:57 i dag – men blir her sendt ut til ei oppdatert e-postliste. Fekk du e-posten i dag tidleg, kan du berre slette den du får no. Og takk til dei ca 50 som allereie har svart!)

Opprop om framtida til landforsvaret

I samband med vedtak av Langtidsplanen for Forsvaret på Stortinget i haust sende alle ordførarane i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal eit felles opprop til Stortinget om framtida til Heimevernet. Vi understreka der kor viktig det er å sikre eit sterkt forsvar over heile landet som del av samfunnsberedskapen både i krig og fredstid.

I vedtaket av ny Langtidsplan for Forsvaret i desember, utsette Stortinget spørsmålet om framtidig organisering av Landforsvaret (Hær og Heimevern). Det vart i staden sett i gang ei stor fagleg utgreiing av saka i regi av Forsvarssjefen (Landmaktutredninga), som så skal leggast fram for Stortinget som del av statsbudsjettet for 2018 (altså i oktober 2017).

Nyleg har 13 Forsvarsorganisasjonar med brei forankring over heile landet gått ut med eit tydeleg krav om at innhaldet i denne Landmaktutredninga ikkje må «leggast lokk på» til Statsbudsjettet, men bli offentleggjort og bli gjenstand for offentlig debatt og innspel når ho er ferdig frå Forsvarssjefen si side i vår.

For oss som kommunar er dette svært viktig – ikkje minst på grunn av Heimevernet si heilt avgjerande rolle i lokalt beredskapsarbeid i dag, slik norske kommunar er pålagt gjennom lov å ha ansvar for. Det er også urovekkande signal om at Heimevernet allereie er i ferd med å bli bygd ned i 2017 – før Landmaktutredninga er avslutta og politisk behandla.

Eg vonar difor flest mulig av landets ordførarar kan slutte seg til vedlagt brev til Forsvarsdepartementet med krav om openheit og innsyn i prosessen om framtida for Landforsvaret i Noreg (vedlagt Word-fil). Har også til orientering lagt ved brevet som allereie er sendt om saka frå dei 13 forsvarsorganisasjonane (pdf-fil). Initiativet kjem no i første omgang frå oss 7 Venstre-ordførarane i landet, men vi vonar dette kan bli eit opprop med brei politisk og geografisk støtte før det blir sendt inn til Forsvarsministeren.

Brevet er utforma i ein nøktern stil med fokus på saka, og er ikkje meint å ha «politisk slagside» utover å understreke kor viktig det er frå ein kommunal ståstad med eit sterkt landforsvar med lokal forankring over heile landet.

Ta gjerne kontakt om du har spørsmål!

Beste helsing

Alfred Bjørlo
Ordførar Eid kommune
Tlf: +47 480 82 652
Epost: alfred.bjorlo@eid.kommune.no
Rådhusvn 11, 6770 Nordfjordeid



Sjå også
<http://eid.kommune.no/>
<http://nordfjordeid.no/>



Statens vegvesen

Referat

Dato: 12.01.2017
Tid: 12:00–14:00
Referent: Vidar Neraas

Saksbehandler/telefon:
Vidar Neraas / 71274773
Vår dato: 12.01.2017
Vår referanse: 15/230244-6

Referat – Møte med Herøy kommune 12.01.2017

Møte nr.: Fyll inn.
Sted: Herøy rådhus
Møteleder: Vidar Neraas
Til stede: SVV: Pernille Ibsen Lervåg, Robin Sætre, Kristin Fostervold, Arne Leikanger og Vidar Neraas – Herøy kommune: Jarl Martin Møller, Olaus-Jon Kopperstad og Arnulf Goksøy
Forfall: Fyll inn.
Kopi:

	Ansvar / frist
<p>Innledning og orienterer om bakgrunnen for planoppstart av Vidar Neraas</p> <p>Det ble stilt spørsmål om at møtet skal betraktes som et oppstartsmøte for reguleringsplan Skarabakken. Det ble fremmet ønske fra Herøy kommune om at dette ble avvent til man fikk diskutert behovet og at man skulle gå for ny reguleringsplan.</p> <p>Planlagte tiltak vil komme utenfor gjeldene reguleringsplan. Det er derfor behov for ny plan for å få ekspropriasjonshjemmel. Kristin Fostervold orienterte om problemstillinger knyttet til grunneierforhandlingene.</p> <p>Kommunen orientere om at de også har hatt samtaler med grunneiere, og</p>	

	Ansvar / frist
<p>mener det er mulig å bygge uten ny reguleringsplan. Spørsmålet kommunen stiller; er det behov for ny reguleringsplan og kan man gå en ny runde med grunneierne? Dette på grunn av at kommunen er skeptisk til en lang planprosess, og dersom dette går i orden, kan utbedring av vegen bygges på dispensasjon. Bestilling fra kommunestyret i Herøy er å legge til rette for en utbedring av Skarabakken, og særlig for mjuke trafikanter, og ønsket er at vi kan komme i gang med bygging så fort som mulig.</p> <p>For å spare tid ble det foreslått at man kjører to parallelle prosesser, der det varsles oppstart mens man samtidig starter grunnforhandlinger. Får man da på plass grunnavtalene, kan man eventuelt stoppe planprosessen.</p> <p>Robin orienterte om oppgradert alternativ for Skarabakken med bedre horisontal- og vertikalkurvatur. Kommunen er positiv til ei oppgradering som skissert og er klar på at Skarabakken vil ha ein viktig funksjon i fremtiden. Uavhengig oppgradering av Skarabakken, som skissert i møtet, vil ein ny innfartsveg vere svært viktig for Fosnavåg. Hovedformålet med ny innfartsveg er å unngå tungtrafikk gjennom trange sentrumsgater og -kryss. Kommunen har lagt ned ca. 10-12 mill. til bygging av nytt kryss fra fylkesveg 654 mot skole og idrettsanlegg.</p>	
<p>Spørsmålet om man skal må ha reguleringsplan eller ikke må tas opp med ledelsen i Statens vegvesen og vegeier, Møre og Romsdal fylkeskommune.</p>	Vidar

Fra: Neraas Vidar [<mailto:vidar.neraas@vegvesen.no>]

Sendt: 31. januar 2017 07:32

Til: Jarl Martin Møller

Emne: Referat møte vedrørende Skarabakken

Hei.

Viser til tidligere kommentarer til referatet. De er innarbeidet og endelig referat oversendes herved.

Med hilsen

Vidar Neraas

Seksjon: Plan- og trafikkseksjonen Møre og Romsdal

Postadresse: Statens vegvesen Region midt, Postboks 2525, 6404 MOLDE

Besøksadresse: Bjørnstjerne Bjørnsons veg 6, MOLDE

Telefon: +47 71274773 **Mobil:** +47 91825092 **e-post/Lync:** vidar.neraas@vegvesen.no

www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-midt@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Trenger du å skrive ut denne e-posten?